

# Kartlegging av naturtyper i Nesset kommune



**Rapport J. B. Jordal  
nr. 6-2005**

Utførende konsulent: Biolog John Bjarne Jordal 6610 Øksendal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@c2i.net	ISBN-nummer: 82-92647-06-7
Oppdragsgjevar: Nesset kommune 6460 Eidsvåg i R.	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Hogne Frydenlund	År: 2005
<b>Referanse:</b> Jordal, J. B. 2005: Kartlegging av naturtypar i Nesset kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 6-2005. 162 s.		
<b>Referat:</b> Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar og raudlisteartar i Nesset kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 135 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmarg og fjell. Fleirtalet av desse er nye basert på feltarbeid, rundt 25 var i den tidlegare Naturbasen til fylket, og ein del fleire fanst i litteraturen. Det er gjort 284 funn av 91 nasjonale raudlisteartar av biller, sommarfuglar, lav, mosar, planter og sopp. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Nesset sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane kulturlandskap med naturbeitemarkar og hagemarkar med hassel og styva alm, skog med edellauvskog, gammal lauv- og furuskog, berg og rasmarg med sørvendte berg og rasmargar og kalkrike fjellområde med rik, basekrevande flora. Det er og utført litt viltkartlegging. Nesset kommune har fleire verneområde i skog og fjell. Dei er oppretta for å ta vare på planteliv og/eller fugle- og dyrelivet. I tillegg er Visavassdraget omfatta av Verneplan IV.		
<b>Emneord:</b>		
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	
Planter	Kulturlandskap	
Sopp	Myr	
Mose	Skog	
Lav	Rasmarg	
Insekt	Fjell	
Fugl	Pattedyr	
<b>Framsidedeilete:</b> <i>Øvst t.v.: Utsikt frå Eidshaugen mot Sunndalsfjorden med Meløya. Eidshaugen har einskilde parti med god berggrunn og kalkkrevande planter.</i> <i>Øvst t.h.: Utsikt frå Gauprørfjellet mot Tjellefonna. Her gjekk eit enormt ras i 1756 som utløyste ei stor flodbølge og gjorde stor skade. I dag er her m.a. edellauvskog og eldre lauvskog med osp. Klimaet på nordsida av Langfjorden er både varmt, fuktig og vintermildt med mange kystbundne artar.</i> <i>Midten t.v.: Biltetet viser Øvregardssetra i Vistdalen (Gauprørfjellet). Her vert det framleis beita, og i tillegg finst parti med rikare berggrunn og kalkkrevande plantesamfunn.</i> <i>Midten t.h.: Utsikt frå edellauvskogen under Goksøyra mot Øverås og Eikesdalsvatnet. Mellom Boggestranda og Eikesdalen finst omtrent samanhengande edellauvskogsområde på solsida, eit av dei største områda i fylket med denne naturtypen.</i> <i>Nedst t.v.: Gammal kulturskapt hasselskog ved skytebanen i Eikesdalen. Innfelt styva alm. Styving tyder at ein henta vinterfor til husdyra ved å hausta greiner med nokre års mellomrom. Dei gamle kulturskogane i Eikesdalen er særmerkte i landssamanheng og bakgrunnen for at området i 1994 vart utplukka som eitt av 104 særleg verdifulle kulturlandskap i landet.</i> <i>Nedst t.h.: Utsikt frå Finnsetlia nedover Eikesdalen. Den tronge dalen har eit særleg varmt sommarklima, og mange sjeldne insekt og sopp har nordgrensene sine her.</i>  <i>Alle foto: John Bjarne Jordal ©.</i>		

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Nesset kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd eigne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Nesset kommune av biolog John Bjarne Jordal. Arbeidet er finansiert av Nesset kommune og Møre og Romsdal fylke. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging. Møre og Romsdal Fylke har digitalisert karta. Informasjonen er generelt ajour pr. januar 2005, men funn av raudlisteartar er oppdatert i november 2005 før rapporten gjekk i trykken.

Forfattaren ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 15.12.2005

John Bjarne Jordal  
prosjektansvarleg

# INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>7</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>13</b>
BAKGRUNN .....	13
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	13
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD .....	13
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....	14
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....	15
FORMÅLET MED RAPPORTEN .....	16
NØKRE BEGREP .....	16
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>18</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	18
VERDSETTING OG PRIORITERING .....	20
PRESENTASJON .....	22
<b>NATURGRUNNLAG</b> .....	<b>23</b>
HISTORIKK OMKRING UTFORSKINGA AV NESSET-NATUREN .....	23
LANDSKAP M.M. ....	25
KLIMA .....	25
GEOLOGI .....	26
LAUSMASSAR .....	26
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING .....	26
<b>HOVDNATURTYPAR</b> .....	<b>28</b>
HAVSTRAND/KYST .....	28
KULTURLANDSKAP .....	28
SKOG .....	29
MYR .....	30
FERSKVATN .....	30
BERG, RASMARK OG KANTKRATT .....	31
FJELL .....	31
<b>LOKALITETAR</b> .....	<b>32</b>
OVERSIKT .....	32
1 FRESSVIKIA: SKRØBUKTA (GAMMAL LAUVSKOG) .....	32
2 MEISAL: LIASETRA (NATURBEITEMARK) .....	32
3 MEISAL: VEST FOR FINNSET (RIKMYR) .....	33
4 MEISAL: EIDSHAUGEN, AUST-HELLINGA (RIKMYR) .....	33
5 MEISALFJELLET: EIDSHAUGEN, SØRVEST-HELLINGA (RIKMYR, KJELDE) .....	34
6 MEISALFJELLET: LITLEHAUGEN (RIK FJELLVEGETASJON) .....	34
7 RAUDSAND: BERSÅSMYRENE (RIKMYR, HØGMYR) .....	35
8 RAUDSAND: RAUDSANDELVA (BEKKEKLØFT) .....	35
9 EIDSVÅGEN: EIDSVÅGELVA, ØVRE DEL (VIKTIG BEKKEDRAG) .....	36
10 EIDSVÅGEN: EIDSVÅGELVA, NEDRE DEL (VIKTIG BEKKEDRAG) .....	36
11 EIDSVÅGEN: EIDSVÅGLEIRA (BRAKKVASSDELTA) .....	37
12 EIDSVÅGEN: NESSET PRESTEGARD LOK. 1 (SKOGSBEITE M.M.) .....	38
13 EIDSVÅGEN: NESSET PRESTEGARD LOK. 2 (ASKEALLÉEN) .....	38
14 EIDSVÅGEN: KLEPPEN (RIKMYR) .....	39
15 EIDSVÅGEN: ÅSSETERHAUGEN (RIKMYR) .....	39
16 RØD: ORAHAMMAREN (GAMMAL LAUVSKOG) .....	40
17 RØD: KVERNBERG (SVARTOR) .....	40
18 RØD: LEIRA (HAVSTRAND) .....	40
19 RØD: VEST FOR HAGKLEIVA (RIK EDELLAUVSKOG) .....	41
20 RØD: RØDLIA (RIK EDELLAUVSKOG) .....	41
21 RØD: RØDVIKA GNR/BNR 15/3 (RIK EDELLAUVSKOG) .....	42
22 RØD: RØDLIA GNR/BNR 15/9 .....	43

23 RØD: TROLLMYRA GNR/BNR 15/8 (RIK EDELLAUVSKOG).....	43
24 RØD: RAMSELIA, OVANFOR TROLLMYRA (RIK EDELLAUVSKOG) .....	44
25 RØD: YTRE RØD-TROLLMYRA (ARTSRIK VEGKANT).....	44
26 RØD: VEST FOR TROLLMYRA (RIK EDELLAUVSKOG) .....	45
27 TJELLE: KVAMLIELVA (GAMMAL LAUVSKOG).....	45
28 TJELLE: SETERLIA (GAMMAL LAUVSKOG).....	46
29 RØDFJELLET: SØR FOR FUGLESKARHAUGEN (RIKMYR).....	47
30 RØDFJELLET: RØDSETRANE: DALASETRA (NATURBEITEMARK) .....	47
31 RØDFJELLET: RØDSETRANE: HAUGSETRA (NATURBEITEMARK).....	47
32 RØDFJELLET: VETTAVATNA-FUGLESKARHAUGEN (RIKMYR) .....	48
33 GUSJÅSEN: BLÅBERGET (DALAN) (GAMMAL SKOG) .....	49
34 GUSJÅSEN: VESTSIDA AV VETAFJELLET (GAMMAL SKOG).....	49
35 GUSJÅSEN: STORMYRA (INTAKT LÅGLANDSMYR) .....	50
36 GUSJÅSEN: STORELVA (MEANDRERANDE ELV, GRÅOR-HEGGESKOG).....	50
37 GUSJÅSEN: UTLØPET AV STORELVA (DELTAOMRÅDE).....	51
38 GUSJÅSEN: PLASSABEKKEN/SAGBEKKEN (GAMMAL LAUVSKOG) .....	51
39 TJELLE: BARSTEINTJERNET NATURRESERVAT (GAMMALSKOG).....	52
40 TJELLE: NORDVEST FOR GAMMELSETERVATNET (GAMMAL FURUSKOG).....	52
41 TJELLE: VEST FOR GAMMELSETERVATNET (GAMMAL LAUVSKOG).....	53
42 TJELLE: SØR FOR GAMMELSETERVATNET (GAMMAL LAUVSKOG).....	54
43 TJELLE: NORD FOR SETERHAUGEN (GAMMAL LAUVSKOG).....	54
44 LANGFJORDEN: TJELLEFONNA (GAMMAL LAUVSKOG).....	55
45 LANGFJORDEN: GAMSGRØA (RIK EDELLAUVSKOG).....	55
46 LANGFJORDEN: VED SKJERINGSÅA (AUST FOR BARSTEINEN) (EDELLAUVSKOG).....	56
47 LANGFJORDEN: URAHAMMAREN AUST FOR BARSTEINEN (EDELLAUVSKOG) .....	57
48 LANGFJORDEN: NEDANFOR BARSTEINEN V. VEGEN (STORE GAMLE TRE) .....	57
49 LANGFJORDEN: NEDANFOR BARSTEINEN (EDELLAUVSKOG).....	58
50 LANGFJORDEN: BARSTEINEN (NATURBEITEMARK).....	58
51 LANGFJORDEN: KRISTIBERGA VEST FOR BARSTEINEN (GAMMAL LAUVSKOG, EDELLAUVSKOG).....	59
52 LANGFJORDEN: RANVIKA: OVANFOR RANVIKA (RIK EDELLAUVSKOG).....	59
53 LANGFJORDEN: RANVIKA: VEST FOR VIKA (GAMMAL LAUVSKOG).....	60
54 LANGFJORDEN: RANVIKA: ÅRAMSETRA (NATURBEITEMARK).....	60
55 LANGFJORDEN: HESTAD: VED BLOMBEKKELVA (RIKMYR) .....	61
56 LANGFJORDEN: HESTAD: TEPPINGMYRA (RIKMYR).....	61
57 LANGFJORDEN: HESTAD (GAMMAL GRANSKOG).....	62
58 LANGFJORDEN: HESTADRØRA (RIK EDELLAUVSKOG) .....	62
59 LANGFJORDEN: VEST FOR RÅKHAUGEN VED BUVIKA (EDELLAUVSKOG).....	63
60 LANGFJORDEN: HOÅDALEN-STORFARBEBEKKEN VEST FOR BUVIKA (EDELLAUVSKOG).....	64
61 LANGFJORDEN: SALTBERGET VEST FOR BUVIKA (EDELLAUVSKOG).....	64
62 ERESFJORDEN: KLEIBJØRKNESET-ERNESET (EDELLAUVSKOG M.M.) .....	65
63 ERESFJORDEN: VEST FOR SØLÅTTA (EDELLAUVSKOG M.M.) .....	65
64 ERESFJORDEN: SKJERHALSEN - SPELVIKA NORD FOR UT-BOGGE (EDELLAUVSKOG) .....	66
65 ERESFJORDEN: NORD FOR BOGGETUNELLEN (EDELLAUVSKOG).....	66
66 ERESFJORDEN: BOGGE: VED BOGGESETRA (RIKMYR) .....	67
67 ERESFJORDEN: BOGGE: HAGBØ (SLÅTTEENG) .....	67
68 ERESFJORDEN: BOGGE: HAGBØ (NATURBEITEMARK).....	68
69 ERESFJORDEN: NORD FOR GRYTNESET (EDELLAUVSKOG).....	68
70 ERESFJORDEN: GODVIKELVA/LANGFONNA (EDELLAUVSKOG) .....	69
71 ERESFJORDEN: NORD FOR STRANDA (EDELLAUVSKOG).....	69
72 ERESFJORDEN: STRANDA (SLÅTTEENG).....	70
73 ERESFJORDEN: SØR FOR STRANDA (EDELLAUVSKOG).....	70
74 ERESFJORDEN: STEINFONNKJEFTEN (EDELLAUVSKOG) .....	71
75 ERESFJORDEN: NAUSTE NATURRESERVAT (BRAKKVASSDELTA) .....	72
76 ERESFJORDEN: EIRA VED FAGERSLETT (GRUSØR) .....	72
77 ERESFJORDEN: EIRA VED SIRA (GRUSØR).....	73
78 ERESFJORDEN: KANNDALEN (RIKMYR) .....	73
79 ERESFJORDEN: KANNDALEN: STORSTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	74
80 ERESFJORDEN: KANNDALEN: GADDHAUGANE (NATURBEITEMARK) .....	74
81 ERESFJORDEN: STEINSVOLL (EDELLAUVSKOG).....	75
82 ERESFJORDEN: NERÅS-ØVERÅS UNDER GOKSØYRA (EDELLAUVSKOG) .....	75
83 EIKESDALSVATNET: STRANDA (EDELLAUVSKOG) .....	75
84 EIKESDALSVATNET: FLØTA (EDELLAUVSKOG).....	76

85 EIKESDALSVATNET: VIKE: NORD FOR VIKEELVA (RASMARK/EDELLAUVSKOG) .....	77
86 EIKESDALSVATNET: VIKE: MJØLVICA (BJØRKEHAGE) .....	77
87 EIKESDALSVATNET: VIKE (EDELLAUVSKOG M.M.) .....	78
88 EIKESDALSVATNET: HOEM: GEITREITEN (NATURBEITEMARK).....	78
89 EIKESDALSVATNET: HOEMSDALEN (EDELLAUVSKOG) .....	79
90 EIKESDALSVATNET: HOEMSETERFLØTA-HOEMSETRA (EDELLAUVSKOG).....	79
91 EIKESDALSVATNET: HOEMSTIND MOT HOEMSDALEN (RIK FJELLVEGETASJON) .....	80
92 EIKESDALSVATNET: ØVRE VIKE-VIKESETRA (EDELLAUVSKOG).....	80
93 EIKESDALSVATNET: YTRE BJØRK-ØVRE BJØRK (EDELLAUVSKOG) .....	82
94 EIKESDALSVATNET: LJÅSTRANDA-SANDODDAN (EDELLAUVSKOG).....	82
95 EIKESDALSVATNET: KATTHAMMAREN (BERG) .....	83
96 EIKESDALSVATNET: NORD FOR RANGÅNA (EDELLAUVSKOG) .....	84
97 EIKESDALSVATNET: LAVRANSFLØTA (EDELLAUVSKOG).....	84
98 EIKESDALSVATNET: JUTNESET NATURRESERVAT (EDELLAUVSKOG).....	84
99 EIKESDALEN: MARDALSBOTNEN-KOBBSVAET (EDELLAUVSKOG) .....	85
100 EIKESDALEN: LANGS MARDØLA (GRÅOR-HEGGESKOG, BEKKEKLØFT) .....	86
101 EIKESDALEN: UNDER MARDALSFOSSEN (FOSSEENG) .....	86
102 EIKESDALSFJELLA: LITLIFJELLET (RIK FJELLVEGETASJON).....	87
103 EIKESDALEN: MARDALEN: ALMELIA (STYVA ALMER) .....	87
104 EIKESDALEN: MARDALEN (GAMMAL FURUSKOG).....	88
105 EIKESDALSFJELLA: BØRA (RIK FJELLVEGETASJON).....	89
106 EIKESDALEN: TYVIKA-LITJVATNET (EDELLAUVSKOG).....	89
107 EIKESDALEN: SANDGROVA (NATURBEITEMARK).....	90
108 EIKESDALEN: LITJVATNET: LANG-HATLANE (EDELLAUVSKOG).....	91
109 EIKESDALEN: LITJVATNET: DIGERURDA M.M. (GAMMAL EDELLAUVSKOG) .....	91
110 EIKESDALEN: LITJVATNET: KJØTØYA (MUDDERBANKAR).....	92
111 EIKESDALEN: STAKKENGONNA NATURRESERVAT (VED KJØTÅA, EDELLAUVSKOG) .....	92
112 EIKESDALEN: AUST FOR SÆTER (RASMARKER) .....	93
113 EIKESDALEN: ESPE NORD FOR FINNSET (EDELLAUVSKOG).....	94
114 EIKESDALEN: MELLOM SÆTRA OG FINNSET (NATURBEITEMARK).....	94
115 EIKESDALEN: FINNSET: STORURA (RASMARK).....	95
116 EIKESDALEN: SKARBEEKEN-SLETTET SØRAUST FOR FINNSET (RASMARK, EDELLAUVSKOG) ..	95
117 EIKESDALEN: FINNSET: GJERDALIA (NATURBEITEMARK) .....	96
118 EIKESDALSFJELLA: GRAVDALEN (NATURBEITEMARK) .....	96
119 AURSJØEN: VED IVARTJØNNA (MYR M. DVERGTETTEGRAS).....	97
120 EIKESDALSFJELLA: SLOTTHØ MOT BLÅBOTNEN (RIK FJELLVEGETASJON).....	97
121 LJØSÅBOTNEN: VESTSIDA AV SAUFJELLET (RIK FJELLVEGETASJON).....	98
122 ERESFJORDEN: HUSBYSETRA (NATURBEITEMARK).....	98
123 VISTDALEN: KVITHAMMAREN (EDELLAUVSKOG M.M.).....	99
124 VISTDALEN: AUST FOR OPPDAL (EDELLAUVSKOG M.M.) .....	99
125 VISTDALEN: NORDAUST FOR BERSET (GAMMAL LAUVSKOG M.M.).....	100
126 VISTDALEN: HUSFJELLET-STORNEBBA (EDELLAUVSKOG) .....	100
127 VISTDALEN: VISAØRA (BRAKKVASSDELTA) .....	101
128 VISTDALEN: GAUPRØRFJELLET, NEDANFOR ØVREGARDSETRA (RIKKJELDER).....	101
129 VISTDALEN: GAUPRØRFJELLET: ØVREGARDSETRA (NATURBEITEMARK) .....	102
130 VISTDALEN: GAUPRØRFJELLET: GAUPRØRSETRA (NATURBEITEMARK) .....	102
131 VISTDALEN: LANGEDALEN: HELLESETRA (NATURBEITEMARK) .....	103
132 VISTDALEN: LANGEDALEN: FALLMYRSLETTET (RIKMYR) .....	103
133 VISTDALEN: LANGEDALEN: GRØVELFJELLET (RIK FJELLVEGETASJON) .....	104
134 VISTDALEN: SANDNES (NATURBEITEMARK).....	104
135 VISTDALEN: KJØVDALEN: BERGSETSETRA (NATURBEITEMARK) .....	105
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS.....	105
<b>RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR.....</b>	<b>107</b>
SOPP.....	107
LAV .....	107
PLANTER .....	107
MOSAR.....	107
INSEKT.....	107
FUGL OG PATTEDYR .....	117
<b>KUNNSKAPSSTATUS .....</b>	<b>118</b>

OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET .....	118
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR .....	118
<b>KJELDER.....</b>	<b>120</b>
GENERELL LITTERATUR.....	120
LITTERATUR SOM BERØRER NESSET .....	121
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER .....	139
MUNNLEGE KJELDER.....	139
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>141</b>
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR .....	141
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR .....	152
FUGLELISTE FOR NESSET .....	155
<b>KART .....</b>	<b>160</b>

# SAMANDRAG

## *Bakgrunn og formål*

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd.

## *Metodikk*

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1997a), databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjende folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstillt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## *Historisk utforsking av Nasset-naturen*

Rapporten har ein gjennomgang av litteratur om naturen i Nasset frå opplysningstida på 1700-talet og fram til i dag. Mesteparten av kjeldene stammar frå tida etter 1970.

## *Naturgrunnlag*

Naturgrunnlaget i kommunen er kort skildra med omtale av landskap, geologi og lausmassar, klima og naturgeografiske tilhøve.

## *Naturtypar i Nasset*

Dei ulike naturtypane i Nasset er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Nasset er kulturlandskap (særleg hagemark med styvingstre og hassel i Eikesdalen, og naturbeitemarkar), myr (særleg rikmyr), sørvendt berg og rasmark og skog (særleg rik edellauvskog og gammal skog av fleire slag). Ferskvatn/våtmark og havstrand har etter måten få lokalitetar (jf. tabell 1 nedanfor).



Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Nesset fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>A</b>	<b>Myr (17 lok.)</b>				
A01	Intakt låglandsmyr	1	2		3
A02	Intakte høgmyrer		2		2
A03	Terrengdekkjande myr	1			1
A05	Rikmyr	1	13		14
A06	Kjelde og kjeldebekk		2		2
<b>B</b>	<b>Rasmark, berg og kantkratt (11 lok.)</b>				
B01	Sørvende berg og rasmarker	6	5		11
B02	Kantkratt	5	4		9
<b>C</b>	<b>Fjell (7 lok.)</b>				
C01	Kalkrike område i fjellet	3	3	1	7
<b>D</b>	<b>Kulturlandskap (40 lok.)</b>				
D01	Slåtteeuger		2	1	3
D03	Artsrike vegkantar		1		1
D04	Naturbeitemark	1	7	11	19
D05	Hagemark	8	2	1	11
D06	Skogsbeite	3	4	1	8
D12	Store, gamle tre		1	1	2
<b>E</b>	<b>Ferskvatn/ våtmark (9 lok.)</b>				
E01	Deltaområde	1			1
E02	Mudderbankar		1		1
E03	Kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti	2			2
E04	Større elvører		2		2
E05	Fossesprøytonar	2			2
E06	Viktige bekkedrag		2		2
<b>F</b>	<b>Skog (79 lok.)</b>				
F01	Rik edellauvskog	23	33	3	59
F02	Gammal edellauvskog	13	4		17
F03	Kalkskog	1	4		5
F04	Bjørkeskog med høgstauder	2	2	2	6
F05	Gråor-heggeskog	7	8		15
F06	Rikare sumpskog	2	3	1	6
F07	Gammal lauvskog	6	12	1	19
F08	Gammal barskog	2	4		6
F09	Bekkekløfter	1	1		2
<b>G</b>	<b>Havstrand/ kyst (4 lok.)</b>				
G02	Undervassenger		1	1	2
G05	Strandeng og strandsump	1	2	1	4
G07	Brakkvassdelta	1	2		3
<b>H</b>	<b>Andre viktige førekomst (fattig myr med dvergtettegras)</b>			1	1
<b>Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori</b>		<b>38</b>	<b>77</b>	<b>20</b>	<b>135</b>

I tabell 1 går det fram at det i Nesset er kjent 32 av dei 57 prioriterte naturtypane i DN-handboka. Dette er eit bra resultat og viser at naturen i Nesset er rik og variert.

## Viktige lokaliteter i Nesset

Nedanfor er lista opp alle lokaliteter i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetene er gjeve nummer frå 1 til 135.

Tabell 2. Viktige lokaliteter i Nesset. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokaliteter sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert reine viltområde, som ikkje inngår i metoden med naturtypekartlegging (DN 1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Fressviklia: Skrøbukta	Gammal lauvskog	B
2	Meisal: Liasetra	Naturbeitemark	C
3	Meisal: vest for Finnset	Rikmyr	B
4	Meisal: Eidshaugen, aust-hellinga	Rikmyr	B
5	Meisalfjellet: Eidshaugen, sørvest-hellinga	Rikmyr, kjelde og kjeldebekk	B
6	Meisalfjellet: Litlehaugen	Kalkrike område i fjellet	B
7	Raudsand: Bersåsmyrene	Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr, rikmyr	B
8	Raudsand: Raudsandelva	Bekkekjøfter, rik edellauvskog, gråor-heggeskog	B
9	Eidsvågen: Eidsvågrelva, øvre del	Viktig bekkedrag	B
10	Eidsvågen: Eidsvågrelva, nedre del	Viktig bekkedrag	B
11	Eidsvågen: Eidsvågleira	Brakkvassdelta, strandeng, undervassenger	B
12	Eidsvågen: Nesset prestegard lok. 1	Hagemark, rik edellauvskog, rikare sumpskog	C
13	Eidsvågen: Nesset prestegard lok. 2	Store, gamle tre	C
14	Eidsvågen: Kleppen	Rikmyr	B
15	Eidsvågen: Åsseterhaugen	Rikmyr	B
16	Rød: Orahammaren	Gammal lauvskog	C
17	Rød: Kvernberg	Rikare sumpskog	B
18	Rød: Leira	Strandeng/strandsump, undervasseng	C
19	Rød: vest for Hagkleiva	Rik edelløvsog	B
20	Rød: Rødlia	Rik edellauvskog	A
21	Rød: Rødvika gnr/bnr 15/3	Rik edellauvskog, rikare sumpskog	A
22	Rød: Rødlia gnr/bnr 15/9	Rik edellauvskog, rikare sumpskog	B
23	Rød: Trollmyra gnr/bnr 15/8	Rik edellauvskog	B
24	Rød: Ramselia, ovanfor Trollmyra	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark, kantkratt	A
25	Rød: ytre Rød-Trollmyra	Artsrik vegkant	B
26	Rød: vest for Trollmyra	Rik edellauvskog	B
27	Tjelle: Kvamielva	Gammal lauvskog	B
28	Tjelle: Seterlia	Gammal lauvskog, rik edellauvskog	B
29	Rødfjellet: sør for Fugleskarhaugen	Rikmyr	B
30	Rødfjellet: Rødsetrane: Dalasetra	Naturbeitemark	C
31	Rødfjellet: Rødsetrane: Haugsetra	Naturbeitemark	C
32	Rødfjellet: Vettavatna-Fugleskarhaugen	Rikmyr, terrengdekkjande myr	A
33	Gusjåsen: Blåberget (Dalan)	Gammal lauvskog, gammal barskog	B
34	Gusjåsen: vestsida av Vetafjellet	Gammal lauvskog, gammal barskog, rik edellauvskog	B
35	Gusjåsen: Stormyra	Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr	B
36	Gusjåsen: Storelva	Gråor-heggeskog, kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti, intakt låglandsmyr	A
37	Gusjåsen: utløpet av Storelva	Deltaområde, kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti, gråor-heggeskog	A
38	Gusjåsen: Plassabekken/Sagbekken	Gammal lauvskog	B
39	Tjelle: Barsteintjernet naturreservat	Gammal barskog, gammal lauvskog	A
40	Tjelle: nordvest for Gammelsetervatnet	Gammal barskog	A
41	Tjelle: vest for Gammelsetervatnet	Gammal lauvskog	B
42	Tjelle: sør for Gammelsetervatnet	Gammal lauvskog	B
43	Tjelle: nord for Seterhaugen	Gammal lauvskog	A
44	Langfjorden: Tjellefonna	Gammal lauvskog, rik edellauvskog	B
45	Langfjorden: Gamsgrøa	Rik edellauvskog	A

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
46	Langfjorden: ved Skjeringsåa (aust for Barsteinen)	Rik edellauvskog, gammel lauvskog	A
47	Langfjorden: Urahammaren aust for Barsteinen	Rik edellauvskog	B
48	Langfjorden: nedanfor Barsteinen v. vegen	Store gamle tre	B
49	Langfjorden: nedanfor Barsteinen	Rik edellauvskog, skogsbeite	B
50	Langfjorden: Barsteinen	Naturbeitemark (tidlegare slåtteeuger)	B
51	Langfjorden: Kristiberga vest for Barsteinen	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, rikare sumpskog	A
52	Langfjorden: Ranvika: ovanfor Ranvika	Rik edellauvskog, hagemark	A
53	Langfjorden: Ranvika: vest for Vika	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, rikare sumpskog	B
54	Langfjorden: Ranvika: Åramsetra	Naturbeitemark, skogsbeite	C
55	Langfjorden: Hestad: ved Blombekkelva	Rikmyr	B
56	Langfjorden: Hestad: Teppingmyra	Rikmyr	B
57	Langfjorden: Hestad	Gammal barskog	B
58	Langfjorden: Hestadrøra	Rik edellauvskog	B
59	Langfjorden: vest for Råkhaugen ved Buvika	Rik edellauvskog	B
60	Langfjorden: Hoådalen-Storfarbekken vest for Buvika	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog	A
61	Langfjorden: Saltberget vest for Buvika	Rik edellauvskog	B
62	Eresfjorden: Kleibjørkneset-Erneset	Rik edellauvskog, gammel lauvskog, høgstaudebjørkeskog, gråor-heggeskog	B
63	Eresfjorden: vest for Sølåtta	Rik edellauvskog, høgstaudebjørkeskog, gråor-heggeskog	B
64	Eresfjorden: Skjerhalsen - Spelvika nord for Ut-Bogge	Rik edellauvskog, kalkskog	B
65	Eresfjorden: nord for Boggetunellen	Rik edellauvskog, kalkskog	B
66	Eresfjorden: Bogge: ved Boggesetra	Rikmyr	B
67	Eresfjorden: Bogge: Hagbø	Slåtteeuger	B
68	Eresfjorden: Bogge: Hagbø	Naturbeitemark	B
69	Eresfjorden: nord for Grytneset	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, kalkskog	A
70	Eresfjorden: Godvikelva/Langfonna	Rik edellauvskog, kalkskog	B
71	Eresfjorden: nord for Stranda	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog, høgstaudebjørkeskog, gammel lauvskog	A
72	Eresfjorden: Stranda	Slåtteeuger	C
73	Eresfjorden: sør for Stranda	Rik edellauvskog, gammel lauvskog	A
74	Eresfjorden: Steinfonnkjeften	Rik edellauvskog	B
75	Eresfjorden: Nauste naturreservat	Brakkvassdelta, strandeng og strandsump	A
76	Eresfjorden: Eira ved Fagerslett	Større grusører, gråor-heggeskog	B
77	Eresfjorden: Eira ved Sira	Større grusører, gråor-heggeskog	B
78	Eresfjorden: Kanndalen	Rikmyr	B
79	Eresfjorden: Kanndalen: Storstølen	Naturbeitemark	C
80	Eresfjorden: Kanndalen: Gaddhaugane	Naturbeitemark	C
81	Eresfjorden: Steinsvoll	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog	B
82	Eresfjorden: Nerås-Øverås under Goksøyra	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog, sørvendt berg og rasmark, kantkratt	B
83	Eikesdalsvatnet: Stranda	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, hagemark	A
84	Eikesdalsvatnet: Fløta	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog	A
85	Eikesdalsvatnet: Vike: nord for Vikeelva	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog, gammel edellauvskog	B
86	Eikesdalsvatnet: Vike: Mjølrika	Hagemark	B
87	Eikesdalsvatnet: Vike	Rik edellauvskog, skogsbeite, hagemark	A
88	Eikesdalsvatnet: Hoem: Geitreiten	Naturbeitemark	B
89	Eikesdalsvatnet: Hoemsdalen	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, skogsbeite	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
90	Eikesdalsvatnet: Hoemseterfløta-Hoemssetra	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, skogsbeite	B
91	Eikesdalsvatnet: Hoemstind mot Hoemsdalen	Kalkrike område i fjellet	A
92	Eikesdalsvatnet: Øvre Vike-Vikesetra	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, skogsbeite	A
93	Eikesdalsvatnet: Ytre Bjørk-Øvre Bjørk	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog	A
94	Eikesdalsvatnet: Ljåstranda-Sandodan	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark, gammel edellauvskog, hagemark	A
95	Eikesdalsvatnet: Katthammaren	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, kalkskog, rik edellauvskog	B
96	Eikesdalsvatnet: nord for Rangåna	Rik edellauvskog	B
97	Eikesdalsvatnet: Lavransfløta	Rik edellauvskog	B
98	Eikesdalsvatnet: Jutneset naturreservat	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog, gammel edellauvskog, hagemark	A
99	Eikesdalen: Mardalsbotnen-Kobbessaet	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, hagemark	B
100	Eikesdalen: langs Mardøla	Gråor-heggeskog, bekkekløft	A
101	Eikesdalen: under Mardalsfossen	Fossesprøytsone	A
102	Eikesdalsfjella: Litlefjellet	Kalkrike område i fjellet	A
103	Eikesdalen: Mardalen: Almelia	Gammel edellauvskog, hagemark	A
104	Eikesdalen: Mardalen	Gammel barskog	B
105	Eikesdalsfjella: Børa	Kalkrike område i fjellet	A
106	Eikesdalen: Tyvika-Litjvatnet	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, gråor-heggeskog, høgstaudebjørkeskog, skogsbeite, sørvendte berg og rasmark, kantkratt	A
107	Eikesdalen: Sandgrova	Naturbeitemark, skogsbeite	B
108	Eikesdalen: Litjvatnet: Lang-Hatlane	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark, kantkratt	B
109	Eikesdalen: Litjvatnet: Digerurda m.m.	Gammel edellauvskog	A
110	Eikesdalen: Litjvatnet: Kjøtøya	Mudderbankar	B
111	Eikesdalen: Stakkengfonna naturreservat	Rik edellauvskog, gammel edellauvskog, hagemark, fosseeng	A
112	Eikesdalen: aust for Sæter	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog, gråor-heggeskog	A
113	Eikesdalen: Espe nord for Finnset	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
114	Eikesdalen: mellom Sætra og Finnset	Naturbeitemark	C
115	Eikesdalen: Finnset: Storura	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog	A
116	Eikesdalen: Skarbekken-Slettet søraust for Finnset	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog, gammel edellauvskog, hagemark	A
117	Eikesdalen: Finnset: Gjerdalia	Naturbeitemark	A
118	Eikesdalsfjella: Gravdalen	Naturbeitemark	B
119	Aursjøen: ved Ivartjøna	Andre viktige førekomstar	C
120	Eikesdalsfjella: Slotthø mot Blåbotnen	Kalkrike område i fjellet	B
121	Ljøsåbotnen: vestsida av Saufjellet	Kalkrike område i fjellet	B
122	Eresfjorden: Husbysetra	Naturbeitemark	C
123	Vistdalen: Kvithammaren	Rik edellauvskog, høgstaudebjørkeskog	C
124	Vistdalen: aust for Oppdal	Rik edellauvskog, høgstaudebjørkeskog	C
125	Vistdalen: nordaust for Berset	Gammel lauvskog, rik edellauvskog, gråor-heggeskog	B
126	Vistdalen: Husfjellet-Stornebba	Rik edellauvskog	B
127	Vistdalen: Visaøra	Brakkvassdelta, strandeng/strandsump, viltbiotop	B
128	Vistdalen: Gauprørfjellet, nedanfor Øvregardsetra	Rikmyr, kjelde og kjeldebekk	B
129	Vistdalen: Gauprørfjellet: Øvregardsetra	Naturbeitemark	C
130	Vistdalen: Gauprørfjellet: Gauprørsetra	Naturbeitemark	C
131	Vistdalen: Langedalen: Hellesetra	Naturbeitemark	B
132	Vistdalen: Langedalen: Fallmyrslettet	Rikmyr	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
133	Vistdalen: Langedalen: Grøvelvjellet	Kalkrike område i fjellet	C
134	Vistdalen: Sandnes	Naturbeitemark	B
135	Vistdalen: Kjøvdalen: Bergsetsetra	Naturbeitemark	C

### ***Raudlisteartar***

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 284 funn av 91 raudlisteartar av planter, mosar, sopp, lav og insekt i Nesset, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte.

### ***Kunnskapsstatus***

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står ein del att å undersøkje i skog (gammal skog, edellauvskog, sumpskog, bjørkeskog med høgstauder, gråor-heggeskog), i ferskvatn (stille og rennande), myr, og kulturlandskap (naturbeitemarkar, hagemarker og skogsbeite). Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Nesset er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar bør seinare også supplerast med oppdatering av viltkartet, og undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging og kartlegging av ferskvatn.

### ***Litteratur***

Ein eigen litteraturliste er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Nesset i denne basen ga 638 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

### ***Vedlegg***

I vedlegga er det presentert artslistar for einskildlokalitetar og fugleliste for heile kommunen. Vidare er det teke med nokre biletsider. Til slutt ligg kart over lokalitetar, markerte med lokalitetsnummer.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre. Denne runden av kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2005.

## Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

## Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til lek, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

# Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

## *Fysiske inngrep*

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

## *Endra driftsformer i jord- og skogbruk*

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapt naturtyper, m.a. slåtteeenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende, og t. d. insekter knytt til desse plantene får også problem. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar gå attende eller forsvinna, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved av ulike dimensjoner og med ulik nedbrytingsgrad. Urskog er i dag bortimot forsvunne, og gammalskog med mykje daud ved utgjør små areal. Område med biologisk verdifull skog, m. a. edellauvskog, har dei siste 50-100 åra i aukande grad vorte erstatta med gran, og sumpskog og myr har vorte drenert.

## *Spreiing av framande organismar*

Menneskeskapt spreiiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døy ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

**Platanlønn** er eit treslag som vart innført som pryd- og tuntre for rundt 250 år sidan. I dag har platanlønn etablert seg mange stader i Nesset. Platanlønn er svært konkurransesterk, og vil truleg utkonkurrere mange andre lauvtreslag, m.a. hassel. Platanlønn vil truleg ha ein negativ innverknad på det biologiske mangfaldet på lengre sikt, og bør derfor helst fjernast før dei tek til å setta frø. Kor realistisk dette er, vil vera avhengig av innsatsen, truleg har vi eit problem. **Mink** er ein annan art som er komen til og har spreidd seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra.

## *Overhausting*

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet. Ein kan og tenkja seg at einskilde artar med små bestandar (t.d. kvit skogfrue, mnemosynesommarfugl) kan vera utsett for samlararar (begge eksempelartane er no freda).

## *Forureining*

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk.

Langtransportert forureining frå andre land fører også til forsurening av innsjøer og elvar i Sør-Noreg, men forsuringa har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogennedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing. Nettet har i dag mange nordgrenser for sørlege artar, som vil kunne utbreia seg vidare nordover.

## **Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane**

### ***Verneområde***

Nettet kommune har fleire verneområde tilknytt edellauvskog og fjell. Elles er Visavassdraget verna mot kraftutbygging i verneplan IV. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

### ***Resterande areal***

På dei resterande delene av arealet i Nettet kommune er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han ekspropria, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

### ***Aktiv sikring***

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

### ***Passiv sikring***

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001).

### ***Grunneigaravtalar***

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. Frivillig vern i skogbruket er likevel ei interessant ordning dersom ho kan nyttast til å sikra verdifulle skogsområde. Denne ordninga inneber juridisk bindande avtalar og utløyser erstatning.

### ***Virkemiddel i landbruket***

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av slåtteenger, naturbeitemarker, styvingshager m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne. I skogbruket vert det i tillegg til naturtyperegistreringar også utført Miljøregistreringar i skog (MiS), som gjev grunnlag for å velgja ut nullhogstområde, eventuelt spesielle hogstmetodar for å ta miljøomsyn. MiS-registreringar er ein del av



sertifiseringa av skogeigar. Det kan gjevast tilskot (av kommunen) etter søknad etter §6 i Forskrift for nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Tilskot vert gjeve til meirkostnader som følgje av økonomisk tap for å avstå frå hogst eller leggja om skogsdrifta, det vert da inngått minimum 10 års avtale med kommunen.

## Formålet med rapporten

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## Nokre begrep

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauvskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Nesset er det alm, ask, svartor og hassel som er aktuelle. Det er noko usikkert om ask førekjem naturleg i Nesset. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Eutrof:** Næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er påverka av næringstilførsel. Det kjem da inn ei rekkje næringskrevande artar.

**Høgmyr:** Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatn, og der torvopphoping gjer at høgaste punkta ligg inne på myra. Ein viktig myrtype på kysten kallast atlantisk høgmyr.

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Jordvassmyr:** Myrtype der plantene får næring frå vatn som har vore i kontakt med mineraljord, til forskjell frå nedbørsmyr.

**Kontinental:** Som har å gjera med innlandet, langt frå havet. Vert bruka om eit klima med kald vinter og varm sommar, dvs. stor forskjell mellom sommar og vinter, og lite nedbør. Kontinentale planter og kontinentale vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette er oseanisk.

**Kontinuitet:** i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Mesotrof:** Ein mellomting mellom eutrof og oligotrof, svakt næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er litt påverka av næringstilførsel. Det kjem da inn ei einskilde næringskrevande artar.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

**Naturengplanter:** planter som er knytt til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed en parallell til beitemarkssopane.

**Nedbørsmyr:** Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Oligotrof:** Næringsfattig, vert bruka om ferskvatn som ikkje er påverka av næringstilsig.

**Ombrotrof myr:** Det same som nedbørsmyr, myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

**Oseanisk:** Som har å gjera med kysten og havet. Vert bruka om eit klima med mild vinter og kjøleg sommar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette er kontinental.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Rikmyr:** Jordvassmyr (sjå denne) med høg pH, ofte på grunn av lettforvitrelege basiske bergartar i grunnen. I denne myrtypen finst ei rekkje orkidéar, andre planter, mosar og anna som trivst berre i myr med høg pH.

**Signalart:** vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauring og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av forfattern. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett) og marine miljø (DN 2001) er ikkje nytta. Det er utført litt viltkartlegging etter DN (1996).

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

## Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Nesset. Underteikna har saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal laga ein litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune. Eit søk på Nesset i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

## Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar

Tabell 4. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Nesset, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Omtalar verdifulle kulturlandskap
Austigard (1974, 1978)	Skreiv om fugleliv i almar, og om ender i Eikesdalen.
Bendiksen m. fl. (1998)	Omtalar raudlisteartar av sopp, mange er kjent frå Nesset
Bugge (1993)	Oversikt over viktige edellauvskogsområde i fylket, mange lokalitetar i Nesset er omtala.
Dahl (1894a)	Undersøking av fjellplanter rundt Eikesdalen.
Elven m. fl. (1996)	Botaniske registreringar i Eikesdalen i samband med utviding av Dovrefjell nasjonalpark og oppretting av landskapsverneområde.
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen
Folkestad (1976a)	Skildrar naturkvalitetane i Nesset kommune
Folkestad (1977)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Fremstad & Elven (1997)	Omtalar platanlønn med utbreiingskart, også Nesset er med
Fylkesmannen i MR (1988)	Verneplanen for myr, omtalar Vettavatna m.m.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (1997a)	Naturbasen, utskrift for Nesset m. kart. Viktig kjelde med mange lokalitetar.
Fægri & Danielsen (1996)	Utbreiingskart for søraustlege planter, nokre artar er også kjent frå Nesset
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Nesset

<b>Kjelde</b>	<b>Kommentar</b>
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar
Gjærevoll (1990)	Utbreiingskart for fjellplanter, nokre artar også i Nesset
Grini & Botten (1991)	Skildringar av kulturlandskapet i Eikesdalen.
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Nesset
Gaarder & Oldervik (2004)	Rapport om evt. utviding av Barsteintjernet naturreservat i samband med frivillig vern av skog.
Gaarder & Stenberg (2002)	Konsekvensutgreiing for kraftline gjennom kommunen, mange lokalitetar er undersøkt og skildra
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Nesset
Gaare (1970)	Botaniske registreringar i fjellområda i samband med planer om kraftutbygging av Mardøla. M.a. omtale av ein ny stivsildrelokalitet.
Hagen (1973a, 1973b)	Botaniske undersøkingar av edellauvskogane på Øvre Vike og Tyvika-Litjvatnet.
Holten (1979)	Registreringar av interessante botaniske lokalitetar i kommunen.
Holten (1982)	Botaniske registreringar i planområdet for opprusting av Meisal kraftverk.
Holten (1995)	Botaniske registreringar i dårleg kjente deler av planområdet for oppretting av evt. landskapsvern (Langedalen, Meisalfjellet)
Holten m. fl. (1986b)	Omtalar fleire strandområde
Hånde (1969)	Omfattande botaniske undersøkingar av lauvskog i Eresfjord-Eikesdalen som del av hovudfagsoppgåve i vegetasjonsøkologi.
Jordal & Gaarder (1993, 1995, 1997, 1998a, 1998b, 1998c)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Jordal (1982)	Ornitologiske registreringar i planområdet for opprusting av Meisal kraftverk.
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Nesset
Jordal (1996)	Rapport om biologiske undersøkingar ved Nesset prestegard
Korsmo & Svalastog (1997)	Omtalar furuskogen i området som kallast "Barsteintjønna"
Korsmo (1975)	Undersøkingar av edellauvskog, mange lokalitetar
Melbø (2001a, 2001b)	Undersøkingar av det varig verna Visa-vassdraget.
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, m. a. Bersåsmyra, Vettavatna, og myrområde ved Storelva
Nauste (1973, 1976)	Artiklar om fugl i Eresfjord og på Eidsvåggleira
Nordhagen (1931)	Omfattande botaniske skildringar etter at professor Nordhagen vitja Eikesdalen i 1929.
Oldervik & Stenberg (2003)	Tilleggsutgreiing om kraftline gjennom kommunen, fleire lokalitetar er undersøkt og skildra
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos, Nesset er med
Skorgen (1988)	Marinbiologisk undersøking av Eidsvåggleire, prisoppgåve "unge forskere" i 1987.
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Stenberg (2000a)	Oversikt over hekkeområde for truga hakkespettar i fylket.
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing
Sunde & Grønningsæter (1999)	Registrering av flaggermus i heile fylket med ultralyddetektor, også frå Nesset.

### ***Museumssamlingar, databasar, Internett***

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter. Likeeins er det brukt egne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, regionalt sjeldne planter m.m.

### ***Innsamling frå personar***

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Nesset. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

## ***Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen***

I 1993-1998 har den eine av forfattarane (J. B. Jordal) saman med Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997, 1998a). Jordal (1996) har undersøkt området ved Prestegarden og Prestneset på oppdrag av Nesset kommune, kulturetaten. Resultata er m. a. nytta i opparbeiding av ein natursti. I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Nesset. Feltarbeidet i samband med denne rapporten er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

## ***Artsbestemming og dokumentasjon***

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994, 2004). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Følgjande personar har hjelpt til med bestemming av sopp: Tor Erik Brandrud, Gro Gulden, Machiel Noordeloos. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel har hjelpt til med bestemming og kontroll av viktige funn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999). Særleg interessante funn (planter, sopp, lav) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Mosar er sendt til Vitenskapsmuseet, NTNU, Trondheim. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

## **Verdsetting og prioritering**

### ***Generelt***

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

### ***Kriteriar og kategoriar***

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, kriteria frå vilthandboka er ikkje brukt (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

### ***Avvik frå DN-handboka i denne rapporten***

Rapportforfattaren er usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane vert sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner undertekna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

<b>A (svært viktig)</b>	større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. almlindeskog)
<b>B (viktig)</b>	mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar
<b>C (lokalt viktig)</b>	mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

<b>A (svært viktig)</b>	velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
<b>B (viktig)</b>	lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
<b>C (lokalt viktig)</b>	lokalitetar som er små eller litt atgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

## ***Viltlokalitetar***

Dette prosjektet har og omfatta midlar til viltkartlegging, som er nytta til ei oppdatering av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt viltkart. Storvilt er ikkje prioritert i denne omgang, sidan kunnskapen om dette i stor grad sit lokalt. Innsamling av data om hekkeområde for t. d. sjøfugl, rovfugl, hakkespettar, lommar eller ugler er prioriterte i prosjektet (viltobservasjonar). Desse er ikkje presenterte i rapporten, men overlevert på anna vis. Ein viser til handbok i viltkartlegging (DN 1996).

## ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihand

Rik fjellvegetasjon: raudsildre, stivsildre, gulsildre, fjellsmelle, fjelltistel, rukkevier, reinrose

Rikmyr: breiull, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr, stortviblad, engmarihand

Havstrand: t.d. havstorr, ishavsstorr, bogestorr, ålegras

Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

## ***Bruk av truga vegetasjonstypar***

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

## ***Område med dårlege data eller usikker status***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

# Presentasjon

## *Generelt*

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Nettetnaturen og om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel, og i tillegg har ein presentert kva artar frå Nettet som Norge har eit særskilt ansvar for i internasjonal samanheng. Siste kapitlet kjem med betraktningar og tilrådingar omkring framtidig forvaltning ut frå den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Nettet og ulike artslistar. Dette er både artslistar for heile kommunen for planter, sopp, lav og fugl, men i tillegg også ein del plante-, lav- og sopplistar frå einskildlokalitetar. Lavlistene stammar særleg frå undersøking av bergvegger og skog. Sopplistar for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap, i første rekkje naturbeitemark.

## *Områdeskildringar*

Dei einskilde lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

## *Kartavgrensing*

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlate til kommunen, som så har digitalisert dei. Avgrensingane vert ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befaringsferd for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

# NATURGRUNNLAG

## Historikk omkring utforskinga av Nettet-naturen

### *Før 1800*

Dei truleg første skriftlege skildringane av Nettet-naturen er frå siste halvdel av 1700-talet. Bortsett frå ei skildring av Tjelle-fonna frå 1761, var det H. P. Schnitler som kom med skildringar av natur og kultur i manus frå 1768 og 1789, seinare samla og avskrive av Bjørn Austigard og gjeve ut i bokform av Romsdal Sogelag i 1974. Gerhard Schøning var også innom Nettet i 1773, og skildringane hans vart gjevne ut i bokform i 1910. Eit sitat der Schøning omtalar Eikesdalen fortener ein plass her: "Her voxer desuden en stor Overflødighed af Hassel-Træer og det saadan Mængde, at man bruger Nødderne deraf til dermed at feede Sviin, og til Føde for dem om Vinteren. Det Eikisdalske Flæsk er derfor særdeles godt og velsmagende. Med løv på Træerne, med Skav og med Qviste af Alm, Birk og Rogn, underholdes her ogsaa Qvæget for det meeste Vinteren over, hvorimod Høet fornemmelig bruges til Foder for Heste."

### *1800-talet*

Utover 1800-talet aukar talet på kjelder. Den svenske botanikaren Lindeberg skriv mellom anna om Nettet i sine "Fortsatta excursions i Norge 1855". Han tok ein avstikkar til Eikesdalen frå Isfjorden via Meringdalsskardet. Av det han fann, er det ikkje særleg anna enn gullmyrklegg og fjellpyrd som er av interesse her. Men han nemner at prosten P. V. Deinboll under ei hastig gjennomreise tidlegare hadde funne aurskrinneblom og norsk malurt i Eikesdalen. Norsk malurt har ikkje vore funnen i moderne tid.

M. N. Blytt og sonen Axel Blytt kom med sin klassiske "Norges Flora" i perioden 1861-1876, og her var det med omtale av fleire plantefunn frå Nettet. Axel Blytt var sjølv i Eikesdalen i august 1881, og han skreiv om funna sine herifrå også i andre samanhengar (Blytt 1882a, 1892).

Jord og skog var også omtala i førre århundret, m.a. Deinboll (1846) "Om Jorddyrkningen i Romsdal Fogderie", Schiøtz (1871) "Om Skovforholdene i Romsdals Amt" og Helland (1895) "Jordbunden i Romsdals Amt". Helland skriv at det vert utført tønneband og hasselnøtter frå Eikesdalen (tidlegare inntil 200 tønner i året), men han opplyser at hasselskogen synest å ha gått attende på grunn av beiting. Om alm skriv Helland at ho vert brukt til krøtterfor.

På slutten av 1800-talet kjem dei første moderne fiskebiologane, m. a. A. Landmark med sin "Beskrivelse over Eiras/Auras vasdrag" i 1878 og J. O. Simonnæs sine skildringar av Aura og Eira i 1890 og Vistdalselva i 1906. Dette var handskrivne skildringar av vassdraga etter ein fast mal, og dei finst i fiskearkivet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Bastian Dahl si bok frå 1893 "Molde og Romsdalen. En reisehåndbok udg. af Molde og Romsdals turistforening" omtala også Nettet.

Konservator og botanikar Ove Dahl gjorde fleire raid gjennom fylket på 1890-talet. I Nettet undersøkte han berre områda mellom Aursjøen og Finnset øvst i Eikesdalen. Her fann han ved Løypåa rik fjellvegetasjon med m.a. reinrose, bergstorr, fjellfrøstjerne, rukkevier og det austlege fjellgraset rypebunke, som har få funn i Møre og Romsdal.

### *1900-1950*

I 1911 kom A. Helland si "Topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals Amt" med ein del informasjon om Nettet-naturen. Holmboe (1927) nemner revebjølle frå gardane Reitan, Utigard, Austigard og Oppigard med lærar Trond Utigard som kjelde. Ei viktig hending var da botanikaren Rolf Nordhagen reiste i Eikesdalen i 1929 og skreiv om funna sine (Nordhagen 1931). Her omtala han mellom anna hasselskogane på Vike som eineståande i både nasjonal og større samanheng ("Disse hasselskogene i Eikisdalen må antas å være de reneste og mest vidstrakte i hele Skandinavia"). Han undersøkte og edellauvskogane aust for Reitan. Han gjorde elles fleire viktige plantegeografiske oppdagingar, m.a stivildre på nordsida av Børa.

### *Etter 1950*


I 1952 skildra Oskar Hovde myrene i Nettet som ein lekk i Det Norske Myrselskap sine kartleggingar. Samstundes tok det til å koma fiskerisakkyndige undersøkingar i samband med Aura-utbygginga. I 1954 ga Rolf Nordhagen ut ein artikkel "Om borkebrød og treslaget alm i kulturhistorisk belysning" der han også henta stoff



frå reisa si i Eikesdalen. Utover på 1960- og 1970-talet kom ein straum av skrifter om fisket i Aura og Eira og konsekvensane av kraftutbygging. I 1969 kom ei sentral undersøking av lauvskogen i Eikesdalen av Per Steinar Hånde: "En plantesosiologisk undersøkelse av lauvskogssamfunn i Eikesdalsområdet med spesiell vekt på hasselskogen". Dette var ei omfattande avhandling, ei hovudfagsoppgåve i botanikk ved Universitetet i Oslo, som også har vore viktig for den rapporten du no sit og les. Same år kom Per Størmer med ei avhandling om mosar med ei sørleg og vestleg utbreiing i Noreg, der det også var med einskilde funn frå Nesset.

I 1970 kom Eldar Gaare med den første botaniske undersøkinga i samband med kraftutbyggingane. Dette var ei undersøking hovudsakleg av fjellområde. I 1970 kom også Mardøla-aksjonen og i etterkant av den også diverse litteratur om aksjonen og naturen som vart berørt. Utover 1970-talet byrja arbeidet med statlege verneplaner i regi av Miljøverndepartementet. Erik Hagen frå Tingvoll gjorde fleire befaringar i 1973 m. a. i Eikesdalen, med rapportar som i dag er vanskelege å få tak i (finst arkiverte hos Direktoratet for Naturforvaltning). Harald Korsmo gjorde fleire registreringar av potensielt verneverdige edellauvskogar i 1974 (Korsmo 1975). Fleire lokale naturinteresserte personar skreiv om naturen. M. a. skreiv Mareno Nauste om åkerrikse i Eresfjorden (1973) og om fuglelivet på Eidsvågleira (1976) i fugletidsskriftet Rallus. Bjørn Austigard skreiv om fuglelivet i gamle almar (1974), og om ender i Eikesdalen (1978). Botanikaren Asbjørn Moen starta arbeidet med kartlegging av verdifulle myrområde (1975) som vart fullført 9 år seinare (Moen 1984). I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar om område av interesse for friluftsliv og naturvern i fylket, såleis også ein rapport som omhandla Nesset. Dette er den første samla framstillinga av verdifull natur i kommunen. Frå slutten av 1970-talet kom fleire utgreiingar om konsekvensar av vasskraftutbyggingane for villrein, fugleliv, ferskvassfauna m.m.

Utover 1980-talet auka talet på titlar sterkt, om tema som villrein, jerv, aure og laks, ferskvassbiologi, botanikk, fugl osv. I 1982 kom rapportar om fugle- og planteliv i Meisalvassdraget i samband med planer om utvida kraftutbygging (Jordal 1982, Holten 1982), året etter også ferskvassbiologiske undersøkingar same stad (Nøst & Arnekleiv 1983). I 1986 kom rapporten om verdifulle strandområde i Møre og Romsdal (Holten m. fl. 1986a, 1986b), der også lokalitetar i Nesset vart skildra. I 1988 kom ein viktig rapport av T. Skorgen: "Eidsvågleira - en marinbiologisk undersøkelse". Dette var ei prisoppgåve i konkurransen "Unge Forskere" i 1987. I 1991 kom ein rapport laga for Fylkeslandbrukskontoret av Grini & Botten: Registrering av kulturlandskapet i Eikesdalen. I 1993 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for edellauvskog i fylket, med fleire lokalitetar i Eikesdalen (Bugge 1993). I 1994 kom ein rapport om kulturlandskap av nasjonal verdi i fylket vårt, ført i pennen av Siv Aksdal ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her var Eikesdalen eit av dei utplukka områda. I 1995 foretok Jarle Holten ved Norsk institutt for naturforskning ei botanisk befaring av fjellstroka vest for Vistdalen i samband med planer om utvida vern av Dovrefjell. I 1996 kom NTNU Vitenskapsmuseet med ein rapport om botaniske verdiar i Dovrefjell-området som berører delar av kommunen (Elven m. fl. 1996). Same året utførte underteikna ei biologisk registrering av Nesset prestegard på oppdrag av kommunen (Jordal 1996). I 1996 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med endeleg forslag til verneplan for edellauvskog i fylket, med to lokalitetar i Nesset. Av relevans for dette prosjektet er det elles at Fylkesmannen har gjeve ut ein samlerapport om registreringar av verdifulle kulturlandskap (Jordal & Gaarder 1999) og ein om raudlisteartar (Gaarder & Jordal 2001). Elles har det i løpet av 80- og 90-talet kome ei rekkje publikasjonar om ferskvassfisk, geologi, marinbiologi, og slike som nemner Nesset i forbifarten anten det er omtale av særskilte pattedyr, fuglar, planter, mosar m.m. Verdt å nemna er kanskje Sunde & Grønningsæter (1999), den første undersøkinga av flaggermus med ultralyddetektor, som dokumenterer artar ein elles ikkje har sjanse til å bestemma sikkert.



Figur 1. Talet på litteraturtitlar som berører Nessetnaturen etter tidsperiode dei siste 300 åra. Totalt vel 600 titlar er registrerte med søkeordet "Nesset" i litteraturdatabasen om naturen i Møre og Romsdal (sjå fullstendig ivesikt bak i rapporten).

Som ein ser på figur 1 ovanfor er det flest titlar om Nesset-naturen dei siste 50 åra, og særleg etter 1990.

## Landskap m.m.

Nesset er ein av kommunane i Romsdal fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Arealet (eksklusiv sjøareal) er oppgjeve til 1048,6 km<sup>2</sup>, noko som gjer Nesset til den 4. største kommunen i fylket (etter Sunndal, Rauma og Surnadal). Spennvidda i naturtypar er svært stor, frå djup fjord via grunner, holmar, skjer, strandberg, rolege sandstrender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit svært så alpint preg. I ytre delar er landskapet prega av avrunda åsar og mindre fjell, medan indre delar har høge fjell og somme kvasse tindar. Etter siste istida vart Nesset isfri for rundt 11-12000 år sidan (Nasjonatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 80-120 meter, mest i indre strok (Nasjonatlas for Norge, kartblad 2.3.3).

Tabell 6. Nokre geografiske data for Nesset kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Nesset kommune.

Parameter	Verdi
Areal (eksklusiv sjøareal)	1048,6 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	6,9 %
Skogareal	245 km <sup>2</sup>
Myrareal	26 km <sup>2</sup>
Strandline	92 km
Talet på øyar (samla areal)	4 (0,1 km <sup>2</sup> )
Talet på ferskvatn (samla areal)	956 (totalt 59,1 km <sup>2</sup> )
Areal 0-150 m o.h.	125 km <sup>2</sup> (11,9%)
Areal 150-300 m o.h.	72 km <sup>2</sup> (6,9%)
Areal 300-600 m o.h.	179 km <sup>2</sup> (17,1%)
Areal 600-900 m o.h.	201 km <sup>2</sup> (19,2%)
Areal 900-1200 m o.h.	241 km <sup>2</sup> (23,0%)
Areal 1200-1500 m o.h.	193 km <sup>2</sup> (18,4%)
Areal 1500-1800 m o.h.	35 km <sup>2</sup> (3,3%)
Areal 1800-2100 m o.h.	2 km <sup>2</sup> (0,2 %)

## Klima

Klimaet i Nesset varierer mykje frå ytre til indre strok. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane høge, i vestlege delar av Nesset kommune ligg temperaturen litt under 0°C som gjennomsnitt for januar, med -1,5°C i Eidsvågen. Aursjøen viser derimot eit heilt anna vinterklima, med -7,2°C i januarmiddel. Gjennomsnittstemperatur for juli

er rundt 13-14°C i fjrodstroka. Vidare er det relativt mykje nedbør i ytre og midtre strok, med årsnedbør rundt 1400-1500 mm i Eidsvåg og Eresfjord, 900 mm i Eikesdal og heilt nede i 660 mm på Aursjøen. Det er også hyppig nedbør, i ytre delar >220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året, og ned mot 150-160 i søraustlege fjellstrok. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge og *met.no* på Internett.

Tabell 5. *Temperaturnormalar for Nesset i perioden 1961 – 1990. Kjelde: [http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).*

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
63300	Aursjøen	869	-7,2	-7,1	-5,0	-2,2	3,5	7,6	9,2	9,2	5,6	2,3	-2,9	-5,9	0,6
61870	Eidsvåg	10	-1,5	-1,0	1,7	4,6	9,8	12,8	13,8	13,5	10,0	7,1	2,3	-0,1	6,1

Tabell 6. *Nedbørnormalar for Nesset i perioden 1961 – 1990. Kjelde: [http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).*

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
63300	Aursjøen	869	65	55	59	32	24	40	63	58	66	60	62	76	660
61820	Eresfjord	14	127	101	115	83	59	77	118	117	177	161	144	165	1444
61850	Eikesdal	39	83	65	75	52	35	44	67	63	105	100	98	111	898
61870	Eidsvåg	10	140	111	124	91	64	77	118	116	190	176	158	180	1545

## Geologi

Nesset har eit eige berggrunnsgeologisk og kvartærgeologisk kart i målestokk 1:80 000 (Follestad 1994). Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst og tilgjengeleg for området (Tveten m. fl. 1998). Det finst elles mellombelse geologiske kart i målestokk 1:50000 for delar av kommunen i svartkvitt (kartblad 1320 I Tingvoll, NGU 1990, kartblad 1420 IV Stangvik, NGU 1987). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis), amfibolitt m.m. Slike bergartar finst i små striper og flekkar i Eresfjorden, mellom Vikesaksa og Fløtatind, Vistdalen, Meisalfjellet og mellom Raudsand og Angvika. Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Nesset, men finst m.a. på desse bergartane. Det er og funne rikmyr og kalkrike område i fjellet fleire stader der ein ikkje skulle venta det ut frå kartet.

## Lausmassar

Viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995) og eit kommunekart i målestokk 1:80 000 (Follestad 1994). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane elles er i stor grad morenemassar frå siste istida, og desse finst over mesteparten av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst særleg langs Aura i Eikesdalen, Eira i Eresfjorden og Visa i Vistdalen. Marine hav- og fjordavsetningar finst særleg på strekninga Rød-Eidsvågen og strendene vest for Vistdalen. Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmassesførekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. I myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst m.a. på Meisalfjellet, Tiltetidet, og strekninga Bersås-Gusjåsen (Eidsvåg fjellet, Rødfjellet).

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Nesset høyrer her hovudsakleg til region 39 Møre og Trøndelags kystskogsregion, underregion 39a, Møre- og Sør-Trøndelagstypen. Indre (søraustlege) delar av kommunen tilhøyrer region 15 (Sør-Norges lågfjellsregion).

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998b). Nesset tilhøyrer i denne samanheng dels region 39a (Møre og Trøndelags kystskogsregion, Møre- og Sør-Trøndelagstypen, ytre, nordvestre delar av kommunen), dels region 35e (Fjellregionen, underregion Møretindane, indre delar av kommunen).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

*Vegetasjonen i Nesset fordeler seg på alle sonene. Eikesdalen og liene og bygdene via Eresfjorden og Bogge utover til Prestneset, og delar av dei sørvendte liene på nordsida av Langfjorden tilhøyrrer den mest varmekjære sonen, boreonemoral sone. Resten av bygdene og jordbruksområda tilhøyrrer den sørboreale sonen. Høgareliggjande skogområde tilhøyrrer mellom- og nordboreal sone. Fjellområda tilhøyrrer den alpine sonen (Moen 1998 s.94).*

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarande om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørrmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen vert delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innanfor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege delar av Sunndal, Nesset og Rauma.

*Vegetasjonen i Nesset tilhøyrrer for det meste klart oseanisk seksjon (O2). Områda sør for midten av Eikesdalsvatnet tilhøyrrer svakt oseanisk seksjon (O1). Eit mindre område ved Aursjøen tilhøyrrer overgangsseksjonen (OC) (Moen 1998, s. 126). Dette er blant dei mest kontinentale områda i fylket. Her er det m.a. funne austlege planter som dvergtettegras.*

# HOVUDNATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Nettet, vert omtala nedanfor.

## Havstrand/kyst

Der land og hav møtest finn vi organismar frå begge økosystema. Strendene har ei rekkje særmerkte planteartar som er tilpassa saltpåverknad m.m. Eksposisjon for bølger påverkar substratet slik at ein kan få leir-, silt-, sand-, grus- eller rullesteinstrand. Mange stader finn ein berre strandberg. Vegetasjonen, flora og fauna er i stor grad påverka av desse faktorane. Brakkvatn er ei blanding av ferskt og salt vatn, som oppstår i avsnørte bukter og gruntområde nær elve- og bekkeutløp. Slike område har eit særlege biologisk mangfald. Elveosar dannar ofte grusører med særlege flora og fauna. Det viktigaste område av dette slaget er Eiraosen, men også Eidsvågleira er ein viktig elveos med store gruntvassområde. Visaøra er ein mindre elveos.

I strandområda oppstår ofte arealbrukskonfliktar, der ulike utbyggingsformål kjem i konflikt med ønsket om bevaring av det biologiske mangfaldet. Ei av utfordringane i Nettet vil vera å ta vare på delar av Eidsvågleira.

## Kulturlandskap

Funn frå Vestlandet viser at husdyrbruket har ei historie på rundt 4000-5000 år. Det er grunn til å tru at jordbruket i Nettet også er fleire tusen år gammalt på gode stader. Gammalt kulturlandskap er ofte det mest artsrike. Moderne kultureng som vert pløgd, gjødsla og isådd med kjøpte frøvarer vert dei første åra artsfattig. På gammal eng kjem det inn ein god del fleire planter frå naturen rundt, og på svært gamle slåtte- og beitemarker som kanskje har vore lite gjødsla vil artsrikdommen vera stor med ei rekkje spesialtilpassa grasmarksartar av i første rekkje planter og sopp. Den siste typen tilhøyrer det som vanlegvis vert kalla det tradisjonelle kulturlandskapet, som dominerte fram til midtre del av 1900-talet. Dei artane som er mest knytt til lite gjødsla lokalitetar i tradisjonelt kulturlandskap, kallast naturengplanter og beitemarkssopp. Desse artane er truleg opprinneleg tilpassa eit europeisk landskap som vart beita av store ville grasetarar før menneska tok til med jordbruk. Etter kvart har vi menneska dels utrydda, dels temt desse grasetarane, og i dag er det i praksis berre husdyr som skaper denne naturtypen. Slått av lite gjødsla grasmark kan skapa noko liknande, men er i dag mest opphøyr.

## Naturbeitemark og slåtteenger

Mange stader har det ofte danna seg grasdominert vegetasjon som følgje av beiting. I utmark på udyrka eller lett overflatedyrka jord har ein i lang tid, kanskje tusenvis av år sleppt dyra på slikt beite år etter år. I periodar kan det og ha vore drive slått på slike stader. Beitemarker som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, kallar ein naturbeitemark. Her finn ein ei rekkje engplanter, og da særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekkje artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa. Anten vert jorda dyrka og drifta intensivt, eller drifta opphøyrer med attgroing som konsekvens. I Nettet er det i dag berre mindre areal naturbeitemark som er intakt, mest takka vere utmarksbeiting med sau eller storfe, men mykje har forsvunne. Det vil vera ei stor utfordring å bevare kontinuiteten i denne driftsmåten slik at mangfaldet som lever her vert teke vare på.

## Artsrike vegkantar

Vegkantar kan etter kvart få ein flora som liknar tradisjonelle slåtteenger, og i mange distrikt er vegkantane siste tilfluktsstaden for einskilde sjeldne engartar. I Nettet finst fleire stader interessante vegkantar. Den einaste lokaliteten som er avgrensa ligg vest for Rød mot Trollmyra, og har særleg mykje av orkidéen grov nattfiol, som elles var vanleg i slåtteenger tidlegare, men som no er relativt uvanleg. Det er viktig at vegkantane vert skjøtta med kantslått også i framtida, men det er grunn til å vera merksam på at sein slått er ønskjeleg, og at hard grøfterensk over lange strekkingar på ein gong kan vera uheldig.

## Hagemark og skogsbeite

Skog som tradisjonelt vart nytta til ulike formål som vinterfor til husdyr, nethausting og beiting i sommarhalvåret, har eit anna preg enn meir urørt skog. I Eikesdalen har ein meir av kulturpåverka alm- og hasselskog enn dei fleste andre stader, og ei rekkje lokalitetar kan sjåast på som kulturprodukt. Ofte vart andre treslag fjerna, og hasselen vart sett att. Ein hausta da hasselrenningar til tønneband (bandstake), net av eldre

hasselstammar, og så vart skogbotnen beita. I skogane i indre strok står det også spreidd med styva almer, både i Eikesdalen og langs Eikesdalsvatnet. Her finst styvingstre som gjerne er frå 0,5 meter og opp mot 2 meter i stammediameter. Unge greiner vart hausta til dyrefor, og trea kan da verta svært gamle utan at dei vert topptunge og bles i koll. Den tradisjonelle bruken av hassel- og almeskogen er skildra fleire stader, m.a. av Hånde (1969), Nordhagen (1931, 1954), Austigard (1973, 1991), Grini & Botten (1991). Tilgangen på gammal, oppsprukken bork på gammal alm er viktig for mange kravfulle lavartar, og tilgangen på daude greiner og nedramla almetre er viktig for andre artar. Naturtypen som styva alm tilhøyrrer kan dels skildrast som gammal edellauvskog, dels som hagemark viss det er snakk om skogbotn som vert beita eller som har vore beita til relativt nyleg. Eikesdalen er såpass spesiell at det er ønskeleg å halda fram med den tradisjonelle bruken i noko omfang for å halda ved like den tradisjonelle hassel- og almeskogen og dei biologiske kvalitetane som er knytt til denne kulturskogen.

## Skog

Skog dekkjer store areal (245 km<sup>2</sup>) i Nesset. Dei mest utbreidde typane er fattige furuskogstypar og fattige lauvskogstypar med bjørk, rogn, selje, osp og gråor. Elles finst ein del plantefelt, særleg med gran. I solvarme ller finst mykje hassel og mange stader også alm. Særmerkt for Eikesdalen er den lange historia med utnytting av hassel og alm, som denne bygda har uvanleg mykje av. Styva alm har ei rekkje interessante artar knytt til seg (sjå og hagemark under kulturlandskap ovanfor). Det same gjeld hasselskog som m.a. har ei rekkje sjeldne marklevande soppartar i skogbotnen. Svartor finst somme stader på solvendte strender, og reknast mellom dei varmekjære treslaga slik som alm og hassel. Svartordominert skog er avgrensa som rikare sumpskog. Gråor-heggeskog er ein prioritert naturtype som er særmerkt for m. a. flaummark langs vassdrag, og elles i fuktige ller. Biologisk sett er gammal skog med god tilgang på daud ved i ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad interessant. Dette gjeld både furudominert og lauvdominert skog. Her vil ein kunne finna ei rekkje artar av sopp, mosar og lav som er sjeldne eller fråverande i landskapet elles. Slike lokalitetar har ein viktig funksjon som levestad for ei rekkje artar. Fleire interessante og raudlista røtevedartar av mosar er kjent, som røteflik *Lophozia ascendens* og grønsko *Buxbaumia viridis*.

Endringar i skoglandskapet skjer først og fremst som følge av skogbruksdrift og skogsvegbygging, men også ulike utbyggingsformål kan forårsaka endringar. Med større kunnskapar om det biologiske mangfaldet vil det vera lettare å ta omsyn til dette i skogbruksplaner o. l. slik at ikkje viktige lokalitetar vert øydelagde eller forringa i utrengsmål.

## Rik edellauvskog

Edellauvskog er skog med vesentleg innslag av edellauvtre som hassel, alm og svartor. Nesset er ein av dei kommunane i fylket som har mest edellauvskog, og heile 59 lokalitetar med rik edellauvskog er avgrensa. Alm er varmekrevande og finst mest oppunder bratte hamrar, ofte sør- til vestvendt. I Nesset er det funne alm mange stader (særleg den lange skoglia frå Prestneset ved Eidsvåg til Finnset i Eikesdalen, og strekinga Rød-Buvika i Langfjorden). Elles finst det mykje hasselskog i det same området, og svartor i fuktige område i lifoten mot kulturmark fleire stader. Svartor er nær nordgrensa for den samanhengande utbriinga, lenger nord er det langt mellom lokalitetar som kan kallast svartorskog. Svartorlokalitetar er gjerne klassifisert som rikare sumpskog. Av raudlista sopp i hasselskog som er funne i kommunen er det kjent rundt 20 artar, i tillegg er den raudlista plantearten kvit skogfrue funnen ein stad. Hasselskog er dermed eit viktig habitat for raudlisteartar i kommunen.

## Gammal edellauvskog

Gammal edellauvskog er edellauvskog som har både varmekjært preg og ein del daud ved. Det som er avgrensa her er særleg område med gammal, styva alm. Slike lokalitetar finst først og fremst i Eikesdalen og langs Eikesdalsvatnet. Dette området er truleg eit av dei viktigaste i heile landet for denne naturtypen. Her finst styvingstre som gjerne er frå 0,5 meter og opp mot 2 meter i stammediameter, med grov og oppsprukken bork og god tilgang på daude greiner o.a. daud ved. Desse styva almetrea har førekomst av mange kravfulle lav-, mose- og soppartar både medan dei står og etter at dei har ramla ned. Geir Gaarder og underteikna undersøkte 09.12.1997 sopp- og lavfloraen på 46 ståande almepilar og 5 læger i Mardalen (stammediameter 0,4-1,5 meter). På desse vart det funne følgjande soppartar: *Hymenochaete ulmi* (*Corfixen ined.*) (28 tre), skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* (11 tre), *Dendrothele acer* (5 tre), skjelkjuke *Polyporus squamosus* (2 tre), narrepiggisopp *Kavinia himantia* (DC) (1 tre), rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (DC) (1 tre). Det vart funne følgjande lavartar: almelav *Gyalecta ulmi* (45 tre), blådoggnål *Sclerophora farinacea* (23 tre), bleikdoggnål *Sclerophora nivea* (12 tre), *Biatorrella monasteriense* (1-2 tre). Seinare er mykje av det same funne rundt i heile Eikesdalsområdet. *Gyalecta flotowii* er berre funnen på alm på nordsida av Langfjorden. Andre soppartar som det er funne noko av på alm i 2004 er blågrå østerssopp *Pleurotus ostreatus*, som også er ein kjent matsopp som vert dyrka og selt. Almene i Eikesdalen har truleg fylkets største bestandar av almelav, som helst finst på tre over 40 cm stammediameter. Bestanden av blådoggnål er den største som er kjent i Norge og truleg ein av dei

største i Europa. Han er knytt til svært grov, oppsprukken bork og vaks i Mardalen på tre over 50 cm stammediameter i brysthøgde (50-150 cm, gjennomsnitt 80 cm). Ei anna side av den gamle edellauvskogen er insektfaunaen, og der er raudlista biller godt representerte i det best undersøkte området ved Øvre Vike. Sjeldne insektartar finst her og i tilknytning til gammal hengjebjørk, selje, osp og hassel. Store dimensjonar og stor bestand gjer at almepilane i Eikesdalen truleg har nasjonal verdi. Almen og hasselen med den tradisjonelle bruken som er knytt til desse treslaga er ein viktig grunn til at Eikesdalen er tatt med mellom dei 104 områda i Noreg som har status som nasjonalt verdifulle kulturlandskap (Iversen m. fl. 1994).

## **Kalkskog**

Kalkskog er skog som veks på stader med høg pH. Slik skog inneheld ofte eit stort og sjeldan artsinventar av kalkkrevande artar av planter, mosar og sopp. Sjølv utan kalkrike bergartar kan lokalitetar som liknar kalkskog oppstå t.d. i solvendte furulier der det er ein del raspåverknad. Rasa skapar finkorna mineraljord som saman med høg temperatur og rask nedbryting av daude planterestar skapar ein god pH. I Nettet er det ikkje kjent typisk kalkskog, men såkalla lågurtfuruskog med liljekonvall, myske, furuvintergrøn finst fleire stader i fjordstroka, ofte i mosaikk med hasselskog. Typen er tidkrevande å kartleggja, og finst i Nettet oftast i mosaikk med edellauvskog.

## **Gammal lauvskog**

Fleire stader i Nettet finst gammal bjørke- eller ospeskog med ein del innslag av daud ved. Slik skog er funne spreidd over heile kommunen, gjerne i litt høgareliggjande og dels avsides område. Dersom slik skog også ligg nord- til nordaustvendt og fuktig, vil ein kunne få inn ein flora av krevande lav- og moseartar knytt til slike miljø. Dette gjeld mellom anna sjeldne skorpelavartar som kvithovudnål *Cybebe gracilenta*, *Pyrenula laevigata*, og den svært sjeldne praktdoggnål *Sclerophora amabilis*, som vart funnen ved Gammelsetervatnet i 2004. Desse er kandidatar til ei framtidig revidert raudliste. Dessutan førekjem raudlista busk- og bladlav som skorpefyllav *Fuscopannaria ignobilis*. Andre lavartar med liknande miljøkrav som ikkje er like sjeldne er m.a. skrukkelav *Platismatia norvegica*, sølvnever *Lobaria amplissima* og kystnever *Lobaria virens*. På røten ved finst raudlista mosar som røteflak *Calypogeia suecica*, røteflik *Lophozia ascendens* og grønsko *Buxbaumia viridis*, og raudlista sopp som ospekjuke *Ceriporiopsis aneirina*, ospekvitkjuke *Antrodia pulvinascens*, vedalgekølle *Multiclavula mucida* og korallpiggsopp *Hericium coralloides*. Andre ikkje raudlista røtevedmosar er pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum*, fingersaftmose *Riccardia palmata*, larvemose *Nowellia curvifolia* m. fl.

## **Gammal barskog**

Generelt er det sparsamt med furuskog der det finst gamle gaddar, høgstubbar og læger i ulike aldrar og nedbrytingsgrad. Mengda av slike element er kritisk for mange artar i skogen. Gammal furuskog finst det litt av m.a. på Gusjåsen. På røten ved finst som i lauvskogen røtevedmosar som røteflak *Calypogeia suecica* (raudlista), *Phlebia tristis* (raudlista), rotnål *Microcalicium ahneri*, fingersaftmose *Riccardia palmata* og larvemose *Nowellia curvifolia*. Ein litt spesiell skog er granskogen på Hestad. Denne er tydeleg gammal, lysopen og svært forskjellig frå dei granplantefelta ein ser elles. Ifølgje tradisjonen kan denne vera planta for ca. 300 år sidan. Skogstrukturen på Hestad inneheld både lysopne lågurtparti og ein del daud ved.

## **Myr**

Nettet ligg i midtre fjordstrok, og har terreng, klima og topografi som høver godt til myrdanning. Det er oppgjeve at Nettet skal ha ca. 26 km<sup>2</sup> myr. Det meste er nedbørsmyr og fattigmyr. Dei største områda ligg i nordvestre og kystnære/lågtliggjande delar av kommunen, slik som Rødfjellet, Gusjåsen, Raudsandfjellet og Bersåsmyrene, Meisalfjellet og delar av Vistdalsfjella og Eresfjordfjella. Det finst innslag av intakt låglandsmyr og intakt høgmyr fleire stader. Somme stader er det vesentlege innslag av rikmyr som området ved Vettavatna og Fugleskardhaugen, på Bersåsmyrene, Kannaldalen og Langedalen i Vistdalen. Truleg kan det finnast meir rikmyr, men dei er tidkrevande å undersøkje sidan dei ofte ligg langt frå veg. Kjelder og kjeldebekk er ein type som utgjer små areal i landskapet. Rikkjelder er funne m.a. på Gauprørfjellet i Vistdalen.

## **Ferskvatn**

Dei fleste ferskvatna i Nettet ligg i fjellet, og er næringsfattige. I låglandet ligg m.a. Eikesdalsvatnet, Litjvatnet i Eikesdalen, Osvatnet (austre del ligg i Nettet), Kvamlivatnet, Gammelsetervatnet og Skjørsetervatnet, som alle er næringsfattige. I låglandet er det elles mest lokalitetar med rennande vatn som er aktuelle. Fleire elvar og bekkar kunne vera aktuelle å vurdere som viktige bekkedrag. Utprega meanderande er berre Eidsvågrelva, der delar er avgrensa. Elles er Kjødøya ved Litjvatnet i Eikesdalen avgrensa som døme på finkorna mudderbankar med kortskotvegetasjon og uvanlege artar som nålesivaks og sylblad. I Eira er det avgrensa eit par større grusører og flaummarksmiljø i dei flate, noko rolegstrøymande partia av elva.

## **Berg, rasmark og kantkratt**

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Nesset kommune har ein god del fjell, og dermed også ein del berg og rasmark. Den prioriterte naturtypen sørvende berg og rasmarker finst i mosaikk med hasselskog og annan lauvskog i lågareliggjande sør- til vestvendte fjellsider, og som større rasenger, berg og steinur i og opp mot fjellet. Det er ikkje prioritert å få med alle dei lokalitetane som kunne ha vore aktuelle. Men delar av dei store rasmarkene i Eikesdalen er undersøkte og avgrensa. Dette gjeld m.a. store rasmarker ved Vike, Sætra og Finnset med ei rekkje interessante planter og insekt. Det varme klimaet i Eikesdalen gjer at desse rasmarkene er særleg interessante og artsrike.

## **Fjell**

Nesset har mykje fjell. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype er kalkrike område i fjellet. Det er ikkje prioritert å leita etter denne typen, sidan han er lite truga. Det som er tatt med, er basert på undersøkingar av andre. Ofte er derfor stadfesting og avgrensing nokså grov og truleg unøyaktig. Fleire interessante område er kjent. Særleg interesse har førekomstane av stivildre, som er ein kravfull art som synest å vera vanlegare nær kysten enn dei fleste andre fjellplantene.



# LOKALITETAR

## Oversikt

Databasen over verdifulle naturområde i Nesset kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 134 lokalitetar. Rundt 25 av desse fanst i Naturbasen (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997a). Dei andre har kome fram gjennom dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore heilt ukjende fram til no. Lokalitetane er ordna etter stigande nummer. Nummer er prøvd tildelt på ein måte som gjer at nærliggjande lokalitetar har nærliggjande nummer.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi.

Følgjande forkortingar er nytta: AAF=Arne A. Frisvoll, AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, FO=Finn Oldervik, GGa=Geir Gaarder, HFj=Helge Fjeldstad, HFO=Harald Folden, ISt=Ingvar Stenberg, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, OH=Oddvar Hanssen.

## 1 Fressviklia: Skrøbukta (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-1
<b>Kartblad:</b>	1420 IV Stangvik
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 6390 6125
<b>Høgde over havet:</b>	90-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.05.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 14)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei bratt nordvestvendt li aust for Fressviklia, like sør for Merrabergtunellen. Lokaliteten vert avgrensa av granplantefelt og kraftline i vest og nord og fattigere skog og bergvegger i nord og aust.

*Vegetasjon:* Lokaliteten består dels av høgstaudekog (mest i sør) og lågurtskog (mest i nord) og dels av meir open ur og blokkmark. Viktige treslag er bjørk og selje. I tillegg veks det litt gråor, osp, eit par almetre, hassel og rogn. I nedkant kjem det inn noko gran.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har nok vore ein del hogd tidlegare, sjølv om det no finst litt gamle tre og daudt trevirke. Den viktigaste påverknaden i nyare tid er granplantefeltet i nedkant.

*Artsfunn:* Karplantefloraen inneheld fleire typiske høgstaudeartar som trollbær, trollurt, kranskonvall og brunrot. I tillegg er det noko myske og litt vårerteknapp. På lauvtree veks typiske artar frå lungenever-samfunnet, som lungenever *Lobaria pulmonaria*, grynfiltlav *Pannaria conoplea*, kystnever *Lobaria virens* og puteglye *Collema fasciculare*. På ein bergvegg vaks skjermose *Apometzgeria pubescens* og på ei ospelåg fanst raudlistearten ospeskjuka *Ceriporiopsis aneirina* (DC).

*Verdsetting:* Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av funn av at det er ein variert lauvskog med litt edellauvtre og varmekrevande artar, noko daud ved og ein raudlista art i lågare kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å la området få liggja i fred for inngrep. Dette er inkludert alle former for skogsdrift, med unntak av hogst av innplanta gran.

## 2 Meisal: Liasetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-2
<b>Kartblad:</b>	1420 IV Stangvik
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 612 613
<b>Høgde over havet:</b>	160-180 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av hevd, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.1996, 08.10.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

### Områdeskildring

*Generelt:* Setrane ligg berre 160-180 meter over havet ovanfor grustaket i Fressvika. Det er to setrar og ei høyløe.

*Vegetasjon:* Området ved høyløa er finnskjeeggdominert med mykje etasjemose og noko storbjørnemose. Vollen ved Vikasetra har ein del sølvbunkeeng, men denne er nokså mager med godt mosedekke i botnen og med ein god del finnskjeegg og andre gras og urter. Her vart dei få funna av beitemarkssopp gjort. Ved Talsetetra er mykje av arealet inngjerda og ikkje beita, dette består av sølvbunkeeng med mykje daudt gras i botnen.

*Kulturpåverknad:* Eit gammelt seterlandskap der delar framleis vert beita.

*Artsfunn:* Det vart funne 75 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 1 seterplante. Dette er nokså høge tal til å vera eit kalkfattig område. Vi kan nemna aurikkelsvæve, harerug, kjertelaugnetrøst, prestekrage, smalkjempe og småengkall. Det vart berre funne 2 artar av beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit typisk og ordinært artsutval.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at beitinga held fram. Heile arealet burde ha vore beita.

## 3 Meisal: vest for Finnset (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-3
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 5882 6301
<b>Høgde over havet:</b>	180-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.10.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Ei lita rikmyr i øverkant av bomvegen til Meisalfjellet, på nordsida av Eidshaugen, og vest for Oddlielva og garden Finnset på Meisalstranda.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr (M2)

*Kulturpåverknad:* Veg i nedkant av myra, eller liten påverknad.

*Artsfunn:* Interessante artar: bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, gulsildre, gulstorr, harerug, kornstorr, kvitmaure, loppestorr, sumphaukeskjeegg, svarttopp, særbustorr. Sidan undersøkinga vart gjort i oktober er det truleg at fleire kravfulle artar finst.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr med eit moderat artsutval.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 4 Meisal: Eidshaugen, aust-hellinga (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-4
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 582-586 610-615
<b>Høgde over havet:</b>	580-700 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	August 1982, JIH (Holten 1982)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit område med rike bakkemyrer i austhellinga av Eidshaugen. Etter DN (1999a) kunne lokaliteten vore avgrensa som kalkrike område i fjellet fordi han ligg over skoggrensa, men har same artsinventar som rikmyrene litt lågare ned. Lokaliteten er avgrensa dels ut frå opplysningar i Holten (1982) og dels direkte innteikna på kart etter minnet av J. I. Holten (pers. medd. 2002). Det er noko uvisst kor stor del av det avgrensa området som faktisk er rikmyr.

*Vegetasjon:* Middelsrik til ekstremrik fastmattemyr (M2) i mosaikk med bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Truleg liten.

*Artsfunn:* Interessante artar: myrtevier, gulsildre, gulstorr, dverggjamne, fjellfrøstjerne, trillingsiv, kornstorr, skogsiv, hårstorr, sotstorr, fjellstorr, kastanjesiv, svelttull, harerug.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit rikmyrområde med eit interessant artsutval. Arealet rikmyr er nokså sikkert under 50 dekar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## **5 Meisalfjellet: Eidshaugen, sørvest-hellinga (rikmyr, kjelde)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-5
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 5762-5765, 6063-6067
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 700-710 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, kjelde og kjeldebekk
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg ovanfor hyttefeltet opp mot Eidshaugen. Rikmyr/rikkjelder dannar ein mosaikk med lyngmark. Etter DN (1999a) kunne lokaliteten vore avgrensa som kalkrike område i fjellet fordi han ligg over skoggrensa, men har same artsinventar som rikmyrene litt lågare ned. Lokaliteten er avgrensa på grunnlag av GPS-målingar.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr (M2), rik kjelde (N2a).

*Kulturpåverknad:* Liten, streifbeiting av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne m. a. bjønnbrodd, gulsildre, gullmyrklekk, gulstorr, fjellfrøstjerne, dverggjamne, myraugnetrøst, hårstorr, taggbregne, tiriltunge, svarttopp, fjelltistel, kjeldemjølke, fjellveronika og harerug.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre rikmyr. Rikkjelder er sjeldne i distriktet.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## **6 Meisalfjellet: Litlehaugen (rik fjellvegetasjon)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-6
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 562 602
<b>Høgde over havet:</b>	735-745 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.1982, JIH (Holten 1982)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* På Litlehaugen, hellande mot søraust er eit mindre område med baserik grunn og interessante fjellplanter. Lokaliteten er avgrensa ut frå opplysningar i Holten (1982), m.a. er oppgeve høgdeintervall nyttig i dette tilfellet.

*Vegetasjon:* Truleg reinrose-gras-lavrabb av bergstorr-geitsvingel-utforming (R3b).

*Kulturpåverknad:* Truleg liten.

*Artsfunn:* Interessante artar: fjellsmelle, fjelltistel, grønburkne, bakkessøte, lodnebregne, raudsildre, bergstorr, fjellbakkestjerne.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre område med eit interessant artsutval av kalkkrevande planter. Særleg bakkessøte er sjeldan i desse traktene.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 7 Raudsand: Bersåsmyrene (rikmyr, høgmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-7
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 54-55,64-65
<b>Høgde over havet:</b>	140 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr, rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	25.8.80 AM, (Moen 1984), 21.06.2001, JBJ, 04.07.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 19)

### Områdeskildring

*Generelt:* (Etter Moen 1984). Fleire myrkompleks med mange myrelementsamlingar. Flatmyr og bakkemyr (opptil 8 grader helling) vekslar med parti med nedbørsmyr. Det finst lite nedbørsmyr (ombrotrof myr), og ofte vekslar ombrotrofe tuveparti med svakt jordvasspåverka (minerotrof) myr. Myrtypane er oftast ikkje klart utforma, men dei ombrotrofe partia er av Moen (1984) klassifisert som planmyr og kanthøgmyr. Avgrensinga er om lag som hos Moen (1984) og Gaarder & Stenberg (2002), og ikkje ytterlegare kontrollert i felt. Underteikna har berre oppsøkt områda nærast riksvegen.

*Vegetasjon:* Dei ombrotrofe partia er dominert av tuvevegetasjon der heigråmose *Racomitrium lanuginosum* og kysttorvmose *Sphagnum imbricatum* er vanlegast i botnen. Erosjon med lausbotn finst spreidd, men dekkjer sjeldan meir enn 10 %. Fattigmyrsamfunn dominerer, og pors pregar store areal. Rikare bakkemyr med breiull og brunmosar inngår. Overgangstypar mellom skogsmyr og fuktskog er vanleg. I 2001 vart det funne (av underteikna) eit parti med intermediaer og rik myr langs riksvegen i austlige delar av myrene (UTM-posisjon MQ 5532-5526, 6478-6489). Vegetasjonstypen er overganger mellom L2 og M2, intermediaer og middelsrik fastmattemyr.

*Kulturpåvirkning:* Myrene innanfor denne lokaliteten er dels avgrensa av bilveggar og skogsveggar. Myrene er i hovudsak intakte, men det er litt skoggrøfting.

*Artsfunn:* Suboseaniske artar er dels dominerande. Elles har myrene hovudsakleg triviell flora der kysttorvmose (*Sphagnum imbricatum*) og kvitmyråk *Rhynchospora alba* er vanlege artar. Eit unntak er rikmyrflökkane nemnt ovanfor. Her vart det funne ca. 10 blomstrende engmarihand, vidare særbustorr, kornstorr, breiull, stormakkmose *Scorpidium scorpioides* og raudmakkmose *Scorpidium revolvens*. Engmarihand er ein orkidé knytt til rikmyr, som er kjent frå tre andre stader i Nesset, og ca. 70 andre lokalitetar i Møre og Romsdal, først og fremst i rikmyrområda i Surnadal og Rindal. Området er tilhaldsstad for orrfugl.

*Verdsetting:* Lokaliteten kan sjåast som eit kompleks av intakt låglandsmyr der det finst både høgmyr (nedbørsmyr med høgste punkt på myra, i dette tilfellet nær kantane) og rikmyr. Alle intakte høgmyrer skal verdsettast til minst B (viktig). Også alle rikmyrer under skoggrensa skal verdsettast til minst B (viktig). Det synest rett å betrakta heile myrkomplekset som ei eining med høgmyr- og rikmyrelement, dermed kan det forsvarast å plassera heile lokaliteten i B (viktig). Utan desse elementa ville Bersåsmyrene ha vorte klassifiserte som intakt låglandsmyr i kategori C (lokalt viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som endrar dei hydrologiske tilhøva.

## 8 Raudsand: Raudsandelva (bekkekløft)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-8
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 550-553, 664-665
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 40-140 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Bekkekløfter, rik edellauvskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.06.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Raudsandelva dannar ein V-forma bekkedal som delvis er uvanleg djup og bratt, med eit fuktig lokalklima. Lokaliteten er avgrensa både ovanfor og nedanfor riksvegen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen har element frå gråor-almeskog (D5), gråor-heggeskog (C3), berg (F2) og fattig sumpskog (E1a).

*Kulturpåverknad:* Riksvegen kryssar elva, elles er det planta litt gran, og tømt litt søppel i bekkekløfta. Ned mot sjøen ligg fleire bustader inntil lokaliteten.

*Artsfunn:* Nedanfor riksvegen vart det funne nokre almetre, den raudlista bregnen bruntelg og ein uvanleg knappenålslav, skuggenål *Chaenotheca stemonea* (bestemt av Håkon Holien, Høgskolen i Nord-Trøndelag). Potensiale for fuktkevande moseartar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei av dei betre bekkekløftene i Nesset, med funn av ein raudlisteart.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i bekkedalen.

## 9 Eidsvågen: Eidsvågelva, øvre del (viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-9
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 542, 624
<b>Høgde over havet:</b>	0-25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.05.2002, HFj, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 15)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Eidsvågelva slynger seg i eit slakt hellande landskap omgjeve av skog og kulturlandskap. Til å ligga dels i eit tettbygd område er elveløpet relativt intakt. Elva renn lengst aust gjennom eit ganske flatt landskap og danner her fleire utprega meandre (slynger) i lausmasser av sand og grus.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog inntil elva, på tørrare stader blandingsskog med m.a. bjørk og furu. Fuktig og moserik undervegetasjon i gråor-heggeskogen. Stadvis relativt nitrofile tilhøve.

*Kulturpåverknad:* Elva er noko prega av forureining frå omliggjande landbruksområde. Ho ser ikkje ut til å ha vore retta ut eller senka i særleg grad, men det er dyrka opp heilt inntil ho langs det meste av sørsida. Her er det og dumpa noko stein og søppel i kantsonane til elva, og på denne sida av elva er det berre små biologiske verdiar att. Nordsida er noko meir intakt.

*Artsfunn:* Ingen spesielt interessante eller verdfulle arter vart påviste.

*Verdsetting:* Dette er ei intakt, slyngande lita elv i kulturlandskapet, som vert verdsett til B (viktig), men under tvil pga. inngrep, særleg på sørsida, og forureining, som har redusert verdien.

#### Skjøtsel og omsyn

Eit såpass godt bevart låglandsvassdrag bør skjøttast med varsemd. Ein bør så langt råd avgrensa forureining og fysiske inngrep. Kantskogen bør sparast i ein sone nærast elva.

## 10 Eidsvågen: Eidsvågelva, nedre del (viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-10
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 525-536, 611-617
<b>Høgde over havet:</b>	0-25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.06.2001, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Eidsvågelva slynger seg i eit slakt hellande landskap omgjeve av skog og kulturlandskap. Til å ligga dels i eit tettbygd område er elveløpet relativt intakt. Elva går i ein grunn bekkedal, og slynger seg i mange svingar. Deler av elva har intakt kantvegetasjon.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog inntil elva, på tørrare stader lauvskog med m.a. bjørk. Fuktig og moserik undervegetasjon i gråor-heggeskogen. Stadvis relativt nitrofile tilhøve.

*Kulturpåverknad:* Forureining frå omliggjande landbruksområde, til tider dels sterkt ureina (Neset kommune 1994, Lindström & Relling 1994). Litt fysiske inngrep, noko avfallsdeponering og vedhogst.

*Artsfunn:* Av mindre vanlege artar kan nemnast springfrø. Elles vart det notert forvilla artar som spansk kjørvel og skvallerkål.

*Verdsetting:* Dette er ei intakt, slyngande lita elv i kulturlandskapet, som vert verdsett til B (viktig), men under tvil pga. inngrep og forureining, som har redusert verdien.

### Skjøtsel og omsyn

Eit såpass godt bevart låglandsvassdrag bør skjøttast med varsemd. Ein bør så langt råd avgrensa forureining og fysiske inngrep. Kantskogen bør sparast i ein sone nærast elva. Spansk kjørvel er ein innført art som ikkje bør få spreia seg. Han har forårsaka erosjonsproblem i Farstadelva.

## 11 Eidsvågen: Eidsvågleira (brakkvassdelta)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-11
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 52 60
<b>Høgde over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta, strandeng, undervassenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Utbygging og fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), Nauste (1976), Folkestad (1977), Skorgen (1988), diverse fugleteljingar, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit stort strandområde inst i Eidsvågen, som er fylt med sediment (silt og finsand) frå utløpet av Eidsvåg-elva og ca. 1 km utover. Tjukke tangvollar nedanfor Langset. I sør finst mindre delområde med grus- og steinstrand. Det er spreidde blokker på sjølve siltstranda. Lokaliteten grensar til dyrkamark i sør og aust, og det er gjort store utfyllingar på nordsida. Totalareal strandeng/vollar: ca. 800 x 15 m. Viktig fuglelokalitet med funksjon som hekke, trekk- og overvintringsområde, samt matleiting heile året. Leira er matleitingssområde for langt meir fugl enn det som hekkar her, m. a. dei som hekkar på Prestholmen. Som viltlokalitet må leira sjåast i samanheng med Prestholmen.

*Vegetasjon:* Typane er frå Holten m. fl. (1986), samsvarar ikkje med Fremstad 1997. A1 ålegras-eng, D2 ishavsstorr-eng, D3a saltsev-eng, Ela fjøresevaks-eng, E3a rustsevaks-eng, fragmentarisk, E4a fjørestorr-eng, helt dominerende type, E5 havstorr-eng, relativt stor førekomst, H1 taresaltgras-grusstrand, J3a strandrug-voll, J3b kveke-voll, J3b strandrøyr-voll, J6 høgurt-flerårsvoll med mjødukt som dominant, Jx åkerdylle-åkersvinerot-voll. Det er usikkert om alle desse typane finst i dag.

*Kulturpåverknad:* Utslepp/sig frå jordbruket. Utfylling ved Eidsvåg sentrum i nord. Utfylling ved ny riksvegtrasé i sør og ved industriområde og dyrka mark i aust. Noko avfall i fjøra. Kloakkutløp på leira på sørsida observert i 2003.

*Artsfunn:* Middels artsrikt og trivielt artsutvalg når det gjeld planter (64 artar). Kveke (*Elytrigia repens*) og fjørestorr (*Carex salina*) dominerer på lokaliteten. Hekking av tjeld, fiskemåse, makrellterne, stokkand, ærfugl, siland, vipe, raudstilk, strandsnipe, storspøve, sandlo (Folkestad 1977, Skorgen 1988, egne obs.).

Trekkobservasjonar av dei fleste vadarartane som passerer norskekysten jamnleg (Nauste 1976, egne notatar), t.d. dvergsnipe, sotsnipe, polarsnipe, tundralo, grønstilk, gluttsnipe, myrsnipe. Viktig funksjon som matleitingssområde for våtmarksfugl heile året. Skorgen (1988) nemner vel 30 fugleartar og ei rekkje marine artar.

*Verdsetting:* Noko redusert lokalitet som idag likevel har bevart artsrikdomen i store trekk. Noko areal med havstorr-eng og fjørestorr-eng som er av botanisk interesse. Tangvolltypen åkerdylle-åkersvinerot-voll er registrert berre få gonger i fylket. Det er beskjedne areal og få tilsvarande område av naturtypen i indre fjordstrok. I tillegg kjem viltfunksjonen. Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels stort brakkvassdelta med relativt små (og noko påverka) strandenger. Viltfunksjonen kjem i tillegg (ikkje vurdert her).

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør prøva å unngå ytterlegare utfyllingar og fysiske inngrep.

## 12 Eidsvågen: Nesset prestegard lok. 1 (skogsbeite m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-12
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 502 589-590
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 10-25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, skog
<b>Naturtype:</b>	Hagemark, rik edellauvskog, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.08.1996, JBJ (Jordal 1996), 20.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Innmarka tilhøyrande Nesset prestegard nedanfor riksvegen har både kulturbeite, innslag av naturbeitemark, ein askeallé og mindre skogparti med svartor, hassel og annan lauvskog som vert beita. Det avgrensa området ligg i nordlege del ned mot sjøen.

*Vegetasjon:* I det undersøkte område finst det ein del svartor, somme stader som dominerande treslag. Dette er uvanleg så langt nord som her. Svartor kan ha utbreidd seg meir etter at bruken av eit tidlegare ope kulturlandskap opphørde. Andre treslag var hassel, gråor, selje, ask, bjørk og hegg. Det vi ser er truleg delvis eit stadium i ein attgroingsprosess, men hasselskogen kan vera gammal. Undervegetasjonen er enghumbleblom, mjødur, sølvbunke, krypsoleie, blåknapp, kvitbladtistel, myrtistel, kvitsymre, gaukesyre, engsnelle, bringebær og m. a. lundmosar. Svartor veks først og fremst på fuktig mark. Vegetasjonen på open mark i nærleiken er mest sølvbunkeeng (G3) (ikkje avgrensa), men sølvbunke er det også mykje av i skogen.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått og hogst. Driftshistoria kan sporast attende til 1664, men jordbruket i området er nok mykje eldre. Ask førekjem no i alle storleikar og aldersgrupper i skogen, og spreier seg tydelegvis ved eiga hjelp. Det er vanskeleg å seia om ask kan ha vakse naturleg i området.

*Artsfunn:* Interessante artar: kystmaure er ei kystplante som her er nær innergrensa. Elles vart det funne grov nattfiol, harerug og knegras. Hasselskogen har potensiale for sjeldne soppantar knytt til hassel. På ei grov seljelåg vart det funne fingersaftmose og soppen olivenbeger *Chlorencoelia versiforme* (ny for fylket).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med beiting. Innslaget av svartor er interessant og bør takast vare på. Svartor vert stadig meir uvanleg så langt nord som dette.

## 13 Eidsvågen: Nesset prestegard lok. 2 (askealléen)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-13
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 504 587
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 35-50 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Store, gamle tre
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Tønsberg (1992), 29.08.1996, JBJ (Jordal 1996)

### Områdeskildring

*Generelt:* Innmarka tilhøyrande Nesset prestegard nedanfor riksvegen har ein askeallé med interessante tilknytt artar. Lokaliteten kan klassifiserast som store, gamle tre i kulturlandskapet.

*Vegetasjon:* Alléen har vegetasjon av epifyttiske (påveksande) lav og mosar.

*Kulturpåverknad:* Askealléen skal vera planta i 1836. Han er no noko redusert ved at nokre tre er felt og ein del store greiner er kutta.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn i askealléen av ein lav som er kandidat til raudlista for skorpelav: *Pertusaria flavida*, funnen 11.07.1979 av Tor Tønsberg (Tønsberg 1992).

*Verdsetting:* Lokaliteten vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at han kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Einskilde lav og mosar er knytt til gamle tre i eit ope landskap. Ein bør no vurdera å planta nokre nye asker som kan ta over når dei gamle kjempene må gje tapt.

## 14 Eidsvågen: Kleppen (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-14
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 510 637
<b>Høgd over havet:</b>	420 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.09.1987, O. A. Bugge, 04.07.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 17)

### Områdeskildring

*Generelt:* I lia frå Kvamsetra ned mot Kleppevatnet er det ein del bakkemyrer og dels flatmyrer. Myrene ligg i mosaikk med furuskog. Avgrensinga er som mottatt på manuskart av G. Gaarder, og er noko grov.

*Vegetasjon:* Delar av myrene er fattige til intermediære fastmattemyrer, men det er og noko ganske velutvikla mellomrik myr, særleg sørvest for Kvamsetra.

*Kulturpåverknad:* Det er bygd bilveg opp til Kvamsetra og det er fleire hytter i området, med nokre inngrep tilknytt desse.

*Artsfunn:* Partia med rikmyr er prega av til dels store mengder breiull. I tillegg er det m.a. noko bjønnbrodd, fjellfrøstjerne, dvergjamne, samt artar som sveltull, småsivaks, svartopp, engstorr og gulstorr. Vidare vart det notert grønstorr, kornstorr og jåblom. Strand (1997) har påvist nokre dammar med frosk i området.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ei mindre rikmyr, m.a. med mykje av karakterarten breiull.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå ytterlegare fysiske inngrep. Særleg er drenering/grøfting av myrområda og vass-siga ovanfor uheldig.

## 15 Eidsvågen: Åsseterhaugen (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-15
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 5261 6413
<b>Høgd over havet:</b>	280-350 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Grøfting, skogplanting
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.07.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 52)

### Områdeskildring

*Generelt:* På nord- og austsida av Åsseterhaugen er det glissen furuskog og mykje bakkemyrer. Avgrensinga er som mottatt på manuskart av G. Gaarder, og er noko grov.

*Vegetasjon:* Furuskogen er hovudsakleg nokså fattig, sjølv om det i den litt brattere lia i overkant av lokaliteten kjem inn rikare bregne- og høgstaudekog. Delar av myrene er fattigmyr, men det er og ein del intermediær myr og litt rikmyr. Det meste er fastmattemyr, men mindre felt med mjukmatte- og lausbotnmyr finst også.

Rikmyrspartia finst mest i nordkant av myrene, i skogkanten.

*Kulturpåverknad:* Ein skogsbilveg går gjennom området. Det er planta litt gran i utkanten og i søraust er noko av myra grøfta. Elles er det ikkje gjort større inngrep.

*Artsfunn:* Vegetasjonen på fattigmyra verka ganske ordinær. Det same gjeld stort sett dei intermediære myrpartia, men dei har ein del av m.a. breiull og på to plassar vart det funne små førekomstar av engmarihand i fuktig, intermediær myr. På rikmyrsfeltet veks m.a. sveltull, fjellfrøstjerne, loppestorr, skogsiv, gulstorr, jåblom, engstorr, hårstorr og fjellistel. Elles vart det m.a. funne bjønnbrodd, særbustorr, fjellaugnetrøst, skogsiv, myrsnelle, nattfiol, trådstorr, sivblom, dvergjamne, og myrkråkefot.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) fordi det er mindre areal (<50 dekar) med rikmyr, med førekomst av fleire kravfulle myrplanter.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la myrene få liggja i fred for inngrep.



## 16 Rød: Orahammaren (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-16
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 481 611
<b>Høgd over havet:</b>	120-150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.05., 01.06.2002, HFj, HFo (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 20)

### Områdeskildring

*Generelt:* Hovudsakleg sørvendt ospeli som ligg under fjellskrentar. Blokkmark i store delar av området.

*Vegetasjon:* Hovudsakleg blåbærskog dominert av osp, men også noko lågurtskog. Av andre treslag inngår hassel, rogn, krossved, trollhegg og bjørk. Feltsjiktet er dominert av blåbær, men med myske, hengjeaks og hengjeveng på rikare plasser. Fleire læger av osp inngår.

*Kulturpåverknad:* I lia er det få spor etter inngrep. Grov blokkmark har avgrensa hogsten i området. I sør grensar lokaliteten til ei kraftline.

*Artsfunn:* Ingen spesielt kravfulle artar vart funne, men blåfittlav *Degelia plumbea* og stiftfittlav *Parmeliella triptophylla* vart registrerte på osp. Grønspett vart observert.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit område med velutvikla gammal lauvskog med ein del grove tre og dautt trevirke.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred.

## 17 Rød: Kvernberg (svartor)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-17
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 481-483, 608-610
<b>Høgd over havet:</b>	80-110 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	25.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ovanfor idrettsbanen på Rød, og austafør og nedanfor vegen til Høviksetra, samt ovanfor bustadfeltet i området. Svartora veks spreidd i stadvis fuktig bjørkeskog. Andre tre- og buskslag er platanlønn, rogn, gråor, hassel, einer, hegg og trollhegg.

*Vegetasjon:* Mosaikk mellom blåbærbjørkeskog og svartorsumpskog med skogsnelle og sølvbunke i feltsjiktet.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er omkransa av bilvegar, bustadfelt og idrettsbane. Det går og ei kraftline gjennom området. Vegetasjonen har m. a. ein del sølvbunke, eit merke på at skogen har vore beita. Ein brønn vart observert, noko som ikkje er uvanleg i sumpskogar. Noko hogst av svartor nærast bustadfeltet.

*Artsfunn:* Av sumpplanter kan nemnast trollhegg, skogsnelle, pors, stjernestorr, bleikstorr, knappsiv, klokkelyng og engstorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med nokså intakt grunnvasspåverknad og konstant innslag av svartor. Svartor er eit uvanleg tre, som nærmar seg nordgrensa som skogdannande treslag.

### Skjøtsel og omsyn

Svartor er avhengig av fuktig lende, ein bør derfor ikkje drenera vekk grunnvatnet. Det er ønskjeleg at ein unngår treslagskifte.

## 18 Rød: Leira (havstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-18
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 47 60

<b>Høgde over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng/strandsump, undervasseng
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Ca. 200 m brei og eksponert vik nedanfor Rød. Vika er fylt med silt og finsand. Sørsida er relativt bratt. Slakk strandtopografi på nord- og austsida. Ein større bekk renn ut inst i vika. Ein del bølgeerosjon i saltsiv-engene. Lokaliteten grensar til dyrka mark.

*Vegetasjon:* Vegetasjonstypene er som skildra av Holten m. fl. (1986b), og samsvarar ikkje med Fremstad (1997). A1 Ålegras-eng, D1a Fjøresaltgras-eng, D3a Saltsev-eng, D4c Raudsvingel-tiriltunge-fjørekkoll-eng, E3a Rustsevaks-eng, E4a Fjørestorr-eng, E5 Havstorr-eng, fragmentarisk, I2a Tangmelde-voll, inst i vika, J3b Kveke-voll, inst i vika, J3c Strandrøyrvoll, inst i vika, J6 Høgurt-flerårsvoll, inst i vika, Jx Åkerdylle-åkersvinerot-voll (sjeldan type), inst i vika.

*Kulturpåverknad:* Utslipp/sig frå jordbrukslandskapet, merkast best i bekker.

*Artsfunn:* Middels artsrikt (57). Trivielt artsutval utan klare dominantar.

*Verdsetting:* Relativt stor variasjon i samfunnstypar, men dei er delvis erodert på sørsida. Tang-/driftvollene inst i vika er velutvikla, med m.a. førekomst av den uvanlege tangvolltypen åkerdylle-åkersvinerot-voll (som finst fleire stader i Nesset) og noko undervasseng med ålegras i sjøen. Lokaliteten vert verdsett til C (lokalt viktig) fordi han kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria for B.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## 19 Rød: vest for Hagkleiva (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-19
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 4683 6085
<b>Høgde over havet:</b>	70-90 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edelløvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.05.2002, HFj (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 21)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Hovudsakleg bratt sørvendt li med fjellskrentar og hasselskog.

*Vegetasjon:* Rik edellauvskog som ligg i bratt sørvendt skråning. Området er ope med glissen skog og fjellskrenter. Hassel er dominerande (D2c).

*Kulturpåverknad:* Skogen er småvaksen og ber preg av å ha vore hoggen.

*Artsfunn:* Innslag av m.a. krossved og trollhegg. I feltsjiktet veks det varmekjære artar som sanikel, svarterteknapp, lundgrønaks, skogsvingel og myske.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit lite edellauvskogsområde, men med mange kravfulle artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred.

## 20 Rød: Rødli (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-20
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 460 607
<b>Høgde over havet:</b>	60-150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, kraftline

**Undersøkt/kjelder:** 14.og 15.05.2002, HFj, GGa og ISt (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 22)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg opp for Rødvika, nordvest for Rød. Den vert i sør avgrensa av kraftliner, i vest og aust av granplantefelt, medan grensa mot nord ikkje er kartlagt skikkeleg (det er her mest sannsynleg ein gradvis overgang mot meir fattig og triviell skog oppe i lisida).

*Vegetasjon:* Lia er prega av frodig lauvskog, ofte dominert av hassel. Det er mest rik lågurtskog, med eit markert innslag av varmekjære artar som gjer det naturleg og sjå på skogen som ein alm-lindeskog. Dei flataste partia i nedre del har mest hassel, ved bergfoten er det ein del osp, medan furu tek over oppover i den bratte lia. I tillegg finst m.a. bjørk, ask og svartor.

*Kulturpåverknad:* Området har opplagt vore aktivt nytta i lang tid, både til hogst og beite, men i dei siste ti-åra har aktiviteten vore låg. Truleg har det på flata ned mot kraftlina vore eit ganske ope skogbilete tidlegare. Der står no hasselskogen ganske tett, med spreidde større lauvtre. Ved bergfoten vart det funne fleire grove, morkne ospelæger, som vitnar om at det her har stått stor lauvskog i lang tid.

*Artsfunn:* Fleire kravfulle, varmekjære plantar vart funne, m.a. lundgrønaks, kusymre, skogstorr, skogsvingel, sanikel og svarterteknapp. Av spesiell interesse var ein god bestand av den raudlista orkidéen kvit skogfrue (R) langs bergfoten (MQ 4591-4613 6070-6079). I alt vart 138 skot telt opp, noko som gjer dette til ein av dei største kjende førekomstane av arten i fylket. Det er samtidig den einaste kjende lokaliteten i Nettet kommune. Arten vaks her på grunnlendt mark, i noko open skog av osp og hassel, der feltsjiktet ofte var dominert av liljekonvall. Dei rike hasselkratta har godt potensiale for sjeldsynte og raudlista marklevande skogsopp. Dei er og nytta for næringssøk for kvitryggspett, som truleg hekkar lengre vest i lia.

*Verdsetting:* Området vert verdsatt til A (svært viktig) sidan dette er ein ganske velutvikla alm-lindeskog med god førekomst av ein sjeldsynt, freda og raudlista orkide.

### Skjøtsel og omsyn

For å ta vare på naturverdiane er ein heilt avhengig av at gran ikkje vert planta eller spreier seg inn i området. Den bør m.a. aktivt fjernast, også unge tre. I tillegg bør ein ikkje hogge hassel og andre varmekjære treslag. Eit ekstensivt beite kan vere aktuelt, men dette bør ikkje verte for omfattande og evt. påverknad på kvit skogfruebestanden bør i så tilfelle overvakast.

## 21 Rød: Rødvika gnr/bnr 15/3 (rik edellaauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-21  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 4589 6063  
**Høgde over havet:** 25-60 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellaauvskog, rikare sumpskog  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Skogsdrift, kraftline  
**Undersøkt/kjelder:** 14.05.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 23)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein smal teig med hasselskog som ligg inneklemt mellom granplantefelt (i aust og vest), kraftliner (i nord) og bustadhus (i sør). Eit lite bekkesig renn ned i austre del av teigen, medan marka er noko tørrare i vestre del.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er ganske frodig, med dominans av hassel. Særleg langs bekkesiget er det og noko svartor. Dei tørrare partia har lågurtprega vegetasjon med m.a. mykje myske. Rundt bekken er det fuktigare og her er det m.a. masseførekomst av ramslauk. Rik kjelde-edellaauvskog med slakkstorr.

*Kulturpåverknad:* Skogen kan karakteriserast som middelaldrande, med lite daud ved og gamle tre. Den har nok vore ganske open tidlegare og sterkt påverka av beite. I nyare tid har han tydelegvis fått stå i fred.

*Artsfunn:* Forutan myske og ramslauk vart det funne andre kravfulle artar som sanikel, lundgrønaks, vårmarihand og nattfiol (ubestemt art). Av spesielt stor interesse var likevel sparsam førekomst av slakkstorr i øvre del av lokaliteten langs bekken. Dette er ein regionalt sjeldsynt og kravfull edellaauvskogsplante. Han er samtidig truleg ein god indikator på vegetasjonstypen rik kjelde-edellaauvskog, ein skogtype som er rekna for særleg truga (sjå t.d. Fremstad & Moen 2001).

*Verdsetting:* Området vert verdsatt til A (svært viktig) på grunn av førekomst av kjelde-edellaauvskog med den regionalt sjeldsynte slakkstorren.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred for inngrep. Forutan å unngå fysiske inngrep er det særleg viktig at gran ikkje får kome opp og at vass-siget ikkje vert avskore. Det er ein fordel om granplantefeltet på austsida vert avverka ganske snart og erstatta med naturleg lauvskog.

## 22 Rød: Rødlia gnr/bnr 15/9

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-22
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 456 605
<b>Høgde over havet:</b>	25-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.05.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 24)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein liten teig med hasseldominert skog med granplantefelt på austsida, kraftline i nord og veg i sør. Eit lite bekkesig renn ned i austre del av teigen, medan marka er noko tørrare i vestre del.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er ganske frodig, med dominans av hassel. Særleg langs bekkesiget er det og noko svartor. Dei tørrare partia har lågurtprega vegetasjon med m.a. ein del myske. Det er også innslag av litt ramslauk.

*Kulturpåverknad:* Skogen kan karakteriserast som middelaldrande, med lite daud ved og gamle tre. Han har truleg vore ganske open tidlegare og sterkt påverka av beite. I nyare tid har det vorte beita mindre.

*Artsfunn:* Av edellauvskogsplantar vart det forutan hassel og myske funne noko ramslauk, samt innslag av jordnøtt, kusymre, skogsvinerot og einskilde busker av hagtorn. Elles kan nemnast funn av lungenever.

Lokaliteten har tendensar til vegetasjonstypen rik kildeedellauvskog, men ikkje så godt utvikla som lokalitet 21.

*Verdsetting:* Området vert verdsatt til B (viktig) på grunn av god førekomst av ganske rike hasselkratt.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred for inngrep. Forutan å unngå fysiske inngrep er det særleg viktig at gran ikkje får kome opp og at vass-siget ikkje vert avskore. Det er ein fordel om granplantefeltet på austsida vert avverka og erstatta med naturleg lauvskog.

## 23 Rød: Trollmyra gnr/bnr 15/8 (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-23
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 449 604
<b>Høgde over havet:</b>	40-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.05.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 25)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er nedre del av ei sørvendt skogslie. Det er litt småkupert terreng med ein bekk som renn gjennom.

*Vegetasjon:* I hovudsak lågurtskog, men mykje av fattig type. Av treslag mykje hassel, litt svartor og noko av ulike boreale treslag.

*Kulturpåverknad:* Skogen er middelaldrande, med lite gamle tre og daudt trevirke. Særleg i nedre del ber vegetasjonen preg av tidlegare beite med mykje beitetolerante planter. Ellers er det m.a. ein brønn innanfor lokaliteten.

*Artsfunn:* Av størst interesse var lokalt god førekomst av den noko kravfulle skorpelaven *Thelotrema suecicum* på hassel. Ellers vart det funne ein del myske og litt skogsvinerot.

*Verdsetting:* Området vert verdsatt til B (viktig) på grunn av funn ein internasjonalt sjeldsynt lavart (men regionalt ikkje så uvanleg), samt at dette er eit lauvskogsdominert område på høg bonitet som ligg inntil eit større, verdifullt lauvskogsområde.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred, med unntak av grana som bør fjernast snarast råd. Særleg hogst av hassel og svartor er negativt. Det er viktig å unngå køyreskader på marka ved evt. uttak av trevirke.

## 24 Rød: Ramselia, ovanfor Trollmyra (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-24
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 443-455 606-613
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 75-350 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark, kantkratt
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.07.1979, JIH (Holten 1979), Bugge (1993), 06.06.2001, JBJ, 14. og 15.05.2002, GGa, ISt, m.fl (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 26)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei stor, sørvendt skogsli. Ho grensar i nedkant til kraftlina. Det er i fyrste rekkje partia ned mot kraftlina som er undersøkt og omtala her, medan kjennskapen til øvre delar av lia er dårlegare. I vest grensar området til fattigere vegetasjon og i aust til eit granplantefelt.

*Vegetasjon:* Lia har variert vegetasjon. Stadvis er det til dels massive og lågurtrike hasselkratt (D2). I vest er det innslag av open, fattig rasmark, og bergveggar finst fleire stader, særleg i øvre delar. Mykje er likevel rik lågurtskog og alm-lindeskog. I tillegg er det litt fattigere skog. Det er og tendensar til rik kjelde-edellauvskog (men dårleg utvikla innanfor dette området), lågurtfuruskog, og truleg finst det innanfor området og noko av fattigere skogtypar, særleg i øvre delar. Av treslag er det mykje hassel, noko furu (særleg i øvre del), ein del bjørk, osp og alm, samt litt ask og svartor. Innanfor lokaliteten har det og kome med eit par granplantefelt (sentralt i Ramselia). I midtre del av Ramselia er det eit parti der alm er dominerande.

*Kulturpåverknad:* Området er lite påverka av inngrep i nyare tid. Tidlegare har det opplagt vore mykje både av hogst og beite her, men spora av dette er i ferd med å forsvinne. Eit viktig inngrep er den tidlegare omtala granplantefelta i Ramselia, samt kraftlina med tilhøyrande traktorveg i nedkant.

*Artsfunn:* Funn av kusymre ved MQ 4523 6060 er interessant, ein kystart som tidlegare ikkje er funnen så langt inn i dette området. Av kravfulle karplanter (JBJ, JIH) kan nemmast breiflangre, fingerstorr, firblad, jordnøtt, kranskonvall, kransmynte, krossved, lodneperikum, lundgrønaks, myske, nattfiol (ubestemt art), piggstorr, ramslauk, sanikel, skogbjørnebær, skogfaks, skogstorr (350 moh), skogsvingel, storklokke, svarterteknapp, svartor 220 moh, trollhegg (mykje), vårerteknapp, vårmarihand. Ask i kraftlinja (kanskje forvilla). Det er ikkje påvist særleg mange interessante kryptogamar i området, men delar av det har opplagt stort potensiale for kravfulle og raudlista sopp knytt til rik lågurtskog. På bergveggar og lauvtre med rikkbork veks noko lav frå lungenever-samfunnet, m.a. stadvis gode bestandar av sølvnever *Lobaria amplissima*. På eit par grove, dels styva almetre i vest vart det funne almelav *Gyalecta ulmi*. I vestre del var påvist eldre reirhol av dvergspett (DC) og revirhevdande kvitryggspett (V), av den siste vart det truleg funne eldre reirhol sentralt i området.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) fordi det er eit stort og velutvikla område med rik, edellauvskogsprega vegetasjon og med mange kravfulle artar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred, med unntak av grana som bør fjernast snarast råd. Særleg hogst av edellauvtre som alm, hassel, ask og svartor er uheldig, men også furu og osp utgjer verdfulle element og lokalt kan det vera viktige kvaliteter knytt til begge artar.

## 25 Rød: ytre Rød-Trollmyra (artsrik vegkant)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-25
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 4532 6046 – 4498 6043
<b>Høgde over havet:</b>	10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrik vegkant
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Endring av kantslåtrutinar
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.07.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein engrega vegkant på øversida av vegen vest for busetnaden på Rød og vestover mot Trollmyra. Vegskuldra er mest artsrik, men også i skråninga mot skogen finst interessant flora. Naturtypen er nær i slekt med tradisjonelle slåtteeenger i kulturlandskapet.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4). Kant mot lauvskog med oppslag av ein del svartor.

*Kulturpåverknad:* Vegkanten vert slått med kantklippar, og har ikkje vore renska på ei stund. Nedre vegkant vart sprøyta i 2002.

*Artsfunn:* Mest interessant er ein stor bestand av grov nattfiol, noko over 300 individ vart telt på 450 m grøftestrekning. Elles finst skogmarihand, prestekrage, skogbjørnebær, revebjølle, smalkjempe og kvitmaure.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten inneheld ein engvegetasjon med god bestand av grov nattfiol, som er ein regionalt mindre vanleg art, og som truleg er i tilbakegang pga. endringane i kulturlandskapet.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at kantslåttan held fram, gjerne sein slått, det er ønskjeleg med grøfterensk så sjeldan som råd, og ein bør ikkje sprøyta.

## 26 Rød: vest for Trollmyra (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-26
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 445 604
<b>Høgde over havet:</b>	80-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14. og 15.05.2002, GGa & ISt (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 27)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei søraustvendt, men noko skuggefull skogslå. Lokaliteten ligg delvis i eit grunt søkk i lia, og delvis meir eksponert mot sør. Avgrensning er i nord mot kraftline, i vest mot granfelt og fattigere skog, og i sør og aust meir diffust mot meir påverka skogsmiljø.

*Vegetasjon:* I delar av området er det ganske velutvikla, fuktig gråor-almeskog, medan austre delen har mykje rik lågurtskog. Viktige treslag er alm (lokalt i vest), gran (planta/forvilla, særleg i vest), hassel, gråor, bjørk og nokre furutre (samt rogn og selje). Eit par almetre var grove, to av dei største hadde falle ned.

*Kulturpåverknad:* Både i nord (kraftline), aust (hogd litt) og sør (litt hogst, enkel traktorveg) er det nokre inngrep. I tillegg ber både skogstruktur (oppbrote, truleg har det vori meir ope tidlegare) og andre kulturspor (t.d. dei gamle grantrea, eit par styva almetre og ein steinmur) preg av tidlegare omfattande påverknad.

*Artsfunn:* Forutan typiske artar knytt til rik lauvskog som myske, skogstjerneblom, firblad og trollbær, vart det funne noko gullstjerne og eit fåtal av lerkespore i området. På dei to grove almetrea vart det funne almélav *Gyalecta ulmi* og bleikdoggnål *Sclerophora nivea* og skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* på ei av dei nedfalne trea. Spørteikn tyder på at dette er ein del av næringsområdet for kvitryggspetten som hevda revir i lokaliteten 24 Ramselia.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ein rik edellauvskog med innslag av nokre kravfulle og uvanlege karplanter og lav.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred, med unntak av grana som bør fjernast snarast råd. Styving kunne gjerne takast opp att, men ein må da truleg starte med dei små til middels store almetrea, ikkje dei gamle. Truleg er dei viktigaste treslaga som bør få stå i fred alm, gråor og osp.

## 27 Tjelle: Kvamlielva (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-27
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 4373 6129
<b>Høgde over havet:</b>	210-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)

**Mulege truslar:** skogsdrift, kraftline  
**Undersøkt/kjelder:** 14.05.2002, HFj (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 29)

### Områdeskildring

*Generelt:* Hovudsakleg sørvestvendt ospeli som ligg i ein vestvendt bekkedal. Fleire læger av osp inngår. Berre dei nedre delane vart undersøkte, og avgrensinga i aust er difor litt usikker.

*Vegetasjon:* Hovudsakleg blåbærskog dominert av osp, men også noko lågurtskog. Av treslag inngår elles hassel, rogn og bjørk. Feltsjiktet er dominert av blåbær, men med myske på rikare plassar.

*Kulturpåverknad:* I lia er det planta gran og det er spor av hogst. I sør grenser lokaliteten til ei kraftline.

*Artsfunn:* Dei to raudlista soppartane ospekjuka *Ceriporiopsis aneirina* (DC) og ospekvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (DC) var funne på læger av osp. M.a. vanleg blåfittlav *Degelia plumbea* vart registrert på osp.

*Verdsetting:* Området vert verdsatt til B (viktig) fordi dette er eit noko større område med rik, gammal lauvskog og med førekomst av to raudlisteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred, men grana som skugar ut delar av bestandet bør fjernast.

## 28 Tjelle: Seterlia (gammal lauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-28  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 425-433 625-627  
**Høgd over havet:** 200-300 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Gammal lauvskog, rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Skogsdrift, kraftline  
**Undersøkt/kjelder:** 14.05.2002, GGa, HFj (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 37), 12.09.2003, FO & Ist (Oldervik & Stenberg 2003 lok. 8)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg opp mot Gusjåsen og er hovudsakleg ei sørvendt skogsli med furuskog på toppen (Jutullia), lauvdominert i øvre del av lia, og i nedre del furu og bakkemyrer. I tillegg eit par granplantefelt. Eit vestvendt, meir bratt parti med einskilte bergvegger er også med i lokaliteten, her er det noko hasselkratt.

*Vegetasjon:* Mest lågurtskog. Også litt blåbærskog og lokalt i vest tendenser til gråor-almeskog. Bakkemyrene er truleg av intermedier karakter (dette er ikkje sjekka skikkeleg). Området har storvaksen skog, med mest bjørk, men også jamnt med grov furu og osp. I tillegg finst spreidde almetre (små til middels store), sparsamt med rogn og selje, samt eit par store busker av einer (opptil 20 cm i diameter og 4-5 meter høge).

*Kulturpåverknad:* Det er i nyare tid hogd nokre tre i lokaliteten. I tillegg står det dels i kanten og dels innanfor det avgrensa området noko planta gran. Gamle stubbar viser at området har vore hogd tidlegare, men det er no spreidd med læger og gadd, og inngrep i nyare tid er ubetydelege. I vest grensar lokaliteten til ei kraftline, litt sør for han ligg ein traktorveg.

*Artsfunn:* Av raudlisteartar veks skorpefittlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) i god bestand i området (funne på 12 tre - både osp, alm og rogn, men sikkert meir vanleg), medan eit ospelæger var vekseplass for ospekjuka *Ceriporiopsis aneirina* (DC). I tillegg var rotnål *Microcalicium ahlneri* funnet på ei furugadd, ein aktuell kandidat til ei raudliste for skorpelav. Pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum* vaks på ein furulåg (røtevedmose, tidlegare på raudlista). Av noko kravfulle karplanter kan nemnast myske, sanikel, skogsalat, skogsvinerot, trollbær, hassel, alm, kratthumleblom og skogstjerneblom. Av andre lav fanst m.a. sølvnever *Lobaria amplissima* sparsamt, i tillegg til meir vanlege artar frå lungenever-samfunnet. I 2003 vart det gjort to funn av raudlisteartar. I eit hasselkratt ved bergfoten aust for Skjørsetra (MQ 425 626 ca 200-230 moh) vaks to raudlista vokssopp: gyllen vokssopp *Hygrocybe aurantiosplendens* (V) og bitter vokssopp *Hygrocybe mucronella* (DC).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) pga. funn av fleire raudlisteartar, med godt potensiale for fleire, og at det er eit relativt stort område med velutvikla gammal lauvskog med ein del grove tre og daudt trevirke. Elles finst rike hasselkratt.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred, med unntak av grana som bør fjernast snarast råd. Både hogst av bjørk, osp og furu er klart negativt for kvalitetane til lokaliteten. Ved hogst og vekktransport av grana er det viktig å unngå køyreskader på marka, ikkje minst på bakkemyrene.

## 29 Rødfjellet: sør for Fugleskarhaugen (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-29
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 444-450 625-630
<b>Høgde over havet:</b>	280-340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Grøfting, oppdyrking
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.07.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 53)

### Områdeskildring

*Generelt:* I området rundt Fugleskarhaugen har det vore store, samanhengjande bakkemyrer. Noko er oppdyrka eller grøfta på sørsida av haugen, men det er att ein del på sørsida av veggen. Den avgrensa lokaliteten endar i eit grøftesystem i vest, medan myra vert gradvis fattigare opp mot eit anna grøftesystem i aust. På sørsida er det til dels frodig lauvskog i lia opp mot Rødhesten.

*Vegetasjon:* Myra er i stor grad av rik og interemediær karakter. Det er mest fastmattemyr, men med fleire små vass-sig/bekker.

*Kulturpåverknad:* Bortsett frå noko næringstilsig til den nordre bekken i myra, frå dyrkingsfeltet og fjøset, er det ikkje nokre inngrep på det avgrensa myrpartiet.

*Artsfunn:* Breiull opptre i store mengder. I tillegg er det spreidd med andre kravfulle myrplantar som engmarihand, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, sveltull, sumphaukeskjegg og nøkkesiv. Elles kan nemnast artar som bjønnbrodd, skogsiv, svartopp, dvergjamne, kystmyrklegg og nattfiol.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) pga. at det er eit rikmyrareal under 50 dekar med førekomst av fleire kravfulle myrplantar, m.a. engmarihand.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la myrene få liggja i fred for inngrep. Ytterlegare næringstilsig frå dyrkingsfelta bør helst ikkje skje.

## 30 Rødfjellet: Rødsetrane: Dalasetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-30
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 457 646
<b>Høgde over havet:</b>	360 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av hevd, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.07.1995, JBJ (Jordal & Gaarder 1995)

### Områdeskildring

*Generelt:* Setrane ligg litt beskytta til ved eit lite dalsøkk med ei lita elv. Jordsmonnet ser ut til å vera basefattig ut frå vegetasjonen. Det finst både tørre, friske og fuktige parti.

*Vegetasjon:*

*Kulturpåverknad:* Det går bilveg fram. Området er beita av sau og beitetrykket på vollen er ganske bra.

*Artsfunn:* Det vart funne 9 naturengartar av ialt 38 planteartar på vollen, og lokaliteten må vel seiast å vera nokså triviell ut frå vegetasjonen. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei beitemark med ordinært artsutval for regionen.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

## 31 Rødfjellet: Rødsetrane: Haugsetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-31
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 454 639



<b>Høgd over havet:</b>	400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av hevd, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.07.1995, JBJ (Jordal & Gaarder 1995)

### Områdeskildring

*Generelt:* Som namnet seier ligg setrane på ein haug i terrenget. På ei av setrane vert det servert seterkost om sommaren, eit tiltak som er godt motteke lokalt. Jordsmonnet ser ut til å vera basefattig ut frå vegetasjonen. Det finst både tørre, friske og fuktige parti.

*Vegetasjon:*

*Kulturpåverknad:* Det går bilveg mest heilt fram. Området er beita av sau og beitetrykket på vollen er ganske bra.

*Artsfunn:* Det vart funne 9 naturengartar og 3 seterplanter av ialt 51 planteartar på vollen, og lokaliteten må vel i likskap med den nærliggjande Dalasetra seiast å vera nokså triviell ut frå vegetasjonen. Det er ikkje funne beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei beitemark med ordinært artsutval for regionen.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

## 32 Rødfjellet: Vettavatna-Fugleskarhaugen (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-32
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 44-45, 63-65
<b>Høgd over havet:</b>	300-360
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, terrengdekkjande myr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.08.1974 A. Moen & I. Fottland (Moen 1984), 06.06.2001, JBJ, 18.05., 16.06. og 10.07.2002, HFo, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 32)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ein open dal mellom Rød og Fosterlågen. I vest er det snaufjell, og lia ned mot Vettavatna er for ein stor del samansett av bakkemyrar. Aust for vatna stig terrenget bratt med knausar og furu/bjørkeskog. Stort myrlandskap dominert av bakkemyr og flatmyr. Også innslag av øyblandingsmyr, terrengdekkjande myr og planmyr. Det er noko erosjon i alle typane. Fattig vegetasjon dominerer, men innslag av rikare finst. Lokaliteten er avgrensa som manuskart mottatt av G. Gaarder (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 32).

*Vegetasjon:* Trivielle, fattige bakkemyrsamfunn dominerer (K1, K3). Men det finst også intermediær vegetasjon ei rekkje stader (L1-L3), og dels har intermediære mjukmattesamfunn innslag av interessante arter (f.eks. myggblom som finst i stort tal). Rik bakkemyr finst (M2), men dekkjer lite areal.

*Kulturpåverknad:* Nokre høyløer vitnar om slått i eldre tider. Eit par hytter står og i området. Myrområda aust og søraust for Fuglskarhaugen er oppdyrka.

*Artsfunn:* Engmarihand veks spreidd, og er m.a. funne nordaust, nordvest og rett vest for Fuglskarhaugen. Myggblom finst i stort tal. Elles kan nemnast svarttopp, breiull, sivblom, strengstorr, sannsynleg rundstorr, nøkkesiv, kvitmyråk, sveltull, fjellfrøstjerne og myrkråkefot. Kvitkurle, truleg den raudlista låglandskvitkurle, vart funne sparsamt i nordvestre del (UTM: MQ 4388 6418), saman med m.a. engmarihand og nattfiol. Dette er ein viktig lokalitet for våtmarksfugl, bl.a. grønstilk, småspove o.a. vadefugl. Lokaliteten er hekkeplass for dvergfalk, i smågnagarår kan truleg fleire rovfuglartar hekka.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (viktig) fordi det er eit stort myrområde med innslag av rikmyr. I tillegg førekjem våtmarksfugl med austleg utbreiing (vilt er ikkje vurdert her).

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i myrområda. Det bør ikkje byggast fleire hytter innanfor eller inntil området. Furuskogen bør ikkje hoggast. Det bør ikkje kome næringstilsig til bekkar og vannsig i området frå hytter og dyrkingsfelt.

### 33 Gusjåsen: Blåberget (Dalan) (gammal skog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-33
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 42 63-64
<b>Høgd over havet:</b>	100-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog, gammal barskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.05.2000, GGa (Melby & Gaarder 2001), 01.09.2003, FO & ISt (Oldervik & Stenberg 2003 lok. 9)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lauvrik blandingskog, litt steinur, berg og eldre lauvtre gjev potensiale for noko kravfulle artar knytt til gammal skog. Fleirsjikta skog, godt innslag av læger av lauvtre, få furulæger, få gaddar/høgstubbar av furu og bjørk. Særskild opp mot toppen var det ein god del gammal gadd og læger.

*Vegetasjon:* Fordelinga av vegetasjonstypar er grovt sett slik: Røsslyng-blokkebærskog 20%, blåbærskog 50%, lågurtskog 20%, høgstaudeskog 10%. Treslagfordelinga er grovt sett slik: furu 30%, bjørk 55%, osp 5%, rogn 10%, innslag av hegg, selje og hassel.

*Kulturpåverknad:* Eldre hogstspor vart observert, og lokaliteten var tydeleg påverka av tidlegare hogstinngrep, men hadde no relativt gammal og lite påverka skog.

*Artsfunn:* Raudlisteartar: røteflak *Calypogeia suecica* (røtevedmose, DM) på 1 furulåg, og skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) på 2 rognar og ca. 5 osper. Andre artar: pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum* (røtevedmose, tidlegare på raudlista), lungenever *Lobaria pulmonaria*, skrubbenever *Lobaria scrobiculata*, puteglye *Collema fasciculare*, kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, vanleg blåfiltlav *Degelia plumbea*, rognfiltlav *Pannaria conoplea*, vinflekklav *Arthonia vinosa* og gammelgranlav *Lecanactis abietina*. Det vart gjort fleire interessante funn i 2003 (Oldervik & Stenberg 2003, lok. 9). Den omsynskrevjande røtevedsoppen *Phlebia cretacea* (DC) vart funne på fleire læger i området, medan den sjeldne *Phlebia subserialis* vart funne to stader på ved som var falle av ståande, gamle furugaddar. I tillegg vart den sjeldne skivesoppen *pukkelkremle* *Russula coerulea* (R) funne litt lenger ned i åsen. I eit ospesholt nede i lia vart det funne reirhol av grønspeitt/gråspeitt/flaggspeitt, medan det oppe på åsen vart observert storfugl. Kvitryggspett vart og sett på synfaringa.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med gammal lauvskog og furuskog med ein del artar knytt til slik skog, og truleg potensiale for ein del fleire slike artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å unngå hogst og fysiske inngrep i lokaliteten.

### 34 Gusjåsen: vestsida av Vetafjellet (gammal skog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-34
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	ca MQ 420-425, 650-670
<b>Høgd over havet:</b>	100-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog, gammal barskog, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.09.2003, FO & ISt (Oldervik & Stenberg 2003 lok. 11)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Eit ganske breitt belte med gammal furuskog frå fjellet og ned mot granplantasje lenger nede i lia. Lokaliteten var prega av uvanleg mykje, til dels, grov gadd og mange læger. Undersøkingar gjort i Aure dei siste par åra (FO) viser at slike område har eit høgt potensiale for raudlista og sjeldne vedboande røtesoppar. Området er ikkje oppsøkt, men studert i teleskop.

*Vegetasjon:* Innslag av røsslyng-blokkebærskog, blåbærskog, og litt skog med hassel og alm ved MQ 423 664.

*Kulturpåverknad:* Dårlege data. Granplantefelt nedanfor lokaliteten.

*Artsfunn:* Ingen data.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med gammal lauvskog og furuskog med eit sannsynleg potensiale for artar knytt til slik skog.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å unngå hogst og fysiske inngrep i lokaliteten.

## 35 Gusjåsen: Stormyra (intakt låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-35
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 40-41, 66-67
<b>Høgde over havet:</b>	100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.08.1974 AM (Moen 1984), 06.06.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Flatmyr og ulike utformingar av planmyr dominerer. Store myrparti der det vekslar mellom tuve og lausbotn. Delvis finst det også planmyr med mykje mattevegetasjon. Bakkemyr finst i kantene.

*Vegetasjon:* Ombrotrof og fattig vegetasjon dominerer. Intermediære mjukmatter inngår.

*Kulturpåverknad:* Grøfting er utført i delar av området. Berre delar av det store myrområdet er oppsøkt.

*Artsfunn:* Suboseaniske artar som klokkelyng, pors og rome dominerer. I mjukmatter står myrkråkefot, nøkkesiv, kvitmyrak, brunmyrak, sivblom.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det framleis er store myrområde som ikkje er grøfta (intakt høgmyr, intakt låglandsmyr). I tillegg finst interessante artar som myrkråkefot, brunmyrak m. fl. Lokaliteten har i tillegg viktig viltfunksjon (ikkje vurdert her).

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg å bevare myrområda utan fleire inngrep som grøfting, skogplanting og vegar.

## 36 Gusjåsen: Storelva (meandrerande elv, gråor-heggeskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-36
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 39, 66-67
<b>Høgde over havet:</b>	40-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, ferskvatn/våtmark, myr
<b>Naturtype:</b>	Gråor-heggeskog, kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti, intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, kraftline
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Jordal & Gaarder (1995), Melby & Gaarder (2001), 01.09.2003, FO & Ist (Oldervik & Stenberg 2003 lok. 13)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på begge sider av elva, og dermed både i Nesset og Molde, og dessutan i Gjemnes. Melby & Gaarder (2001): "Elva renner her gjennom løsmasser og forgreiner seg litt, samtidig som det er frodig lauvskog på terrassekantene. Flaummarksskogen er noe av den mest intakte og frodigste som er kjent i regionen og trolig langt på vei unik for Romsdalshalvøya. Flere kravfulle artar er påvist." Flaummarksskogen er den mest frodige og velutvikla i regionen, særleg utvikla i eit parti med sterkt foregreina elveløp (MQ 393 661). Ein har nytta avgrensinga til Oldervik & Stenberg 2003 lokalitet 13 som og inkluderer noko intakt låglandsmyr langs elva.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog, innslag av rik edellauvskog med alm og hassel, dessutan osp.

*Kulturpåverknad:* Melby & Gaarder (2001): "Området er uten nyere inngrep."

*Artsfunn:* Ein av dei påviste artane er den raudlista skorpefiltlaven *Fuscopannaria ignobilis* (DC) (Gaarder & Jordal 2001). Ved eit anna viktig parti langs elva (MQ 396 669) vart den raudlista røtevedsoppen *Phlebia tristis* (R) påvist (så vidt inn i Gjemnes kommune). Det er observert hekkande kvitryggspett i området (V-art) og dessutan hekkande storfugl.

*Verdsetting:* Ut frå nemnde kjelder og fordi dette er ein av dei finaste flaummarksskogene i regionen vert lokaliteten gitt verdi A (svært viktig). Sjølv om lokaliteten ligg i 3 kommunar, vert han verdsett som ein heilskap.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen og miljøet få stå i fred for inngrep. Det bør etablerast ei brei (min. 20-30 m) kantsone i furuskogen utanfor lauvskogsbeltet langs elva der det ikkje vert treslagsskifta eller flatehogd.

## 37 Gusjåsen: utløpet av Storelva (deltaområde)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-37
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 393 647
<b>Høgde over havet:</b>	12 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark, skog
<b>Naturtype:</b>	Deltaområde, kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elveparti, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.06.2001, 04.09.2001, JBJ, Melby & Gaarder (2001), 15., 22.05. og 02.06.2002, HFj, GGa, ISt, HFo (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 42)

### Områdeskildring

*Generelt:* Utløpet av Storelva i Osvatnet er ein av dei best utvikla elvesumpane i fylket utanom Rauma (jfr. Jordal & Stueflotten 2004).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er variert frå gråor-heggeskog (C3) via høgstorrsump (O3) til flaumdammar og vassvegetasjon med langskotvegetasjon (P1) og kortskotstrand (O1).

*Kulturpåverknad:* Det går ein skogsveg ned langs elva til osen. Det er dyrka opp eit areal nær utløpsosen med dreneringskanal til elveutløpet, og det går ei kraftline gjennom sumplandskapet. Det er nyleg hogd litt oreskog nord for øvre dam og litt strandskog ut mot Osvatnet. Det er vidare planer om ei kraftlinje til frå Aura til Istad som kan koma til å gå gjennom området, men traséen er i skrivande stund ikkje fastlagt.

*Artsfunn:* Svært interessant er funn av skogsivaks, ein søraustleg sumpplante som i fylket vårt er funnen få stader utanom Rauma. Det er usikkert om denne arten førekjem på Nettet-sida. Elles vart det notert sennegrass, gulldusk, åkermynte, flotgras, kysttjønnaks, kvit nøkkerose, mannasøtgras og soleinøkkerose. Storlom vart sett fleire gonger, elles er det observert kvinand (6 stk), siland, hegre og vendeheals (V). Flaumdammane er hekkeområde for kvinand.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er eit av dei største og best utvikla deltaområda i ferskvatn i regionen, med fleire flaumdammar, velutvikla gråor-heggeskog og førekomst av fleire regionalt sjeldsynte og raudlista artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Lauvskogen bør sparast for hogst. Dette gjeld både gråorskogen og strandskogen.

## 38 Gusjåsen: Plassabekken/Sagbekken (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-38
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 396 628
<b>Høgde over havet:</b>	240 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, treslagskifte, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.05.2000, GGa (Melby & Gaarder 2001), 02. og 09.06.2002 HFo (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 39)

### Områdeskildring

*Generelt:* Nokså frodig bjørkeskog langs ein bekk i sørvendt li. Treslagfordeling: furu 15%, bjørk 60%, osp 20%, innslag av gråor, rogn og selje. Innslag av lauvtrekøyer i alle nedbrytingsstadium, sparsamt med furuløyer. Store osper, gadd av osp og gråor. Furu opp til 60-70 cm stammediameter i brysthøgde.

*Vegetasjon:* Blåbærskog/småbregneskog 80%, lågurtskog 10%, høgstaudeskog 10%.

*Kulturpåverknad:* Berre gamle hogstspor observert.

*Artsfunn:* Raudlisteartar: røteflak *Calypogeia suecica* (DM) på 1 ospelåg, skorpefyllav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) på 2 osper. Andre artar: pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum* (røtevedmose, tidlegare på

raudlista), lungenever *Lobaria pulmonaria*, kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, vanleg blåfiltlav *Degelia plumbea*, kystnever *Lobaria virens*. Det er og observert fleire viltartar, m.a. kvitryggspett (V). Området har ein god bestand av storfugl.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten omfattar eldre lauvskog på fuktig og ganske rik mark, med innslag av raudlisteartar og signalartar knytt til gammal skog.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å unngå hogst og fysiske inngrep i lokaliteten.

### 39 Tjelle: Barsteintjernet naturreservat (gammalskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-39
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 38-42 59-62
<b>Høgd over havet:</b>	135-596 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.07.1990 (Korsmo & Svalastog 1997), Melby & Gaarder (2001)

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er eit stort furuskogsdominert område på rundt 8200 daa som ligg i både Nettet og Molde. Lokaliteten er verna som naturreservat og det vert her vist til meir detaljert omtale i verneplanarbeida (som Korsmo & Svalastog 1997). Det kan nemnast at utfyllande undersøkingar (Melby & Gaarder 2001) har dokumentert verdiane i delar av området betre. Delar av området har storvaksen furu opp mot 250 år og rik epifyttflora. Det er relativt lite læger. Det er ein god del myr. Sjølve Barsteintjønna ligg i ein dal som utgjer eit myrrikt dalsystem mellom plassen Barsteinen (mot Langfjorden i sør) og riksveg 62 ned til Tjellevatnet i nordaust. Dalsidene er skogkledd. Faunaen er rik og variert. Storleik og variasjon gjer området viktig som typeområde for desse fjordstroka. Berggrunnen består av migmatittisk gneis av granittisk og granodiorittisk sammensetning. Området er forholdsvis grovkupert. Lokaliteten ligg i den mellomboreale og nordboreale vegetasjonssonen forutan delar av lågalpin region. Ein eigen liten delokalitet kalla Ospalihaugen er skildra av Melby & Gaarder (2001). Han ligg i posisjon MQ 396 616, 340 m o.h. og er skildra slik (lett redigert):

”Nordvendt halvrik furuskog med ein del lauvtre, deriblant nokså grov osp. Treslagfordeling: furu 50%, bjørk 30%, osp 20%, innslag av rogn. Innslag av lauvtrælæger i alle nedbrytingsstadium, sparsamt med furulæger. Store osper, gadd av furu, osp og bjørk. Furu ca. 10 tre opp til 60-80 cm stammediameter i brysthøgd, osp 5-10 tre opp til 60-70 cm stammediameter i brysthøgd. Ospalihaugen er dominert av blåbærskog.”

**Vegetasjon:** Fattige vegetasjonstypar dominerer med røsslyng-blokkebærfuruskog og blåbærfuruskog som dei vanlegaste. Det er ein god del fattig fastmattemyr. Flekkar med høgstaudeskog er vanleg langs bekkedråga. I dei bratte liene søraust i området finst reine bjørkeskogar, mellom anna som fint utforma høgstaudebjørkeskog.

**Kulturpåverknad:** Dei fleste spor etter hogst er gamle. Av nyare hogstingrep finn ein m.a. at det er hogd litt bjørk sentralt i lokaliteten forutan furu på vestsida av Barsteintjernet. Det er bygd ein skogsbilveg opp mot Barsteintjønna. To høgspenlinjer møtest på sørsida av Sjøsetervatnet. Den eine går gjennom heile Barsteinsdalen ved sida av ei telefonline. Den andre høyspenlina går frå knutepunktet sør-søraust mot Tjelle.

**Artsfunn:** På rogn og bjørk, særleg i storbregnebjørkeskogen, er det mykje lungenever *Lobaria pulmonaria* og noko skrubbenever *L. scrobiculata*. ”Ved utoset i Tjellevatnet står det også en del kvasstorr *Carex acuta*” (Korsmo & Svalastog 1997). Denne arten er lite kjent i fylket og skulle vore reinventert. I området Ospalihaugen skildrar Melby & Gaarder (2001) følgjande funn: skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (raudlisteart, DC) på 3 osper, dessutan lungenever, skrubbenever, kystfiltlav, vanleg blåfiltlav, kystvrenge, vinflekklav, puteglye og skorpelaven *Megalania grossa*.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og velutvikla gammalskogsområde som inneheld fleire raudlista artar. Den urskognære tilstanden som delar av området har i dag, gjer lokaliteten verdifull. Barsteindalen er av Korsmo & Svalastog vurdert som et ”svært verneverdig typeområde (\*\*\*)”.

#### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet.

### 40 Tjelle: nordvest for Gammelsetervatnet (gammal furuskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-40
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 420 619  
**Høgde over havet:** ca. 150 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Gammal barskog  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Hogst, treslagsskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 21.08.2004, FO (Gaarder & Oldervik 2004 lok. 4)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg nordvest for nordlege del av Gammelsetervatnet mot Skjørsetervatnet eit lite stykke nord for Barsteintjernet naturreservat. Lokaliteten består av eit lite myrdrag og ei ganske slakk åsside. Ei lita tjønn, saman med myrdraget og den nordlege eksposisjonen (hellingsretninga) gjer at lokaliteten vert relativt fuktig. Skildringa er skriven av Finn Oldervik, og avgrensinga følgjer manuskart mottatt av Geir Gaarder.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er stort sett triviell blåbærskog med forholdsvis småvaksen furu, men opp mot eit mindre høgdedrag vaks det og noko osp (med lungenever *Lobaria pulmonaria*) og ganske gammal, grov bjørk.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten. Det var noko daud ved i området rundt MQ 4197 6184.

*Artsfunn:* På eit middels grovt furuvindfall vart det funne ein raudlista borksopp, *Phlebia tristis* (R). Det er fuktig blåbærfuruskog med noko grov bjørk og osp ved MQ 4199 6186. I det same området vart det også observert tretåspett på matsøk. Truleg er det ein samanheng mellom observasjon av tretåspett på lokaliteten og relativt god tilgang på daud ved.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) pga. at det er gammal skog der det og vart funne ein sjeldan raudlista sopp. Denne arten synest først og fremst å vera fuktigheitskrevande, dvs. han krev relativt høg og stabil fuktigheit. Lang kontinuitet i dødvedelementet kan verka som eit sekundært krav.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la skogen få liggja i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift, grøfting og liknande.

## 41 Tjelle: vest for Gammelsetervatnet (gammal lauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-41  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 4211 6176  
**Høgde over havet:** ca. 160 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Gammal lauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Hogst, treslagsskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 19.08.2004, GGa (Gaarder & Oldervik 2004 lok. 1)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg rett på vestsida av Gammelsetervatnet, i nordkant av kraftlina som kryssar området, og rett nord for Barsteintjernet naturreservat. I ei austvendt, slak skråning her er det noko lauvdominert skog med mykje ganske stor og dels grov osp. Rundt er det mest furu. Også inne i bestandet er det ein god del furu, litt bjørk og sparsamt med rogn. Skogen er lite sjikta. Naturtypen er gammal lauvskog, utforming gamle ospoholt. Skildringa er skriven av Geir Gaarder, og avgrensinga følgjer manuskart mottatt av Geir Gaarder.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er ikkje spesielt rik, med hovudsakleg blåbærskog og berre mindre parti med småbregneskog.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten.

*Artsfunn:* På furutrea er det lokalt mykje gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa*. Verdiane ser likevel ut til i første rekkje å være knytt til lavsamfunn på osp og dels rogn. Desse har middels godt utvikla lungenever-samfunn, med artar som lungenever *Lobaria pulmonaria*, kystvrenge *Nephroma laevigatum*, grynvrenge *L. parile*, kystårenever *Peltigera collina*, kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, vanleg blåfiltlav *Degelia plumbea*, filthinnelav *Leptogium saturninum*, stiftfiltlav *Parmeliella triptophylla* og *Megalaria grossa*. I tillegg vart skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) funnen på to ospetre.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan ein raudlisteart er påvist. Kvalitetane elles (mengda av andre lavartar, førekomst av stor osp) tilseier lokalt viktig til viktig.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la skogen få liggja i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 42 Tjelle: sør for Gammelsetervatnet (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-42
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 4236 6117
<b>Høgd over havet:</b>	150-180 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst, treslagsskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.07.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 54), 19.08.2004, GGa & FO (Gaarder & Oldervik 2004 lok. 2)

### Områdeskildring

*Generelt:* Her er skildra berre den delen som ligg utanfor (og inntil) Barsteintjernet naturreservat. Den nordvendte skoglia til Øykjefjellet har til dels frodig lauv- og blandingskog. Dette gjeld og innanfor den avgrensa lokaliteten, som går over i fattigare myr og myrskog ned mot Gammelsetervatnet. Det er frodig, men ikkje så interessant skog i den bratte lia i sør og vest og mot eksisterande kraftline i aust. Det er litt daudt trevirke, primært av ulike lauvtreslag og ganske ferskt. Gråora oppnår brukbare dimensjonar, på opptil 30-40 cm i diameter, elles er ikkje skogen spesielt grov. Miljøet er fuktig med mykje lav på trea. Miljøet er frodig og potensialet for kravfulle artar ganske godt. Skildringa er skriven av Geir Gaarder, og avgrensinga følgjer manuskart mottatt av Geir Gaarder, med den justering at berre område utanfor reservatet er tekne med.

*Vegetasjon:* Innanfor lokaliteten er det mest småbregne- og dels blåbærskog, men og litt rikare høgstaudekog. Det står noko grov og gammal osp her, samt litt furu, bjørk, rogn, gran og eit par seljetre. Det finst litt gadd og læger. Bjørk er det vanlegaste treslaget, i tillegg til noko gråor (særleg langs bekkesiget), rogn og innslag av gran (mest sekundærspreidd), furu og selje. Det svært frodige feltsjiktet med dominans av høgstaudevegetasjon og ellers noko storbregneskog, gjer at forynginga er problematisk og somme parti er utan tre.

*Kulturpåverknad:* Det står noko gran av ulik alder i området. Nokre tre kan vera planta, men det meste er truleg spreidd frå eldre plantinger nærare Tjelle. Det er fleire små grøfter gjennom området. Elles har det ikkje vore hogd tre her på nokså lang tid.

*Artsfunn:* Skogen ligg ganske beskytta og det er gode råmetilhøve for m.a. lav. Fleire artar frå lungenever-samfunnet veks da også på lauvtree, m.a. vart den raudlista skorpefiltlaven *Fuscopannaria ignobilis* funne på to ospetre. Elles førekom m.a. ospeblæreglye *Collema subnigrescens*, puteglye *Collema fasciculare*, lungenever *Lobaria pulmonaria*, vanleg blåfiltlav *Degelia plumbea*, kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, skrubbenever *Lobaria scrobiculata* og kystvrenge *Nephroma laevigatum*. Av skorpelav vaks gammelgranlav *Lecanactis abietina* og vinflekklav *Arthonia vinosa* ved basis av gamle bjørketre og på ein rognegadd vart langnål *Chaenotheca gracillima* funne. Det var ein del røtevedmoser på eldre læger, m.a. raudlistearten røteflak *Calypogeia suecica*. Av karplanter var dei mest kravfulle observerte artane trollbær og myske, elles kan nemnast skogstjerneblom, turt og myskegras.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) pga. førekomst av to raudlisteartar og at lauvskogen er ganske gammal, med eit fuktig lokalklima og mange fuktkevande artar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la skogen få liggja i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift. Unntaket er grantrea som bør takast ut skånsomt slik at øvrig skog og markvegetasjonen ikkje vert skada.

## 43 Tjelle: nord for Seterhaugen (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-43
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 4251 6082
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 260-320 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst, treslagsskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.08.2004, GGa (Gaarder & Oldervik 2004 lok. 3)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg sør for Gammelsetervatnet eit lite stykke aust for Barsteintjernet naturreservat, oppe i lia under Seterhaugen. Naturtypen er gammal lauvskog av utforminga kontinuitetsprega kystbjørkeskog, dels

med ganske gammel bjørkedominert skog. I tillegg er det ein del furu og innslag av rogn. Sjiktinga er god og det er litt læger og gadd av bjørk, og einskilde av furu. Bjørka er dels nokså grov med tre opp mot 50-60 cm i diameter. Skildringa er skriven av Geir Gaarder, og avgrensinga følgjer manuskart mottatt av Geir Gaarder.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er ikkje spesielt frodig, med mest blåbærskog, litt storbregneskog og berre tendensar til høgstaudeskog. I tillegg finst litt fattig fastmattemyr.

**Kulturpåverknad:** Relativt liten.

**Artsfunn:** Det vart ikkje funne spesielt godt utvikla busk- og bladlav-samfunn her, men litt strylav og lungenever *Lobaria pulmonaria*. Derimot er førekomstane av skorpelav på dei gamle bjørketrea god. Gammalgranlav *Lecanactis abietina* opptretr ganske vanleg på trea, vinflekklav *Arthonia vinosa* vart funnen fleire stader, og på eit par tre vaks kystdoggnål *Sclerophora peronella*. På ein sjeldan grov bjørkegadd i eit lite holt ute på fattigmyra vaks kvithovudnål *Chaenotheca gracilentia* og praktdoggnål *Sclerophora amabilis*. Sistnemnde er regionalt svært sjeldan og tidlegare ikkje funne så langt sør i landsdelen (har sitt norske kjerneområde i Nord-Trøndelag).

**Verdsetting:** Førekomsten av uvanleg gammel og grov bjørk, og ikkje minst eit godt utvikla skorpelavsamfunn med funn av ein regionalt svært sjeldan art, gjer at området vert vurdert som svært viktig (A).

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la skogen få liggja i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 44 Langfjorden: Tjellefonna (gammel lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-44
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 424 598
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 80-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammel lauvskog, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (naturreservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.04.1999, GGa

#### Områdeskildring

**Generelt:** Fuktig, gammel blandingskog. I øvre deler er det noko edellauvskog med innslag av alm. Hassel har ei vidare utbreiing i lokaliteten. Noko grovsteina ur. Tjellefonna har namnet sitt etter eit svært stort ras som gjekk her i 1756 (Anonym 1761, informasjonstavle ved vegen). Raset skapte ei stor flodbølge som gjorde stor skade i heile fjordsystemet.

**Vegetasjon:** Gråor-almeskog, lågurthasselskog, opne rasmarker, blåbær- og småbregneskog, innslag av storbregnebjørkeskog.

**Kulturpåverknad:** Stadvis litt hogstspor. Ein skogsveg sør for området.

**Artsfunn:** Raudlistartar: vedalgekølle *Multiclavula mucida* (R) på ei roten ospelåg, skorpefittlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) på ei ståande osp. Andre interessante lavar: olivenlav *Pannaria mediterranea*, *Phaeocalicium populneum* (sjeldan knappenålslav på daude ospekvisstar). Elles pusledraugmose *Anastrophylllum hallerianum* (røtevedmose, tidlegare på raudlista) på to læger (1 furu + 1 ubestemt).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein gammel lauvskog og edellauvskog med fleire raudlisteartar (i lågare kategori) og signalartar.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la skogen få liggja i fred for inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 45 Langfjorden: Gamsgrøa (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-45
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 41 59
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 100-175 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, treslagsskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.03.2003, GGa



### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i den sørvendte lia ovanfor det vesle bruket Gamsgrøa på nordsida av Langfjorden, vest for Tjelle. Han kan delast i tre delområde. Rett ovanfor garden er det rike hasselkratt og noko eldre ospeskog. I den vesle bekkeløfta like aust for garden er det noko gråor-almeskog. Lengre aust kjem det på ny rike hasselkratt og gammal ospeskog. Lokaliteten er i nedkant avgrensa av granplantefelt (dels edelgran, dels norsk gran), og mot nord av fattigare skog. Det er diffuse og usikre grenser både mot aust og vest, og truleg kan området utvidast i begge retningar. Lokalitetsskildringa er skriven av G. Gaarder.

*Vegetasjon:* Hasselkratta ovanfor garden har for ein stor del lågurtvegetasjon, men dels med godt innslag av varmekjære artar, og truleg kan det lokalt vere riktig å sjå på dei som fragment av alm-lindeskog. I bekkeløfta er det ein ganske frodig gråor-almeskog med typiske artar, i tillegg til noko meir lågurtprega vegetasjon. Mot vest er det mosaikk av både fattigare skog (blåbærskog), lågurtskog og svakt utvikla alm-lindeskog. Viktige treslag er bjørk, hassel, alm og osp, medan furu, rogn, hegg og selje er meir sparsame.

*Kulturpåverknad:* I nedkant er det som sagt middelaldrande plantefelt av gran-artar, og spreidde unge busker av både gran og edelgran er på veg inn i området. Det er sparsamt med daudt trevirke i lia og helst har det vore jamnleg med hogst her tidlegare. Truleg er det ikkje lenger noko særleg husdyrbeite i lia, men dette har nok vore viktig før.

*Artsfunn:* I hasselkratta aust og vest for bekken veks varmekjære artar som myske, sanikel og lundgrønaks, i tillegg til skogfaks i det minste ein plass lengst i aust. I gråor-almeskogen veks både gullstjerne, lerkespore, myske, vårkål, skogsvingel og skogstorr. Av lav er lungenever-samfunnet ganske utbreidd, men stort sett berre med vanlege artar, unntatt eit funn av raudlistearten skorpefittlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) på ei grov osp i aust. På hasselstammar er skorpelaven *Thelotrema suecicum* lokalt vanleg, og i tillegg vart den aktuelle raudlistekandidaten *Pyrenula laevigata* funne på eit hasselkratt i austre del av bekkeløfta. Aust for bekken vart også den raudlista ospekjuka *Ceriporiopsis aneirina* (DC) funne på ei låg.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (viktig) på grunn av funn av eit par raudlisteartar, i tillegg til at dette er eit ganske stort og artsrikt område med stort potensiale for fleire kravfulle og raudlista artar, ikkje minst marklevande sopp knytt til rike hasselkratt.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for området er å få liggja urørt for alle former for inngrep, inkludert hogst. Granplanter bør fjernast både innanfor og i nærleiken til området. Ekstensivt beite er truleg berre positivt.

## 46 Langfjorden: ved Skjeringsåa (aust for Barsteinen) (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-46
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 396-401, 583-586
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 25-180 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, treslagsskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.03.2003, GGa (vestsida av elva), 20.08.2003, JBJ (austsida av elva)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i den sørvendte lia mellom Barsteinen og Gamsgrøa, på begge sider av Skjeringsåa. Lokaliteten består både av rike hasselkratt (40%), små parti med almeskog (5%), gammal ospeskog (30%) og gammal furuskog (20%) Det er diffuse og usikre grenser både mot aust og vest, og truleg kan området utvidast i begge retningar. Det finst innhole osper og potensiale for hakkespettar.

*Vegetasjon:* Hasselkratta har for ein stor del lågurtvegetasjon med spreidd alm, men dels med godt innslag av varmekjære artar, og truleg kan det somme stader vere rett å sjå på dette som fragment av alm-lindeskog. Viktige treslag er bjørk, hassel, alm, furu og osp, medan rogn, hegg, hengjebjørk og selje også er vanlege. Den andre lauvskogen har ein del lågurtskog og noko høgstaudeskog, i tillegg til litt skogdekt rasmark. Furuskogen veks dels på god jord og dels tørt. I tørrare parti er det røsslyng- og blåbærdominert furuskog.

*Kulturpåverknad:* Det er stadvis gode førekomstar med daudt trevirke litt oppe i lia men helst har det vore jamnleg med hogst i nedre delar av lia tidlegare. Truleg er det ikkje lengre noko særleg husdyrbeite i lia, men dette har nok vore viktig før. Det er planta noko gran i vestre del av området, og litt aust for lokaliteten. Elles ber eit par av almetrea preg av å ha vore styva tidlegare.

*Artsfunn:* I edellauvskogen veks m.a. brunrot, hengjeaks, hundekveke, kjempesvingel, kranskonvall, krossved, lundgrønaks, lundrapp, myske, sanikel, skogsvingel, storfrytle, vårerteknapp. Fleire av desse er indikatorar på boreonemoralt (varmt) klima. Av sopp vart det på austsida av Skjeringselva funne raudlisteartane

gulskivevokssopp *Hygrophorus karstenii* (DC, under furu), gullkremle *Russula aurea* (DC, under hassel). Elles vart den raudlista narrepiggssoppen funne på ein almelåg på vestsida. På ospelæger vart det funne bra med røtevedmosar, m.a. den sjeldne raudlistearten røteflik *Lophozia ascendens* (DM, kontrollert av dr. scient. Kristian Hassel, NTNU), elles larvemose *Nowellia curvifolia* og fingersaftmose *Riccardia palmata*. Av lav er lungenever-samfunnet ganske utbreidd, med lungenever opp til 5 m oppe i trea, og kystnever 3 meter oppe i fleire almetre. Sistnemnde er ein fuktkrevande kystart som har gode bestandar her i Langfjorden. Vidare er sølvnever sparsam og raudlistearten skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) vart funne på ei osp. På ei grov, tidlegare styva alm i vest vart den kravfulle skorpelaven *Gyalecta flotowii* funne (kandidat til raudlista). På hassel veks noko av den kravfulle skorpelaven *Thelotrema suecicum*.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla område med rik edellauvskog og gammal lauvskog med funn av fleire raudlisteartar, i tillegg til at dette er eit ganske stort og artsrikt område med stort potensiale for fleire kravfulle og raudlista artar, ikkje minst marklevande sopp knytt til rike hasselkratt.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for området er å få liggja urørt for alle former for inngrep, inkludert hogst. Gran bør ikkje få spreia seg i det avgrensa området. Ekstensivt beite er truleg positivt.

## 47 Langfjorden: Urahammaren aust for Barsteinen (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-47
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 395 582-583
<b>Høgde over havet:</b>	30-50 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.08.2002, 18.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Edellauvskog like ovanfor vegen under Urahammaren aust for Barstein, med alm, hassel, osp, furu, hegg, hengjebjørk, dunbjørk og selje.

**Vegetasjon:** Dels alm-lindeskog, dels rike hasselkratt.

**Kulturpåverknad:** Vegen har teke noko av lokaliteten, elles liten påverknad.

**Artsfunn:** Det vart funne kravfulle edellauvskogsartar som skogfaks, kjempesvingel, lundgrønaks og vårterknapp, dessutan myske, sanikel, breiflangre, hengjeaks, lundrapp, svartburkne, brunrot og skogsvinerot. På alm vart det funne skrukkeøyre, ein røtevedsopp som i vårt fylke berre går på alm. På alm og på berg vart det elles funne kystnever, ein nokså kysttilknytt og fuktkrevande lavart som i Nesset hovudsakleg førekjem i Langfjorden. Under hassel vart raudlistearten gullkremle *Russula aurea* funnen (DC).

**Verdsetting:** Området vert under tvil verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein boreonemoral (varm) edellauvskog med nokre interessante artar, og ein raudlisteart. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste er om lokaliteten vert utsett for minst muleg påverknad.

## 48 Langfjorden: nedanfor Barsteinen v. vegen (store gamle tre)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-48
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 3903 5813
<b>Høgde over havet:</b>	20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Store gamle tre
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (stormfelling)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.04.1999, GGa

### Områdeskildring

*Generelt:* Frodig lauvskog med ei grov, gammal alm like nedanfor vegen der vegen til Barsteingardane tek av.  
*Vegetasjon:* Rik edellauvskog med høgstauder m.m.  
*Kulturpåverknad:* Tidlegare styving. Står like ved vegar m.m.  
*Artsfunn:* På den grove almen vart det funn m.a. skorpelaven *Gyalecta flotowii* (kandidat til raudlista). Andre interessante lavar: bleikdoggnål *Sclerophora nivea*.  
*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei gammal alm med grov bork som tener som levestad for m.a. kravfulle skorpelavar.

#### Skjøtsel og omsyn

Almen bør ikkje hoggast. Andre almer i området bør og få verta så gamle at borken sprekk opp og får ein grov struktur. Dette gjer at sjeldne skorpelavar kan trivast på borken.

## 49 Langfjorden: nedanfor Barsteinen (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-49  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 387-391 582-585  
**Høgde over havet:** 60-200 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, kulturlandskap  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, skogsbeite  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 18.-19.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Frodig lauvskog nedanfor Barsteinen, med alm, hassel m.m. Delar av området har truleg vore slåttemark og beita skog tidlegare. Alm opptil 90 cm stammediameter.  
*Vegetasjon:* Gråor-almeskog, lågurthasselkratt, høgstaudebjørkeskog, gråor-heggeskog, attgroande slåtteenger.  
*Treslag:* alm, dunbjørk, gråor, hassel, hegg, rogn, osp, furu, selje.  
*Kulturpåverknad:* Området har tidlegare truleg vore meir ope. Tidlegare styving av alm, slått og beiting, i 2003 var litt av området i skogen inngjerda til storfebeite. Vegen til Barsteinen går gjennom området. Kraftledning. Litt planta gran.  
*Artsfunn:* Interessante planteartar: breiflangre, firblad, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, kjempesvingel, kranskonvall, kransmynte, kratthumleblom, krossved, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, revebjølle, sanikel, skogfaks, skogmarihand, skogsvinerot, skogvikke, storfrytle, storklokke, strandrøy, trollbær, turt, vårerteknapp. Raudlista soppartar: marsipankremle (R), hasselskrubb (R), elles ruterørsopp og grå vokssopp (sistnemnde i attgroingseng i skogen). Fuglar i hekketida: spettmeis. Truleg potensiale for hakkespettar.  
*Verdsetting:* Området vert under tvil verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein boreonemoral (varm) edellauvskog med nokre interessante artar, og ein raudlisteart. Bete undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Beiting er positivt for naturverdiane.

## 50 Langfjorden: Barsteinen (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1543-50  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 387-389, 587-588  
**Høgde over havet:** ca. 230-280 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark (tidlegare slåtteenger)  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 18.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* På Barsteinen ligg tre fråflytta bruk. Kulturlandskapet er framleis ope, og vert beita av storfe (2003). Dei minst intensivt drivne innmarksareala på øvre, vestre bruket er avgrensa. Her er det no ein vegetasjon som karakteriserer gammal eng/naturbeitemark, med liten gjødselpåverknad, lenge sidan det var pløgd, og det vert framleis halde i hevd med beiting.

*Vegetasjon:* Mest G4 (frisk fattigeng).

*Kulturpåverknad:* I 2003 beiting av storfe på gammel eng som truleg har vore lite gjødsla dei seinare åra.

*Artsfunn:* Nokre noterte planteartar: aurikkelsvæve, blåklokke, bråtestorr, geitsvingel, grov nattfiol, harerug, kjertelaugnetrøst, krattlodnegras, liljekonvall, nyseryllik, prestekrage, smalkjempe, småengkall. Elles brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, og truleg potensiale for mange andre artar av beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er gamle slåtteeenger som no vert nytta som beite, med eit variert artsinventar. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at beitinga held fram. Det er ønskeleg at lokaliteten ikkje vert gjødsla.

## 51 Langfjorden: Kristiberga vest for Barsteinen (gammal lauvskog, edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-51
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 382-386 579-582
<b>Høgde over havet:</b>	20-ca. 170 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst, fysiske inngrep, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.1982, JIH (upublisert underlagsmateriale til Holten 1986), 16.04.1999, GGa (midtre og austre del), 19.08.2003, JBJ (vestre del)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg mellom Ranvika og Barsteinen, i ei sørvendt li. Det er frodig lauvskog, stadvis edellauvskog med alm, ask, hassel m.m. (særleg vestre og austre del), somme stader lauvskog med mykje osp (særleg midtre del), elles rike bergveggar.

*Vegetasjon:* Hasselkratt og alm-lindeskog, litt blåbærskog. Innslag av lågurtfuruskog med liljekonvall. Treslag: alm, ask, hassel, furu, dunbjørk, osp og rogn.

*Kulturpåverknad:* Litt hogstspor. Styva alm.

*Artsfunn:* Av planter er det særleg grunn til å nemna den sjeldne fukt- og sumpskogsarten slakkstorr.

Interessante planter elles: breiflangre, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, krossved, lerkespore, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, myskegras, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, svartburkne, svarterteknapp, våreterknapp. JIH har og funne kjempesvingel i dette området, "1 km aust for Ranvik". Av sopp kan nemnast raudlistearane gullkremle *Russula aurea* (DC) og marsipankremle *Russula grata* (R), og dessutan narrepiggsopp *Kavinia himantia* (DC) på ei alm. Raudlista lavartar: skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) på fleire tre, *Gyalecta flotowii* (kandidat til raudlista for skorpelav) på 2-3 almer. Andre interessante lavar: *Thelotrema suecicum*. Rike berg med lungenever, kystnever, sølvnever, grynvrenge, vanleg blåfiltlav, stiftfiltlav, glyer m.m. På tre vart det funne kystnever, kystfiltlav, grynfiltlav, vanleg blåfiltlav m.m. Eit kvitryggspettpar varsla 19.08.2003. 1 kattugle høyrte 16.04.1999.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er skog med fleire viktige naturtypar og med fleire raudlistearter og mange kravfulle artar elles.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er om ein kan unngå hogst og andre inngrep i det avgrensa området.

## 52 Langfjorden: Ranvika: ovanfor Ranvika (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-52
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ MQ 372-375, 579-581
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 75-130 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, hagemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagsskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.07.1952, O. Gjørevoll (herbariebelegg), 20.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i den sørvendte, nokså bratte lia ovanfor Ranvikgarden, med ein del steinur og berghamrar ovanfor. Nedst er ei open, gjødsla beitemark med nokre asketre (ikkje avgrensa). Ask i området er opp til 1,5 m i stammediameter, alm opp til 1 m (styva).

*Vegetasjon:* Mest spesielt her er store bestandar av til dels grov ask, som ifølgje grunneigar truleg er naturleg. Det er kjent at bestefar til dagens pensjonerte brukar (Hans Ranvik) henta ask i urene og planta i tunet. Viktige treslag er ask, alm, hassel, gråor, rogn, bjørk, hegg og selje. Nedre og fuktige delar av lia har ein del høgstuder typiske for gråor-heggeskog, gråor-askeskog og gråor-almeskog, medan øvre del er lågurttdominert med rike hasselkratt og alm-lindeskog. Feltsjiktet har mykje myske og kratlodenegras i øvre delar.

*Kulturpåverknad:* Ask og alm vart styva (lauva) til 2. verdskrigen, truleg eit hundretal kjerv (kjelde: Hans Ranvik). Nedre delar av lokaliteten er mest naturleg å klassifisera som hagemark. Husdyrbeite har vore viktig før.

*Artsfunn:* I edellauvskogen veks m.a. myske, kranskonvall, kratthumleblom, lundrapp, liljekonvall, breiflangre, kransmynte, svarterte knapp, sanikel, krossved, storklokke, skogvikke, kjempesvingel og firblad. I tillegg har Olav Gjærevoll samla lundgrønaks her ein stad. Fleire av desse er indikatorar på boreonemoralt (varmt) klima. Av sopp vart funne raudlistearten svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V, under hassel), elles hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R), lundslørsopp *Cortinarius largus*, sølvhette, hasselriske og engvokssopp. Av lav er lungenever-samfunnet ganske utbreidd, med lungenever på fleire treslag, og kystnever, sølvnever og vanleg blåfyllav på berg. Kystnever er ein fuktkevande kystart som her i Langfjorden har gode bestandar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (viktig) på grunn av funn av fleire raudlisteartar (dels i høgare kategori), i tillegg til at dette er eit ganske stort og artsrikt område med stort potensiale for fleire kravfulle og raudlista artar, ikkje minst marklevande sopp knytt til rike hasselkratt. Elles er dette kanskje eit av få område i distriktet der ask kan vera naturleg førekommande.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for området er å få liggja urørt for hogst, særleg øvste delane mot berget. Tradisjonell bruk som beiting og stying (lauvtaking) vil vera positivt.

## 53 Langfjorden: Ranvika: vest for Vika (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-53
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 368-371 574-575
<b>Høgde over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.08.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Vest for plassen Vika nær sjøen i Ranvika ligg eit parti med gammal lauvskog nedanfor dyrkamarka. Det vart funne osp opp til 60 cm stammediameter og furu opp til 50 cm. Læger av osp, furu, bjørk, rogn og hassel vart observert, dels av større dimensjonar (t. d. ei ospelåg med stamme på 60 cm).

*Vegetasjon:* Området har ein mosaikk av blåbærskog og høgstaudeskog med bjørk, hassel, rogn, hegg og osp, lågurtskog med hassel, ein liten svartorsumpskog og overgangar mot røsslyngfurskog.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare truleg meir kulturpåverka, med hogst og beiting. No beiting i delar av lokaliteten (storfe). Noko nitrofil vegetasjon (nesler m.m.) ein stad (avløpsrør).

*Artsfunn:* I skogbotnen vart det observert sanikel, kratlodenegras, hengjeaks, storfrytle, liljekonvall, kranskonvall, myske, skogfiol, skogsnelle, skogsvinerot, ormetelg, skogburkne og kratthumleblom. I svartorsumpskogen vart det funne skogkarse og myrmaure. På osp vart det funne lungenever, stiftfyllav, almeknippesopp, stor ospeildkjuke, på ospelæger store flatkjuker. Av sopp på marka vart det notert hasselriske.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein variert skog med m.a. god tilgang på daud ved av ulike treslag og dimensjonar, og truleg potensiale for fleire interessante artar enn det som vart registrert, m.a. røtevedmosar.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg å bevare gammalskogpreget.

## 54 Langfjorden: Ranvika: Åramsetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-54
--------------------------	---------

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 367 587  
**Høgde over havet:** 250-270 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark, skogsbeite  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av hevd, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 08.10.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Åramsetra ligg i eit dalføre rett opp frå Ranvik ved Langfjorden. Det er lenge sidan det har vore drift her, og terrenget veks att med skog. Setervollane er anten forbuska, forsumpa eller står med høgt gras og tjukt strølag i botnen.

*Vegetasjon:* Det er oppslag av bjørk, gråor, øyrevier og litt einer, og i tillegg breier skogburkna seg på tidlegare kulturmark. Den øvste setra har litt baserike fuktenger På tørrare parti veks engkvein og finnskjegg (frisk fattigeng). Områda rundt er dominert av fattige til intermediaære myrar, litt nedbørsmyr og fuktig bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Beitetrykket i området er lågt.

*Artsfunn:* Det vart funne 88 planteartar, av desse 17 naturengplanter og 2 seterplanter. Det høge artstalet totalt må sjåast på bakgrunn av varierte vegetasjonstypar med skog, myr og kulturmark med noko baserikt jordsmonn. Talet på naturengplanter er også noko høgt, og har delvis å gjera med baserike parti ved den øvste setra. Nokre noterte planteartar: breiull, blåknapp, enghumbleblom, loppestorr, dvergjamne, kornstorr, småengkall, aurikkelsvæve, heiblåfjør og særbustorr. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men sumpvokssopp *Hygrocybe substrangulata* vart funnen blant torvmosar i myr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Utan tiltak vil attgroinga gå sin gang i retning skog. Om ein vil gjera noko for å bevara landskapet og artsmangfaldet bør ein rydda buskvegetasjon og setta inn fleire beitedyr.

## 55 Langfjorden: Hestad: ved Blombekkelva (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1543-55  
**Kartblad:** 1320 III Åndalsnes  
**UTM (EUREF 89):** MQ 3393-3403, 5655-5674  
**Høgde over havet:** ca. 200 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 08.09.2001, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit mindre myrdrag i eit elles skogkledd landskap, lokaliteten grensar i nord og nordvest til den gamle granskogen på Hestad.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr (M2).

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Av planteartar er m.a. følgjande notert: bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, elvesnelle, engstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulstorr, jåblom, kornstorr, loppestorr, skavgras, småsivaks, stortviblad, sumphaukeskjegg, svarttopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr med nokre interessante artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 56 Langfjorden: Hestad: Teppingmyra (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1543-56  
**Kartblad:** 1320 III Åndalsnes  
**UTM (EUREF 89):** MQ 3408-3423, 5683-5694  
**Høgde over havet:** ca. 230 m

**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 08.09.2001, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit mindre myrområde i eit elles skogkledd landskap, lokaliteten grensar i nord til granskogen på Hestad.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr (M2).

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Av plantearter er m.a. følgjande notert: breiull, dvergjamne, engstorr, gulsildre, gulstorr, jåblom, kornstorr, loppestorr, skavgras, skogmarihand, stortviblad, sumphaukeskjegg, svartopp, tranestorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr med nokre interessante artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 57 Langfjorden: Hestad (gammal granskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-57  
**Kartblad:** 1320 III Åndalsnes  
**UTM (EUREF 89):** MQ ca. 339-343, 568-573  
**Høgde over havet:** ca. 200-400 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Gammal barskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Hogst?  
**Undersøkt/kjelder:** 08.09.2001, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Granskogen på Hestad er ein av dei eldste i fylket, med noko uvisst opphav. Grunneigar Andreas Hestad (pers. medd.) har høyrte at ein soldat frå Nettet tok med seg granplanter eller frø heim etter å ha delteke i den store nordiske krigen (1700-1721). Skogstrukturen er uvanleg for fylket, fleiraldra, fleirsjikt, lysopen, med gamle granlæger av ulik alder og dimensjon, og innslag av hassel, alm, rogn, selje, bjørk og furu. I høgare delar står det også furugaddar. Grantrea er opp til 25-30 meter høge.

*Vegetasjon:* Skogen har dels blåbærdominans (A4), dels meir lågurtpreg (B2).

*Kulturpåverknad:* Liten kulturpåverknad, og byrjande gammalskogpreg.

*Artsfunn:* I lågurtpartia har skogen innslag av myske, sanikel, markjordbær, liljekonvall, hengjeaks m.m., noko som kan vera ein leivning frå tidlegare edellauskog. Det vart funne ein raudlista soppart: storspora klubbesopp *Clavariadelphus sachalinensis* (R). Ein annan uvanleg art var svovelriske *Lactarius scrobiculatus* (knytt til gran) som her i fylket tidlegare er kjent berre i naturleg granskog i Rindalen. På gamle granlæger er det potensielle for røtevedartar av sopp og mosar, m.a. vart raudlistearten røteflak *Calypogeia suecica* (DM-bør overvakast) funnen på ei granlåg (kontrollert av dr. scient. Kristian Hassel, NTNU).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten synest å ha visse kvalitetar som gammal granskog, som vi her i fylket elles berre finn i Rindal (og kanskje også ved Verma i Rauma).

#### Skjøtsel og omsyn

Dette er ein av dei få gamle granskogane vi har i fylket, med innslag av læger med potensielle for røtevedartar av sopp og mosar. Sjølv om alder og historikk er uvis, kan det ha interesse å la delar av skogen liggja urørt. Forskningsmessig kan lokaliteten ha interesse fordi dette er ein av dei gamle granskogane i fylket.

## 58 Langfjorden: Hestadrøra (rik edellauskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-58  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 346-349, 565-566  
**Høgde over havet:** ca. 90-150 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauskog  
**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Treslagsskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 20.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i den sørvendte lia eit stykke vest for Ranvika, nedanfor Hestadrøra. Det er diffuse og usikre grenser både mot aust og vest. Lokaliteten består av lauvskog med mykje hassel, elles alm, ask, bjørk, furu, selje, hegg, rogn m.m.

*Vegetasjon:* Hasselkratta har for ein stor del lågurtvegetasjon med spreidd alm, men dels med godt innslag av varmekjære artar, og truleg kan det somme stader vera rett å sjå på dette som fragment av alm-lindeskog. I tørrare parti er det innslag av furuskog. Viktige treslag er bjørk, hassel, alm og ask, medan furu, rogn, hegg og selje også er vanlege. Det vart også observert fleire større furulæger.

*Kulturpåverknad:* Det er stadvis førekomstar med dautt trevirke litt oppe i lia men helst har det vore jamnleg med hogst i nedre delar av lia tidlegare. Truleg er det ikkje lenger noko særleg husdyrbeite i lia, men dette har nok vore viktig før.

*Artsfunn:* I edellauvskogen veks m.a. breiflangre, brunrot, fingerstorr, hengjeaks, kjempesvingel, kranskonvall, kransmynte, kratthumleblom, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, myskegras, sanikel, skogsvinerot, svarterteknapp, trollbær og vårerteknapp. Fleire av desse er indikatorar på boreonemoralt (varmt) klima. Av sopp vart raudlistearten gullkremle *Russula aurea* (DC) funnen. Av lav er lungenever-samfunnet ganske utbreidd, det er bra med lungenever på trea, elles også vanleg blåfyllav, og det vart funne kystnever på ei selje. Sistnemnde er ein fuktkevande kystart som her i Langfjorden har gode bestandar. På ein høgstubbe av alm vart det funne skrukkeøyre, ein sopp knytt til daud ved av alm.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av funn av eit par raudlisteartar, i tillegg til at dette er eit ganske stort, varmt og artsrikt område med stort potensiale for fleire kravfulle og raudlista artar, ikkje minst marklevande sopp knytt til rike hasselkratt.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er om det kan liggja urørt for alle former for inngrep, inkludert hogst. Ekstensivt beite er positivt.

## 59 Langfjorden: vest for Råkhaugen ved Buvika (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-59  
**Kartblad:** 1320 III Åndalsnes  
**UTM (EUREF 89):** MQ 325-328, 558-561  
**Høgde over havet:** ca. 100- 220 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagsskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 20.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei sørvendt edellauvskogsli aust for kommunegrensa mellom Nesset og Molde. Viktige treslag er dunbjørk (opptil 60 cm i stammediameter), litt alm, ein del hassel, elles hegg, ask, furu (opptil 70 cm), rogn, svartor, osp (opp til 50 cm) og hengjebjørk. Det vantar data for området vestover mellom lokalitet 59 og 60 (ikkje undersøkt).

*Vegetasjon:* Hasselskog i mosaikk med bjørkeskog på god bonitet. Innslag av alm-lindeskog (D4) med nokre boreonemorale artar.

*Kulturpåverknad:* Det er ein skogsveg i nedkant. Sti til setra. Tidlegare har truleg beiting vore viktig, truleg også andre former for utnytting.

*Artsfunn:* Interessante planteartar: hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, krossved, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, myskegras, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, skogsvingel, storfrytle, svartburkne, trollbær. Den raudlista lavarten skorpefyllav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) vart funnen på ei grov osp. Frå lungeneversamfunnet (opp til 3-4 meter opp i trea) kan nemnast sølvnever, lungenever, kystnever (mykje) og kystfyllav. Den raudlista sopparten gullkremle *Russula aurea* (DC) vart påvist. Arten er knytt til hassel.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein boreonemoral skoglokalitet med nokre varmekjære planteartar og eit par raudlisteartar i lågare kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagsskifte, og preget som edellauvskog bør så langt råd takast vare på.



## 60 Langfjorden: Hoådalen-Storfarbekken vest for Buvika (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-60
<b>Kartblad:</b>	1320 III Åndalsnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 321-324, 556-559
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 80- 220 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.04.1999, GGa, 08.09.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei sørvendt edellauvskogsli aust for og inntil kommunegrensa mellom Nesset og Molde. Viktige treslag er dunbjørk, alm, hassel, ask, furu, rogn, svartor, osp og hengjebjørk. Lokaliteten inkluderer Hoaelva, ei bekkjekløft som utgjer kommunegrensa mellom Nesset og Molde. Bekkekløfta er også omgjeven av lauvskog med m.a. alm, og i sjølve kløfta kan det vera potensiale for t.d. fuktrevande moseartar.

*Vegetasjon:* Alm-lindeskog (D4) med mange boreonemorale artar. Bergvegger med rik lav- og moseflora.

*Kulturpåverknad:* Det er bygd skogsvegar og hogge ein del i nedre delar.

*Artsfunn:* G. Gaarder fann den sjeldne orkidéen fuglereir ved MQ 325 558. Interessante planteartar elles: breiflangre, gullstjerne, junkerbregne, kjempesvingel, kranskonvall, krossved, lodneperikum, nattfiol, sanikel, ramslauk, svartor, skogfaks, lundgrønaks, skogsvingel, skogvikke, svartburkne, trollbær, vårerteknapp. Raudlista soppartar: rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (DC) på 2 hassel, vedalgekølle *Multiclavula mucida* (R) på 1 seljelåg, hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R), rustbrun parasollsopp *Lepiota fulvella* (R), gulnande begersopp *Peziza succosa* (DC) og grå trompetkantarell *Pseudocraterellus undulatus* (DC). Andre interessante soppartar: skrukkeøyre på 2 almar, 4 fagervokssoppar, blant desse skarlagensvokssopp *Hygrocybe punicea*, hasselriske, seljekjuke *Phellinus conchatus*. Raudlista lavart: skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (DC) på fleire osper og almar, dessutan *Gyalecta flotowii* (kandidat til raudlista for skorpelav) på 1 alm. Andre interessante lavar av lungeneversamfunnet (opp til 3-4 meter opp i trea): sølvnever både på alm og selje, lungenever, kystnever, skrubbenever, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav, *Thelotrema suecicum*. Pusledraugmose *Anastrophyllum hallerianum* vart funnen på 2 furulæger (røtevedmose, tidlegare på raudlista), skjerfmose *Apometzgeria pubescens* på berg. Det vart observert kvitryggspett (2 trommande hannar), dvergspett (1-2 trommande/ropande), flaggspett (1 trommande hann), grønspekk (1-2 ropande).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla boreonemoral skoglokalitet med mange varmekjære planteartar og mange raudlisteartar knytt til både varmt klima og gammal lauvskog.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, og preget som edellauvskog bør så langt råd takast vare på. Det beste er å unngå hogst, særleg i dei delene som har ein del førekomst av daud ved og læger i utgangspunktet.

## 61 Langfjorden: Saltberget vest for Buvika (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-61
<b>Kartblad:</b>	1320 III Åndalsnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 320-324, 555-556
<b>Høgd over havet:</b>	0-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.04.1999, GGa

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg mellom sjøen og vegen austover frå Hoaelva som utgjer kommunegrensa mellom Nesset og Molde like vest for Buvika i Langfjorden.

*Vegetasjon:* Stort sett blandingskog med m.a. ein del furu og hassel.

*Kulturpåverknad:* Vegen har påverka lokaliteten i øverkant, elles ein skogsveg.

*Artsfunn:* Mest interessant var tre bestandar av den sjeldne slakkstorren ved MQ 323 556 (to små bestandar, 1 + ca. ti tuver) og MQ 322 555 (fleire titals individ).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er kysthasselkratt (truga vegetasjonstype) og innslag av varmekjær kjeldelauvskog med slakkstorr (truga vegetasjonstype).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå treslagskifte, og preget som edellauvskog bør så langt råd takast vare på. Fleire terrenginngrep vil vera uheldig. Slakkstorr er avhengig av friskt kjeldevatn som sig i jorda.

## **62 Eresfjorden: Kleibjørkneset-Erneset (edellauvskog m.m.)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-62
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 486-500, 560-573
<b>Høgde over havet:</b>	0-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal lauvskog, høgstaudebjørkeskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.08.2004 m.m., JBJ (med kikkert og teleskop)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved munninga av Eresfjorden og er ei nordaustvendt, frodig lauvskogli utan busetnad nordvest for det fråflytta bruket Erneset. Det vart observert litt daud ved.

*Vegetasjon:* Rik edellauvskog med ein del hassel og spreidde almebestandar, høgstaudebjørkeskog, gråor-heggeskog, raslaup, bekkedalar og berg. Observerte treslag (med teleskop frå Prestneset) er hassel, alm, osp, rogn, dunbjørk, gråor og hegg.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har vore beita av m.a. geit tidlegare (kjelde: John Walset), og det har sannsynlegvis vore teke ut ein del ved og lauv.

*Artsfunn:* Ingen data (berre avstandsbetrakta). I slike skuggevendte lier med varmt lokalklima kan ein venta ein del fuktkevande, meir uvanlege artar av m.a. lav.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein stor og variert lauvskogslokalitet med potensiale for kravfulle artar. Lokaliteten bør undersøkast.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om området får liggja i fred. Beiting er ikkje i konflikt med naturverdiane.

## **63 Eresfjorden: vest for Sølåtta (edellauvskog m.m.)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-63
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 521-530, 534-540
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 100-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, høgstaudebjørkeskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.08.2004 m.m., JBJ (med kikkert og teleskop)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg på vestsida av Eresfjorden og er ei nordaustvendt, frodig lauvskogli utan busetnad vest for Sølåtta.

*Vegetasjon:* Rik edellauvskog med ein del hassel og spreidde almebestandar, høgstaudebjørkeskog, gråor-heggeskog, raslaup, bekkedalar og berg. Observerte treslag (med teleskop frå Bogge) er hassel, alm, rogn, dunbjørk, gråor og hegg.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har truleg vore beita tidlegare, og det har sannsynlegvis vore teke ut ein del ved og lauv.

*Artsfunn:* Ingen data (berre avstandsbetrakta). I slike skuggevendte lier med varmt lokalklima kan ein venta ein del fuktkevande, meir uvanlege artar av m.a. lav.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein stor og variert lauvskogslokalitet med potensiale for kravfulle artar. Lokaliteten bør undersøkast.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er om området får liggja i fred. Beiting er ikkje i konflikt med naturverdiane.

## 64 Eresfjorden: Skjerhalsen - Spelvika nord for Ut-Bogge (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-64
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll, 1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 503-511, 576-580
<b>Høgde over havet:</b>	80-140 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kalkskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.06.2003, 16.09.2003, 20.08.2004 JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg dels ovanfor riksvegen eit stykke sør for Nettet Prestegard (mot Ut-Bogge), og består av varmekjær lauvskog med hassel i mosaikk med furuskog. I den sørvendte og varme lia ved Skålvika er lokaliteten trekt nedom riksvegen for å få med artsrike hasselkratt her. Dei nordvestlege delene av lokaliteten ved Svarthammaren er meir nordvestvendt. Eit talande lokalnamn er Kvitsymmerhola.

*Vegetasjon:* Hasselkratt av tilnærma kyst-type, med overgangar mot blåbærskog og lågurtskog med furu. Treslag er hassel, alm, furu, osp, rogn, ask, dunbjørk og hegg. Ask kan ha spreidd seg frå Nettet prestegard, men kan og ha vore naturleg i området (jf kommentarar under lokalitet 52).

*Kulturpåverknad:* Den gamle ferdsløvegen mellom Eidsvåg og Eresfjord går gjennom lokaliteten (ovanfor riksvegen), elles spor av hogst. Lokaliteten har truleg vore beita tidlegare. Riksvegen går gjennom søraustre del av lokaliteten.

*Artsfunn:* Raudlistearten hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* vart funnen. Interessante planteartar: begerhagtorn, breiflangre, fagerperikum, fingerstorr, hengjeaks, kranskonvall, krossved, lundgrønaks, lundrapp, myske, ramslauk, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, storfrytle, svarterteknapp. Særleg kystplantene fagerperikum og ramslauk er interessante fordi lokaliteten ligg langt frå kysten. Begerhagtorn er også interessant, ein varmekjær plante som her er nær nordgrensa si. Av småfugl i hekketida vart observert m.a. spettmeis, toppmeis, stjermeis og truleg gråspett (berre høyrte).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein varmekjær edellauvskogslokalitet med eit godt artsutval.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte.

## 65 Eresfjorden: nord for Boggetunellen (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-65
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 511-514 573-575
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 100-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kalkskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.1982, JIH (upublisert underlagsmateriale til Holten 1986), 26.05.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Vest-nordvest-vendt lauvskogsli med bratte hamrar like nord for Boggetunellen ved Ut-Bogge.

*Vegetasjon:* Varmekjær skog med alm-lindeskog, og overgangar mot hasselkratt og gråor-almeskog. Innslag av lågurtfuruskog med myske, skogfiol, furuvintergrøn og mykje storfrytle. Forutan alm og hassel førekjem gråor, dunbjørk, selje, hegg, platanlønn, furu, osp og rogn.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag, truleg ein del vedhogst tidlegare. Kraft- og telefonlinje.

*Artsfunn:* Interessante planteartar: bergasal, bergfrue, fingerstorr, firblad, furuvintergrøn, hengjeaks, kratthumbleblom, krossved, liljekonvall, lundrapp, maurarve, myske, nyresoleie, ramslauk, sanikel, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, storfrytle, svartburkne, svarterteknapp, trollbær, vårerteknapp, vårskrinneblom. JIH har

også funne skogfaks og kjempesvingel. Særleg interessant er gode førekomstar av kystplanten ramslauk, som her er ved innergrensa si i distriktet. Lungenever finst på stein, berg og tre, elles vanleg blåfildlav på berg.  
*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av godt utvikla edellauvskog med nokre varmekjære (boreonemorale) planter og kystplanter, og i tillegg truleg potensiale for edellauvskogsartar av sopp.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er best for naturverdiane om det ikkje vert hogd.

## 66 Eresfjorden: Bogge: ved Boggesetra (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-66
<b>Kartblad:</b>	1320 I Tingvoll
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 550-555, 578-582
<b>Høgde over havet:</b>	400-500 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.07.2002, GGa (Gaarder & Stenberg 2002 lok. 51)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Boggesetrane ligg i ein open dal på overgangen mellom furuskogen og snaufjellet. I denne overgangssona er det ein del bakkemyrer i mosaikk med glissen furu- og bjørkeskog. NB! Berre mindre delar av området vart undersøkt, og det er potensiale for meir interessant myrvegetasjon. Avgrensinga er svært upresis, og betre undersøkingar må til for å betra dette.

*Vegetasjon:* Det er mykje fattigmyr, noko intermediær myr og mindre parti med rikmyr, til dels ekstremrik myr.  
*Kulturpåverknad:* Området har sikkert vore ein del brukt til beite og kanskje slått tidlegare, men no er det truleg mest berre svak streifbeiting av sau.

*Artsfunn:* På dei intermediære partia veks m.a. litt breiull og bjønnbrodd. Eit parti var tydeleg rikare enn dei andre (det er der koordinaten er teken) og hadde mange rikmyrsartar. God førekomst av fjellfrøstjerne, samt noko hårstorr og litt vill-lin indikerer ekstremrik myr. I tillegg veks det her ei noko underleg blanding av kystplantar og fjellplantar, med både gullmyrklegg, engstorr og loppestorr. Elles kan nemnast sveltull, gulstorr, skogsiv, særbustorr, gulsildre, småsivaks, jåblom, dvergjamne, myrsauløk, kystmyrklegg og storblåfjør.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) pga. mindre samla rikmyrareal, førekomst av fleire kravfulle myrplanter og den noko særeigne artssamansetnaden.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste er å la myrene få liggja i fred for inngrep. Litt husdyrbeite kan vera fordelaktig.

## 67 Eresfjorden: Bogge: Hagbø (slåtteeng)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-67
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 543 563
<b>Høgde over havet:</b>	90 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av slått/beiting
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.07.2001, 17.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Mindre slåtteeng langs riksvegen, på Hagbø inst på Boggestranda.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), innslag av fukteng. Mykje smalkjempe, småengkall og prestekrage.

*Kulturpåverknad:* Lite gjødselpåverka, vert slått årleg med tohjula slåmaskin, og dels med ryddesag, haustbeiting med sau (kjelde: Odd og Brit Wågbø).

*Artsfunn:* Gode bestandar av prestekrage, småengkall og smalkjempe, elles 1 ind. av grov nattfiol. I 2002 vart det funne beiteraudskivesopp *Entoloma sericeum*. Det er potensiale for andre beitemarkssopp, men dette er ikkje nærare undersøkt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita, intakt slåtteeng med eit typisk artsutval for regionen.

### Skjøtsel og omsyn

Slike slåtteenger er i dag sjeldne, og det vil vera svært verdifullt om ein kan halda fram med slått og fjerning av graset, samt vår- og haustbeiting.

## 68 Eresfjorden: Bogge: Hagbø (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-68
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 544 563
<b>Høgde over havet:</b>	100-140 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr avbeiting
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.09.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Naturbeitemarker ovanfor dyrkamarka på Hagbø inst på Boggestranda. Omkransa av skog i øverkant og dyrka mark i nedkant.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med engkvein, gulaks, ryllik og raudsvingel, innslag av fukteng.

*Kulturpåverknad:* Vår- og haustbeiting med sau (kjelde: Odd og Brit Vågbø).

*Artsfunn:* Noterte artar m.a. jonsokkoll, bråtestorr, blåklokke, hårsvæve, smalkjempe, tiriltunge, finnskjegg, blåkoll, gjeldkarve, knegras, engstorr. Mest interessant var funn av kystplanten kystmaure, truleg innergrense i regionen (finst og på Prestneset ved Eidsvåg). Av beitemarkssopp vart det funne vorteraudskivesopp *Entoloma papillatum*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica* og elfenbeinshette *Mycena flavoalba*. Av andre artar vart det funn m.a. kolmjølkehette *Mycena leucogala*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåtteeng med eit typisk artsutval for regionen.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

## 69 Eresfjorden: nord for Grytneset (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-69
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 546-549, 555-558
<b>Høgde over havet:</b>	150-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog, kalkskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst/treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.07.1979 (Holten 1979), 02.04.1999, GGa, 03.06.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Skogli sør for Hagbø på Boggestranda (mellom Sandvikelva og Grytneset) med innslag av rik edellauvskog, gråor-heggeskog, blandingsskog furu/lauvskog, innslag av morkne læger. Ein vel her å avgrensa eit noko mindre område enn Holten (1979), i tråd med Geir Gaarder sine og eigne observasjonar. Innslag av grov furu opp til 70 cm stammediameter og alm opp til 60 cm.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog, gråor-heggeskog, blandingsskog furu/lauvskog, dels med blåbær, dels lågurfuruskog. Treslag: alm, dunbjørk, furu, gråor, hegg, hengjebjørk, osp, rogn, selje.

*Kulturpåverknad:* Litt hogstspor, små hogstflater, skogsveg inn i området, litt granplanting.

*Artsfunn:* Holten (1979): tyrihjel, myske, fingerstorr, sanikel, jordnøtt. Eigne observasjonar 2003: bergfrue, bergmjølke, brunrot, enghumleblom, fingerstorr, firblad, furuvintergrøn, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kratthumleblom, krossved, liljekonvall, lundrapp, myske, sanikel, skogsvinerot, skogvikke, svartburkne, svarterteknapp, trollbær, vårerteknapp. G. Gaarder: den raudlista mosearten grønsko *Buxbaumia viridis* (DM) vart funnen på heggelåg (3 sporofyttar) og furulåg (1 sporofytt) (MQ 547 555). Vidare vart det funne pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum* på furu (røtevedmose, tidlegare på raudlista), skarlagan vårbeiger *Sarcoscypha austriaca* på daudt lauvvyrke og den uvanlege skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* på daudt trevyrke av alm. Vidare noterte G. Gaarder i edellauvskog (MQ 547 557) skogsvingel, kjempesvingel,

gullstjerne, junkerbregne, taggbregne, myske og sanikel. Av lav vart det notert lungenever, skrubbenever, sølvnever, puteglye, blåfjelllav, grynfjelllav og kystårenever. Av fugl vart det observert spettmeis.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla lokalitet med edellauvskog og gammal lauvskog med mange varmekjære artar og ein sjeldan og raudlista røtevedmose. Grønsko står også på Bernkonvensjonen sine lister.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Vidare bør ein unngå hogst i dei delene som har mykje daud ved og store tredimensjonar frå før.

## 70 Eresfjorden: Godvikelva/Langfonna (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-70
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 557-559 539-541
<b>Høgde over havet:</b>	20-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kalkskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.06.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ovanfor riksvegen ved Godvikelva sør for Bogge, og består av brattlendt lauvskog med hassel i mosaikk med furuskog. Ned mot vegen er det ei grusvifte med stein frå elvene. Alm opptil 50 cm i stammediameter. Ein god del lauvtrekøyer, bl.a. av alm.

*Vegetasjon:* Hasselkratt av tilnærma kyst-type, med overgangar mot blåbærskog og lågurtskog med furu, osp og hengjebjørk. Treslag er alm, dunbjørk, furu, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje.

*Kulturpåverknad:* Litt spor av hogst, løypestreng. Kraftlinjegate i nedre del (lokal høgspenn). Almene er tidlegare styva.

*Artsfunn:* Interessante planteartar: brunrot, fingerstorr, firblad, furuvintergrøn, haremat, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, kratthumleblom, krattlodnegras, krossved, liljekonvall, lundrapp, myske, myskegras, nattfiol ubest., sanikel, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, skvallerkål, storfrytle, storklokke, strandrøy, svartburkne, svarterteknapp, trollbær, trollurt, vaniljerot, vårerteknapp, vårkål, vårskrinneblom. Særleg kystplanten jordnøtt er interessant fordi lokaliteten ligg langt frå kysten. Av fugl i hekketida vart observert m.a. spettmeis, munk, lauvmeis (med ungar), svarttrast og truleg gråspett (berre høyrte).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mindre edellauvskogslokalitet med eit moderat artsutval.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte.

## 71 Eresfjorden: nord for Stranda (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-71
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 560 526-533
<b>Høgde over havet:</b>	10-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog, høgstaudebjørkeskog, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.07.1975, Reidar Elven (herbariebelegg), 21.05.1980, JIH (upublisert underlagsmateriale til Holten 1986), 19.05.2002, Oddvar Hanssen & JBJ, Oddvar Hanssen (pers. medd.)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit edellauvskogsområde i indre del av Eresfjorden, frå Stranddalen og nordover til ei namnlaus bekkekløft. Bratt sørvest-vendt skogli, stadvis med grov steinur.

*Vegetasjon:* Alm-lindeskog (D4), gråor-almeskog (D5), gråor-heggeskog (C3). Innslaget av hassel er betydeleg. Gammal lauvskog med litt osp finst.

*Kulturpåverknad:* Kraftlinje i nedre del mot vegen, granplantefelt inntil lokaliteten i sør, på nordsida av Stranddalen.

*Artsfunn:* Holten har funne skogsvingel, junkerbregne, lerkespore, lundgrønaks, laukurt, myske og hengjeaks. R. Elven har funne skogfaks og kjempesvingel i området. Av biller er det fleire sørlege varmekjære artar som har nordgrensa si i Norge her. Dette gjeld den brunaktige åtselbilla *Nargus wilkini*, og ein liten sopptilknytt kortvinge, *Bryocaris inclinans*. Elles finst her og den gule og svarte løpebilla *Badister lacertosus* som i Sunndal (Oppdølsstranda: Sandvika) finst rundt 300 meter lenger nord (rekna i UTM-koordinatar)! Altså også ein sørleg art nær nordgrensa. *Badister lacertosus* er i Norge berre kjent frå Sunndal, Nettet og Aurland i Sogn, ein relikrtart frå den postglasiale varmetida. Funnstaden for desse billene er i hasselskogen ovanfor avkjørselen ved MQ 5630 5308.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla lokalitet med edellauvskog med mange varmekjære plante- og billeartar og truleg godt potensiale for raudlisteartar og andre kravfulle artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste er om området får liggja i fred, særleg i øvre delar der det er gammal skog.

## 72 Eresfjorden: Stranda (slåtteeing)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-72
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 562 523
<b>Høgde over havet:</b>	20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeinger
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Engene er i attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Fråflytta småbruk ved stranda nord for Eresfjord.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) i attgroing, dels av jordnøtt-type (G4b), ein vegetasjonstype som er oppført som truga av Fremstad & Moen (2001).

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slåtteeinger som no gror att.

*Artsfunn:* Gode bestandar av jordnøtt (truleg innergrense i fjorden av denne kystarten), grov nattfiol og skogmarihand.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype, men at attgroinga er i ferd med å redusera verdiane vesentleg.

### Skjøtsel og omsyn

Det ideelle ville vera at ein kunne slå engene rundt husa med borttransport av gras. Beiting kan og motverka attgroinga. Engene må ikkje gjødslast.

## 73 Eresfjorden: sør for Stranda (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-73
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 564-566, 511-524
<b>Høgde over havet:</b>	10-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.05.1980, JIH (upublisert underlagsmateriale til Holten 1986), 04.06.2003 (nordlege del), 29.08.2003 og 21.09.2004 (sørlege del), JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit større edellauvskogsområde i indre del av Eresfjorden, frå småbåthamna og nordover til Stranddalen. Nordre del vart undersøkt 04.06.2003 frå Strandaelva og sørover oppunder bergerota til bekken som heiter Driva (kom ikkje over). Søndre del vart undersøkt 29.08.2003. Det er mykje grov steinur i nedre del av lia, og vegetasjonsfattig berg ovanfor lokaliteten. Furu opptil 70 cm stammediameter. Lokaliteten er stor og kunne vore delt opp, men dette krev betre undersøkingar og meir tid.

**Vegetasjon:** Alm-lindeskog (D4), gråor-almeskog (D5), gråor-heggeskog (C3). Treslag: alm, dunbjørk, furu, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn, selje.

**Kulturpåverknad:** Noko vedhogst og kraftlinje i nedre delar, elles liten. Truleg ein del beitepåverknad tidlegare.

**Artsfunn:** Mest interessant var funnet av den vakre, rosa raudskivesoppen *Entoloma callirhodon* i sørlege deler 29.08.2003. Han vart bestemt av professor M. Noordeloos, Leiden (Nederland) i september 2004, dette er første funn i Skandinavia og 2. funn i verda, dvs. første funnet utanom typelokaliteten, som var ein hasselskog i Austerrike (jf. Noordeloos 2004). I sørlege del av området vart det m.a. notert følgjande planteartar (JBJ, JIH): breiflangre, fingerstorr, firblad, hengjeaks, hundekveke, junkerbregne, kranskonvall, kransmynte, kratthumleblom, krossved, lerkespore, liljekonvall, lodneperikum, lundgrønaks, myske, myskegras, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, skogsvingel, trollbær, vårerteknapp. I nordlege del oppunder berget ved Strandaelva vart det notert: bergfrue, fingerstorr, firblad, hengjeaks, hundekveke, junkerbregne, kranskonvall, kratthumleblom, krossved, liljekonvall, lundrapp, myske, myskegras, nattfiol ubest, sanikel, skogsvinerot, skogsvingel, storfrytle, strandrøyr, svartburkne, trollurt, turt, tyrihjel, vårerteknapp. Raudlisteartar av sopp i 2003 (sørlege del): hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R), grånande seigsopp *Marasmius wynnei* (V), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC), gullkremle *Russula aurea* (DC). Andre interessante soppartar: skrukkeøyre *Auricularia mesenterica*, gul trompetkantarell *Cantharellus aurora*, raudgul småkøllesopp *Clavulinopsis laeticolor*, *Cortinarius alborufescens*, gul slørsopp *Cortinarius delibutus*, *Cortinarius subporphyropus* (sjeldan art, norsk nordgrense, raudlistekandidat), *Cortinarius tabularis*, *Entoloma incarnatofuscens*, filtskjela parasollsopp *Lepiota clypeolaria*, oransjebrun væpnarhatt *Rhodocybe nitellina* (sjeldan art). Dei fleste soppartane er bestemt/kontrollert av Tor Erik Brandrud, Gro Gulden og M. Noordeloos. I fuktig skog med lauvtrelægger ved Strandaelva vart det funne røteflak *Calypogeia suecica* (raudlisteart, DM) og fleire andre røtevedmosar. Elles lungeneversamfunn med lungenever og vanleg blåfiltlav. Av fugl observert m.a. spettmeis, gjerdesmett og grønspekk (i hekketida). 21.07.1998 vart raudlistearten dvergflaggermus påvist i nærleiken av Strandanaset (Sunde & Grønningsæter 1999).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit område med velutvikla og artsrik edellauvskog med mange varmekjære artar og mange raudlisteartar, dels i høgare raudlistekategori. Dessutan har den vakre, rosa raudskivesoppen *Entoloma callirhodon* her sin einaste kjende veksestad i Skandinavia.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste er om området får liggja i fred, særleg i øvre delar der det er gammal skog.

## 74 Eresfjorden: Steinfonnkjeften (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-74
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 563-566 504-510
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 30-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.06.2003, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Dette er eit edellauvskogsområde i indre del av Eresfjorden, nær småbåthamna. Alm opptil 40 cm i stammediameter. Bratt, raspåverka, noko berghamrar.

**Vegetasjon:** Gråor-almeskog (D5), gråor-heggeskog (C3). Treslag: alm, dunbjørk, furu, gråor, hegg, rogn, hassel, selje.

**Kulturpåverknad:** Noko vedhogst og kraftlinje i nedre delar. Truleg ein del beitepåverknad tidlegare.

**Artsfunn:** Interessante planteartar: fingerstorr, firblad, hengjeaks, hundekveke, junkerbregne, kranskonvall, krossved, kvitmaure, kvitsoleie, lundgrønaks, lundrapp, myske, skogsvinerot, storfrytle, storklokke, strutsvegg, svartburkne, trollurt, tyrihjel, vårkål. Elles lungeneversamfunn med lungenever, lodnevrenge og vanleg blåfiltlav. Av fugl vart det observert m.a. spettmeis og munk (i hekketida). 21.07.1998 vart raudlistearten dvergflaggermus påvist her (Sunde & Grønningsæter 1999).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med middels velutvikla edellauvskog.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte.



## 75 Eresfjorden: Nauste naturreservat (brakkvassdelta)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-75
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 549-560, 502-511
<b>Høgd over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta, strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (naturreservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), Oterhals (1996), 11.06.2002 og 17.09.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg inst i Eresfjorden ved utlaupet av Eira og Dokkelva, og er eit av dei store og intakte elvedelta i fylket. Området har vore midlertidig verna sidan 08.07.93. Etter klage frå Nesset kommune oppheva Miljøverdepartementet det midlertidige vernet i den delen av området som var omfatta av ei planlagt småbåthamn. Småbåthamna er idag utbygd. Dokkelva er ei flaumelv, og massetransporten i elva er stor. Massen vert avsett på deltaet saman med massen frå Eira. I sjølve elveutlaupet er det mest stein elles er grus dominerande. Området er vurdert som rasteplass for vassfugl i våtmarksplanen, tydelegvis spesielt viktig som vårbeiteplass for hekkande fugl i landskapet rundt, men også for ein del hekkande vadefugl og måsar i sjølve området. Ein har laga ei avgrensing som følgjer naturtypane, og som er litt mindre enn naturreservatet (m.a. er dyrka mark ikkje med).

*Vegetasjon:* Av samfunnstypar er særleg mange brakkvassengtypar og tangvolltypar representert. Den mest vanlege arten er krypkvein, som i indre elveutlaup har einedominans på ei stor grusør. Av andre plantesamfunn finst saltarve-forstrand, skjørbuksurt-forstrand, saltsiv-eng raudsvingel-eng, strandkryp-grusstrand, fjøresivaks-eng med stort innslag av krypkvein, krypkvein-eng med ein stor førekomst på grus/steinør i indre elveutlaupet, rustsivaks-eng, havstorr-eng, bakre myrliknande våtmark med mykje blåtopp og blåknapp, mjøddurt-blåtopp-eng, taresaltgras-krypkvein-grusstrand, strandarve-forstrand vest for elveutlaupet, strandrug-voll, kveke-voll, strandrøyr-voll, hestehavre-voll, lågurt-fleirårsvoll med gåsemure som dominant, høgurt-fleirårsvoll med høymole, høgurt-fleirårsvoll med mjøddurt og hundekjeks, åkerdylle-klengjemaure-voll.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har få inngrep. Vassføringa i Eira er rundt 38% av det opprinnelege pga. kraftutbygginga, og massetransporten er noko endra. Lagerplass for tømmer og vassuttak på austsida av Dokkelva. Statkraft driv eit klekkeri i området. Ei småbåthamn er utbygd inntil lokaliteten i aust.

*Artsfunn:* Strandengene er svært artsrike, med 95 registrerte artar. Av sjeldne artar er det pavist bogestorr og saltarve, den sistnemnde mest nær elveutlaupet. Ei sjeldan løpebille, *Bembidion transparents*, er funnen på finsand ved stranda (Anderssen & Hanssen 1992). Eira er ein av fylkets store elvar, og den fører laks og sjaure der laks er den dominerande arten. I Eira vart det i 2003 fiska 2600 kg laks og 500 kg aure (oppslag ved brua). I 2002 vart det 11.06. observert fiskemåse (5), tjeld (10), raudstilk (4), ærfugl (4 hoer), siland (1 hann), vipe (6-7), songsvane (1), hegre (1), stokkand (6), kanadagås (14) og svartbak (1). 17.09.2002 vart det notert 14 stokkand, 1 siland, 1 krikand og 37 viper.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er ei av dei største og best utvikla elveørene i fylket, med stor variasjon i vegetasjonstypar, og eit variert artsutval. Geofag og viltverdiar er ikkje vurdert her.

### Skjøtsel og omsyn

Området er verna. Det gjeld forskrifter for reservatet.

## 76 Eresfjorden: Eira ved Fagerslett (grusør)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-76
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 549-551, 493-495
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 4-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark, skog
<b>Naturtype:</b>	Større elveører, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei dels skogkledd grusør i Eira vest for Fagerslett, med flaumløp, sumpar og bakevjer, og gråor-heggeskog.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog (C3), elveørkratt (Q3), urte- og grasør (Q2), elvesnelle-storr-ump (O3), krypsiv-vegetasjon (P3).

*Kulturpåverknad:* Området er bruka til fiske og friluftsliv.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast amerikamjølke (innført), bekkeblom, byhøymole, evjesoleie, flaskestorr, grønstorr, hagelupin (innført), hundekveke, kranskonvall, kratthumleblom, krypkvein, krypsiv, mannasøtgras, myrmaure, skogkarse, skogsvinerot, strandrøyr, strutsvegg og sumphaukeskjegg.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mindre lokalitet med elveører og flaummarkskog, ein av dei finaste som vart funne langs Eira.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep som endrar elveløpet og elvebreidda, og ein bør ikkje snauhogga flaummarkskogen eller planta gran inntil elva.

## **77 Eresfjorden: Eira ved Sira (grusør)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-77
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 549-552, 489-491
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 4-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark, skog
<b>Naturtype:</b>	Større elveører, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.08.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ei dels skogkledd grusør i Eira ved Siraøyna nordaust for Sira kyrkje. Lokaliteten har flaumlauf, sumpar og bakevjer, og gråor-heggeskog.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog (C3), elveørkratt (Q3), urte- og grasør (Q2), kortskotstrand (O1).

*Kulturpåverknad:* Området er bruka til fiske og friluftsliv, planta gran vart observert, grensar til dyrka mark og forbygd del av elva sørafor.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast evjesoleie, flaskestorr, grønstorr, hagelupin (innført art), klovasshår, kratthumleblom, kvitbladtistel, mannasøtgras, myrmaure, skogkarse, skogsvinerot, strandrøyr, sylblad og turt. Sylblad synest å vera ganske vanleg langs Eira.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mindre lokalitet med elveører og flaummarkskog, ein av dei finaste som vart funne langs Eira.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep som endrar elveløpet og elvebreidda, og ein bør ikkje snauhogga flaummarkskogen eller planta gran inntil elva.

## **78 Eresfjorden: Kanndalen (rikmyr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-78
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 574-576, 502-504
<b>Høgde over havet:</b>	325-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.1979 (Holten 1979), 09.07.2002, GGa

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Homogene sørvendte bakkemyrar med rik og mellomrik vegetasjon. Myrane er interessante pga. at helling og eksposisjon er konstant over eit større høgdeintervall. Det området som er avgrensa av Holten (MQ 570-588, 503-517, 300-700 m) er mykje større enn det som vart funne av Gaarder. Ein vil her nytta sistnemnde si avgrensing, men påpeika at områda rundt ifølgje Holten sine undersøkingar truleg også inneheld flekker av rikmyr og bør undersøkast betre.

*Vegetasjon:* Fattig, intermediær og rik fastmattemyr. Karakteristiske artar er blåtopp, kystmyrklegg, øyrevier, klokkelyng og heitorvmose.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare beiting, kanskje også slått.

*Artsfunn:* Engmarihand vart funnen fleire stader frå 320 m opp til 620 m. Raudlistearten kvitkurle vart funnen i 480 m høgd (MQ 570 509). Elles vart det funne gullmyrklegg, kystmyrklegg og grov nattfiol.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med eit betydeleg innslag av rikmyrer.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep i rikmyrene.

## **79 Eresfjorden: Kanndalen: Storstølen (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-79
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 592 507
<b>Høgd over havet:</b>	450-480 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.09.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er den nedre setergrenda i Kanndalen.

*Vegetasjon:* Den opne beitemarka ved setrane består dels av finnskjegg- og gulaks-dominert vegetasjon og dels av blåbærhei. Elles finst fukthei, og noko bjørkeskog ovanfor setrane.

*Kulturpåverknad:* Området er beita av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne 58 planteartar, av desse 10 naturengplanter og 2 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen, med eit relativt ordinært artsutval.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskeleg at beitinga held fram.

## **80 Eresfjorden: Kanndalen: Gaddhaugane (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-80
<b>Kartblad:</b>	1420 III Sunndalsøra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 601 507
<b>Høgd over havet:</b>	500-520 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.09.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er den øvste setergrenda i Kanndalen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av finnskjegghei, dels med mykje gulaks, vidare er det ein del blåbærhei og dvergbjørk-kreklinghei. Det finst og noko fjellbjørkeskog i omgjevnadene.

*Kulturpåverknad:* Området er beita av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne 51 planteartar, av desse 6 naturengplanter og 4 seterplanter. Botnvegetasjonen er moserik, og det kan tenkjast å vera ein bra stad for beitemarkssopp, men desse var ikkje framme på undersøkingstidspunktet.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen, med eit relativt ordinært artsutval.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskeleg at beitinga held fram.

## 81 Eresfjorden: Steinsvoll (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-81
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 554-558 468-476
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 100-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.06.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Edellauvskogsområde sør og aust for Steinsvoll i Eresfjorden. Alm opptil 100 cm i stammediameter (fleirstamma). Bratt med raspåverka skog og steinurer, noko berghamrar i øvre del.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5), gråor-heggeskog (C3), rasmarks- og bergvegetasjon. Treslag: alm, dunbjørk, gråor, hegg, hengjebjørk, rogn, selje.

*Kulturpåverknad:* Noko granplanting og kraftlinje i nedre delar, elles liten. Beitepåverknad i nedre delar.

*Artsfunn:* Interessante planteartar: fingerstorr, firblad, hengjeaks, hestespreng, kratthumleblom, lundrapp, myske, nyresoleie, rosenrot, skogsvinerot, skogsvingel, storfrytle, strandrøyr, strutsving, svartstorr, trollurt, turt, tyrihjel. Elles lungeneversamfunn med lungenever og skrubbenever.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med middels velutvikla edellauvskog.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte.

## 82 Eresfjorden: Nerås-Øverås under Goksøyra (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-82
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 551-556 447-459
<b>Høgde over havet:</b>	80-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog, sørvendt berg og rasmark, kantkratt
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.09.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit edellauvskogs- og rasmarksområde i lifoten under Goksøyra aust for Nerås og Øverås i Eresfjorden. Alm er sett opptil 100 cm i stammediameter (fleirstamma). Almen er generelt delvis avborka av hjortegnag. Bratt med raspåverka skog og steinurer, overgang til berghamrar i øvre del.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5), lågurthasselskog med myske (C2), gråor-heggeskog (C3). Treslag: alm, ask, dunbjørk, furu, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje. Ved Nerås finst eit intakt hasselparti heilt ned til dyrkamarka.

*Kulturpåverknad:* Noko granplanting i nedre delar, elles liten. Truleg tidlegare beita. Hasselen har vore utnytta tidlegare.

*Artsfunn:* Interessante planteartar: bergfrue, bergveronika, blårapp, brunrot, engsmelle, fingerstorr, firblad, gjeldkarve, haremat, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kratthumleblom, kvitmaure, kvitsymre, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, olavsskjegg, rosenrot, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, småsmelle, storfrytle, svartburkne, taggbregne, trollurt. Av vilt vart det notert spettmeis, ringtrast og ekorn.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med middels velutvikla edellauvskog m.m.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte.

## 83 Eikesdalsvatnet: Stranda (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-83
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord

<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 573-578 425-435
<b>Høgde over havet:</b>	30-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog, hagemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.04.1999, GGa & JBJ, 28.06. og 06.09.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Vestvendt lauvskogsli ved nordre del av Eikesdalsvatnet.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog (C3), gråor-almeskog (D4), stort innslag av alm, dels grov, styva alm. Andre treslag: gråor, hengjebjørk, rogn, selje, hassel, dunbjørk. Store delar av skogen er raspåverka.

*Kulturpåverknad:* Fylkesveg i nerkant, rasoverbygg, rassikringsarbeid m. omfattande rasvollar. Store almepilar viser tidlegare lauving. Skogen er beitepåverka.

*Artsfunn:* Funnt på ein stor almepil med stammediameter 1,8 meter MQ 5750 4274: halvmeterstore skjelljuker *Polyporus squamosus*, vidare raudlistearten narrepiggssopp *Kavinia himantia* (DC). Dessutan dei borklevande soppene *Dendrothele cf. acer* og *Stereum subtomentosum*. Elles vart det i 1999 funne kvithovudnål *Cybebe gracilentia* (kandidat til raudlista for skorpelav) ved basis av grov alm, rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (DC) på selje, skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* på daud ved av alm, raudrandkjuke på ei furulåg, skarlagen vårbeger *Sarcoscypha austriaca* på daud lauvved, pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum* på ei ospelåg og ei bjørkelåg (røtevedmose, tidlegare på raudlista), sølvnever *Lobaria amplissima* på selje og bjørk, skjerfrose *Apometzgeria pubescens*, kystårenever og buktporelav *Sticta sylvatica*, ein fuktkevande lavart som er nær nordgrensa si. Av interessante planter kan nemnast engtjæreblom, fingerstorr, junkerbregne, lundgrønaks, maurarve, olavsskjegg, småborre, skogsvingel, svartburkne, sanikel, vårkål, vårmarihand, gullstjerne, lerkespore, strutsvingel, svarterteknapp og trollbær.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein variert edellauvskog med styva alm, nokre varmekjære artar, fleire raudlisteartar, og mange gode signalartar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, og så langt råd bevara preget av edellauvskog. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 84 Eikesdalsvatnet: Fløta (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-84
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 574-578, 408-420
<b>Høgde over havet:</b>	40-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Stor rasvifte med variert lauvskog nær nordenden av Viketunnelen.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5), gråor-heggeskog (C3), ein del hassel, hengjebjørk og osp.

*Kulturpåverknad:* Veg, tunnelinnslag og massefyllingar nedst, skogsveg, elles liten kulturpåverknad i dag.

*Artsfunn:* Raudlistearten hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* vart funnen. Interessante planteartar: kjempesvingel, lundrapp, maurarve, skogsvingel, vårerteknapp. Hakkemerke sannsynlegvis etter kvitryggspett. Elles høyrte m.a. spettmeis, gjerdesmett og munk i hekketida.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein variert edellauvskog med styva alm, nokre varmekjære artar, fleire raudlisteartar, og fleire gode signalartar. Lokaliteten er dårleg undersøkt, og synest å ha eit stort potensiale for kravfulle artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis. Lokaliteten bør undersøkast betre.

## 85 Eikesdalsvatnet: Vike: nord for Vikeelva (rasmark/edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-85
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 578-585, 381-387
<b>Høgde over havet:</b>	30-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt, skog
<b>Naturtype:</b>	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog, gammal edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.06.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Vestvendt li nord for Vikeelva ved gardane på Vike. For det meste steinrike rasmarker og berg, innslag av edellauvskog med alm og hassel, elles hengjebjørk og hegg, raspåverka. Nedst nokså grovsteina ur mot vatnet, øvst meir småstein og grus. Det finst læger av selje, hengjebjørk, alm og hassel, for det meste slått ned av steinsprang. Mot elva finst høgstubbar og læger av osp.

*Vegetasjon:* Bergflate og bergsprekk (F2, F3), tørt rasmark (F1a), alm-lindskog (D4) og lågurt-edellauvskog med hassel (D2). Treslagsamansettinga i skogpartia var i grove trekk hassel 50%, hengjebjørk og dunbjørk 30%, alm 10%, dessutan litt hegg og osp.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har iallefall tidlegare vore beita av sau og vore nytta på tradisjonelt vis med skjøtsel og hausting av alm og hassel.

*Artsfunn:* Artsrik lokalitet. Av planter vart det notert m. a. bergfrue, bergmjølke, breiflangre, brunrot, burot, dunhavre, dvergmispel, engtjæreblom (MQ 5816 3827), fjellsmelle, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kratthumbleblom, kvitmaure, liljekonvall, lintorskemunn, lodnebregne, lundgrønaks, lundrapp, myskegras, mørkkongslis, olavsskjegg, piggstorr, prikkperikum, rundskolm, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, småborre, småsmelle, storklokke, svarterteknapp, taggbregne, trollbær, trollurt, vårerteknapp, vårmarihand. Mot elva var lungeneversamfunnet meir framtrédande, med ein del lungenever, stiftfiltlav og blyhinnelav på osp, og lungenever på marka og på steinane. Nær elva var det styvingstre av alm opp i 50 cm stammediameter med bleikdoggnål og glyer. Interessante soppantar: raudnande slørsopp *Cortinarius cyanites*, *Cortinarius decoloratus*, lundslørsopp *Cortinarius largus* (bestemt av T.E. Brandrud). Lokaliteten har truleg potensiale som levestad for sjeldne insektartar. Elles vart det notert varslande spettmeis, tilhøva tydde på at arten hekka. I berget hekkar truleg ringtrast og bergirisk.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er velutvikla og artsrike rasmarker, med fleire varmekjære artar, men utan særleg sjeldne eller raudlista artar. Verdien kan verta høgare ved betre undersøkingar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 86 Eikesdalsvatnet: Vike: Mjølrika (bjørkehage)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-86
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 577 380
<b>Høgde over havet:</b>	25-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Hagemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av styving o. a. tradisjonell bruk
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg nedanfor driftsvegen og sørvest for dyrkamarka på nordsida av Vikeelva. Lokaliteten er ein gammal bjørkehage av hengjebjørk der det har vore hausta lauv, truleg slått tidlegare og no beita litt.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er lysopen bjørkeskog med kulturpåverka engsamfunn i botnen, nærast beslekta med G4 frisk fattigeng, men noko meir skuggepåverka med m. a. smyle. Det er innslag av hassel og gråor.

*Kulturpåverknad:* Det har vore hausta lauv, slått tidlegare og no beita litt. Det vart telt opp ca. 140 styva hengjebjørker, av desse rundt 15 grove tre (stammediameter >50 cm).

*Artsfunn:* Dominerende artar er gulaks, smyle, raudsvingel og diverse urter. Interessant var innslag av dunhavre. Elles fanst engrapp, stormarimjelle, engfrytle, gullris, småengkall, tviskjeggveronika, skogstjerne, skogburkne, fugletelg, raudkløver, firkantperikum, fuglevikke, skogstorkenebb, ormetelg, hundegras og raudkløver. Lokaliteten kan vera levestad for sørlege, varmekrevande biller knytt til gammal og daud hengjebjørk (kjent frå Øvre Vike), t.d. blå vedborar. Lungeneversamfunnet er representert med lungenever og sølvnever på trea. *Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten er eit godt døme på ein styva bjørkehage, ein naturtype som har vore mykje meir utbreidd før, men som i dag er meir sjeldan.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er ønskjeleg at bjørkehagen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 87 Eikesdalsvatnet: Vike (edellauvskog m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-87
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 577-583, 372-381
<b>Høgde over havet:</b>	22-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, skogsbeite, hagemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Hånde (1969), 28.08.2003, 16.09.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Vestvendt li aust for gardane på Vike. Vegetasjonen er undersøkt av Hånde (1969).

*Vegetasjon:* Hånde (1969 s. 21) har eit foto med skogtypar innteikna. Dette viser at nedre del av lia er hasseldominert, medan øvre delar er bjørkedominert med storfrytle (*Betulo-Luzuletum silvaticae*). Omkring elveutløpet dominerer gråor, medan eit parti nord for bruka (og nord for tunnelopninga) er rasmark (sjå eigen lokalitet). Hasselskogen vert klassifisert som "Asperulo Coryletum typicum/myrtilletosum" (D2d).

*Kulturpåverknad:* Hasselskogen har i lang tid vore skjøtta til produksjon av bandstake (tønneband) og net, og andre treslag har vore fjerna, særleg nærast gardane. Aktiviteten i skogen har minka, men framleis vert her skjøtta mindre areal hasselskog på tradisjonelt vis (Aura Avis 06.09.1995). I tillegg er lokaliteten beita av sau.

*Artsfunn:* Raudlista soppantar, dei fleste tilknytt hassel og funne i skjøtta hasselskog i nedre delar nær vegen: svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V), hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R), falsk brunskrub *Porphyrellus porphyrosporus* (DC), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC), marsipankremle *Russula grata* (R). Andre interessante soppantar: raudnande slørsopp *Cortinarius cyanites*, lillaflekka slørsopp *Cortinarius porphyropus*, purpurslørsopp *Cortinarius purpurascens* var. *largusoides* (slørsoppar bestemt av T.E. Brandrud), blånande rørsopp *Gyroporus cyanescens*, loden begermorkel *Helvella macropus*, silkemusserong *Tricholoma columbetta*. Opplysningar om planteartar på lokaliteten er mangelfulle. *Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det m.a. finst velutvikla hasselhagar med mange raudlisteartar, dels i høgare raudlistekategori, og elles stor og velutvikla varmekjær lauvskog med lang kulturpåverknad. Lokaliteten har truleg eit potensiale for sjeldne insekt (ikkje undersøkt).

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 88 Eikesdalsvatnet: Hoem: Geitreiten (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-88
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 561 380
<b>Høgde over havet:</b>	22-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.09.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Fin, open naturbeitemark ned mot Eikesdalsvatnet nord for Hoem ved utløpet av Hoemsdalen.





*Artsfunn:* Av planter kan nemnast harematt, hengjeaks, kratthumleblom, krossved, lundrapp, myske, skogkarse, skogrørkvein, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, strandrøyr, strutsvegg, trollurt, tyrihjelms. På alm vart det funne *Auricularia mesenterica* skrukkeøyre, *Dendrothele acer*, *Hymenochaete ulmi* (*Corfixen ined.*), *Polyporus squamosus* skjelkjuke, og almelav. Av sopp elles kan nemnast *Fomitopsis pinicola* raudrandkjuke, *Ganoderma applanatum* flatkjuke, *Leccinum pseudoscabrum* hasselskrubb (raudlisteart), *Mycena stylobates* stjernesokkelhette, *Phallus impudicus* vanleg stanksopp, *Russula cyanoxantha* broket kremle, *Russula medullata* og *Russula vesca* nøttekremle (kremler bestemt av Perry Larsen). På lauvrestammer vart det sett m.a. lungenever (opptil 6 m opp i trea). På røteved vart det funne fingersaftmose og piggrådsmose.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein større lauvskogslokalitet med ein del hassel, styva alm og nokre interessante sopparter, men få varmekjære planter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 91 Eikesdalsvatnet: Hoemstind mot Hoemsdalen (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-91
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 550-555, 372-374
<b>Høgde over havet:</b>	”300-600” m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	12.08.1948, R. & P. J. Nordhagen (Nordhagen (1968, 1976)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Under Hoemstind, på nordsida, fann botanikaren Rolf Nordhagen i 1948 stivsildre, eller med eigne ord: ”i 1948 oppdaget jeg atskillige praktfullt utviklede eksemplarer under Hoemsfjell på vestsida av Eikesdalsvatnet på noen nesten utilgjengelige berghyller” (Nordhagen 1968). Ifølgje herbareiedatabasen i Oslo dreier det seg om høgdeintervallet 300-600 m, noko som må seiast å vera eksepsjonelt lågt til å vera stivsildre. Dette er dei einaste opplysningane ein har som grunnlag for avgrensinga, som dermed vert noko usikker. Men det verkar likevel ikkje urimeleg, sidan det i dette området er bratte, nordvendte berg, som er den typiske veksestaden for stivsildra. I tillegg skal han ha det kalkrikt og med konstant sigevatn.

*Vegetasjon:* Bergsprekk og bergvegg (F2) m.m.

*Kulturpåverknad:* Ingen kjent.

*Artsfunn:* Lokaliteten er avgrensa på grunn av stivsildreførekomsten. Elles vart det funne fjellkvitkurle (herbariedata). Truleg finst fleire kalkkrevande fjellplanter i området.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomsten av den sjeldne fjellplanta stivsildre, som her har ein vestleg utpostlokalitet.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utanom at stivsildra ikkje må plukkast.

## 92 Eikesdalsvatnet: Øvre Vike-Vikesetra (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-92
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 583 357
<b>Høgde over havet:</b>	20-600 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog, skogsbeite
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Nordhagen (1931), Hånde (1969), 06.08.1973, Erik Hagen (Hagen 1973b), Marker (1977), Bugge (1993), 01.04.1999, GGa & JBJ, 26.06.2001, Oddvar Hanssen & JBJ, 06.09.2001, JBJ, 21.08.2004, Terje Spolén Nilsen, Marte Seem & JBJ, 02.09.2004, JBJ

## Områdeskildring

*Generelt:* Stor varmekjær lauvskogsli, rekna som ein av Skandinavias største og best utvikla hasselskogar (Nordhagen 1931). Nedre delar av lia er hasseldominert, noko som Hånde (1969) understrekar er eit kulturprodukt. Ein hogg andre treslag til ved og kultiverte hasselen til bandstake- og net-produksjon. Dagens skogstruktur er dermed ein leivning av denne tidlegare bruken. Øvre delar av skoglia er lite kulturpåverka, og her finn ein grove dimensjonar av dei fleste treslag. M. a. nemner Hånde (1969) ein hasselstamme med omkrets 3,25 meter ein meter over bakken. I dag finst hassel på opptil 80 cm stammediameter. Det finst og grove dimensjonar av hengjebjørk, selje, alm (over 1,3 meter) m.m. og sjeldne insektartar, lavar og sopp knytt til daut ved og gamle tre.

*Vegetasjon:* Saman med hassel dominerer hengjebjørk, med innslag av alm, osp og selje. Det er mest alm i øvre delar. På friske parti dominerer gråor. Hånde (1969) klassifiserer nordlegaste delen frå Øvre Vike og nordover som "Asperulo Coryletum typicum" (lågurhasselskog med myske), medan skogen sørover forbi Vikesetra er meir oppblanda med "Asperulo Coryletum myrtilletosum" (fattigare lågurhasselskog). Lenger oppe i lia dominerer "Betulo-Luzuletum silvaticae" (bjørkeskog med storfrytle).

*Kulturpåverknad:* Nedre delar av lia er mest kulturpåverka. Tidlegare var hasselen i Eikesdalen utnytta gjennom nøttesanking og tønnebandproduksjon og almane vart styva. Etter at aktiviteten i skogen sokk, ber hasselen mindre net, og den tidlegare kulturskogen endrar seg i retning naturskog. Det er bygd veg langs vatnet, og med utgangspunkt i denne fleire vegar m. m. Ved Øvre Vike er det eit småbruk med campingplass, og nokre små granfelt. Det vart i 2000 laga ny vassforsyning oppe frå lia. Vikesetra er i bruk til fritidsformål. Streifbeiting av sau i området.

*Artsfunn:* Innslag av varmekjære planteartar: firblad, hengjeaks, junkerbregne, kratthumleblom, lundrapp, maurarve, myske, sanikel, skogsvinerot, skogsvingel, trollbær, vårerteknapp. Gråorskogsartar: gaukesyre, enghumleblom, stornesle, bringebær, kvitsymre, tyrihjel, mjørdurt, trollurt, skogstjerneblom, sløkje og skogburkne. Andre artar: taggbregne, krattlodnegras, skogkarse. Vinterbeiteområde for hjort. Funnt av lav og sopp Øvre Vike (MQ 580 361-363, 1999): blådoggnål *Sclerophora farinacea* (potensiell raudlisteart) på 2 styva almer, bleikdoggnål *Sclerophora nivea* på 2 styva almer, almelav *Gyalecta ulmi* på 3 styva almer, skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* på 4 almer, *Dendrothele* sp., svovelkjuke *Laetiporus sulphureus* (på hassel), skjelkjuke *Polyporus squamosus* og ein broddsopp *Hymenochaete ulmi* (Corfixen ined.) på styva almer (0,8-1,2 m i diameter), vedalgekølle *Multiclavula mucida* (raudlisteart, R) på 1 seljelåg og 6 ospelæger, pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum* på 2 ospelæger (røtevedmose, tidlegare på raudlista), bjørkeildkjuke *Phellinus lundellii* på daut bjørk, falsk brunskrub (god bestand 2004, DC), gullkremle (DC), prydhette (R), gulnande begersopp (DC) og rustkjuke (DC). Vidare vart den sjeldne blekksoppen *Coprinus romagnesianus* funnen i innhol, styva alm. Funnt av lav og sopp ved Vikesetra MQ 582 353 i 2001: svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (raudlisteart), blådoggnål *Sclerophora farinacea* (potensiell raudlisteart), skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* og *Hymenochaete ulmi* på styvingsalm, elles brun knipperidderhatt *Lepista ovispora* og sølvhette *Mycena polygramma*. Av insektartar finst mange sjeldne og raudlista artar som dels befinn seg på nordgrensa i Noreg, og som dels har isolerte utpostbestandar i Eikesdalen. Av biller finst to artar i kategori E (direkte truga), 3 i kategori V (sårbar), 5 i kategori DC (omsynskrevande) og 1 i kategori DM (overvakingsart). Raudlista billeartar: *Agathidium discoideum* (DC), larvedrepar *Calosoma inquisitor* (DC, nordgrense), *Enicmus brevicornis* (V, nordgrense, røtevedart i edellauvskog), smellaren *Harminius undulatus* (DC, under bork på grove, daude lauvtre), *Latridius brevicollis* (V, nordgrense, røtevedart i lauvskog), *Melandrya barbata* (E, nordgrense, einaste funnt utanom Oslofjorden, truleg på daut osp), blå vedborar *Melandrya caraboides* (DC, grov, daut hengjebjørk), *Mycetophagus fulvicollis* (DC), *Nivellia sanguinosa* (E, nordgrense, einaste stad i Noreg) og *Plathyrinus resinus* (V, røtevedart i lauvskog), *Trypophloeus grothii* (DM) (Oddvar Hanssen pers. medd.). Vidare finst mange sjeldne, sørlege billeartar, til dels med isolert, relikarta førekomst, t.d. *Tillus elongatus* (maurbille som lever på borebiller), ei grøn praktbille på furu *Buprestis rustica*, trebukken *Homocherus hispidulus* som lever på hassel, Eucnemiden *Microrhagus pygmaeus* (nordgrense i Sunndal), ei sopplevande bille i kjuke *Mycetophagus multipunctatus*, og borebillene *Ptilinus pectinicornis* (nordgrense) og *Xyletinus ater* (til Sunndal). Den sjeldne tegearten *Aneurys avenius* vart funnen ved Øvre Vike i 1998 (nordgrense i Sunndal, Ødegaard 1998). Ved Øvre Vike ligg lokaliteten for Noregs første funnt av "verdas minste bille" *Baranowskiella ehnstroemii*, som lever i porelaget på berre seljekjuke, ein kjukeart som veks berre på selje. Av fugl er det observert kvitryggspett (raudlisteart), og spettmeis hekkar. Tette bestandar av flaggermus er eit særtrekk for edellauvskogane i Eikesdalen (Sunde & Grønningseter 1999). Observasjon av kvitryggspett 02.09.2004, JBJ.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og velutvikla edellauvskog med mykje hassel, mange raudlista soppartar, raudlista insektartar knytt til gammal edellauvskog m.m.

## Skjøtsel og omsyn

Etter at veggen vart bygd, er det sett igang ulike prosjekt i nedkanten av lia. Dette, saman med at verneverdiane er så sterkt knytte til den bruken av området ein tidlegare hadde, gjer at Bugge (1993) fann det lite eigna å foreslå vern som naturreservat. Det viktigaste i dette området er å hindre vidare granplanting, samt å få til ordningar

med skjøtsel slik at delar av dei rike hasselkratta kan haldast i hevd. Grunneigarane er positive til ei slik løysing, og vil bidra til å gjennomføre skjøtselen. Den gamle lauvskogen med store og grove dimensjonar av hengjebjørk, selje, hassel m.m., daud ved, høgstubbar og trevelter bør ikkje hoggast. Denne skogen er svært viktig for ei rad artar av både insekt, sopp og lav.

## 93 Eikesdalsvatnet: Ytre Bjørk-Øvre Bjørk (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-93
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 574 328
<b>Høgde over havet:</b>	20-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.1974 (Korsmo 1975), 16.08.1996 R. Elven, H. H. Grundt (Fremstad & Elven 1997), 06.09.2001 og 11.06.2002, JBJ, Stenberg (2000a), 28.08.2003 og 16.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Almeskog med innslag av hassel på vesthellande lisider og grusvifter. Gneis i berggrunnen. Bestandet grensar mot vegen langs Eikesdalsvatnet.

*Vegetasjon:* Tresjiktet består vesentlig av alm med lokale innslag av hassel. Isprengt finn ein elles gråor, bjørk og osp. Tresjiktet er noko ujamnt og oppreve i øvre del og går her mange stader over i ein krattskog nærast fjellveggen. Busksjiktet består av bjørk, hassel, rogn og alm. Feltsjiktet er frodig og stadvis dominert av ormetelg og stornesle i utformingar og reine bestand.

*Kulturpåverknad:* Almetrea er styva. Veg m.m. i nedkant. Det har vore hogge ved.

*Artsfunn:* Godt innslag av skogfaks, skogsvingel, lundgrønaks og myskegras. Andre interessante planteartar: lodneperikum, raudkjeks, trollbær, turt, piggstorr, kransmynte, myske, harematt, krossved, fingerstorr, prikkperikum, furuvintergrøn, filtkongsløys, dvergmispel, vårskrinneblo, maurarve, vårerteknapp, storfrytle, firblad, vårmarihand, småborre og kvitsoleie. Soppfunn 2001-2003: kjempeslørsopp *Cortinarius praestans*, raudlisteart i kategori E – direkte truga og det nest nordlegast kjende funnet i Noreg. Vidare raudskivesoppen *Entoloma pseudocoelestinum*, bleik svovelriske *Lactarius resimus* (R på raudlista), gullkremle *Russula aurea*, gulnande begersopp *Peziza succosa*, elegant småfingersopp *Ramariopsis subtilis* (alle DC på raudlista). Andre ikkje raudlista soppar: 6 vidt utbreidde fagervokssoppar (*Hygrocybe* sp., m.a. *Hygrocybe irrigata*), svovelmusserong, galleslørsopp *Cortinarius infractus*, maislørsopp *Cortinarius olidus*, lundslørsopp *Cortinarius largus*, silkemusserong *Tricholoma columbetta* og dvergpiggssopp *Sistotrema confluens*. På daud ved av alm vart det funne skrukkeøyre *Auricularia mesenterica*. På ei nedramla kjempeselje vart det funne bispeluer *Gyromitra infula*. På daud ved av osp vart det funne svart vednavlesopp *Omphalina epichysium*. Kvitryggspett vart observert i april 1991 (MQ 574 303, Stenberg 2000a) og hausten 2001 (JBJ). Elles har spettmeis tilhald i hekketida. 21.07.1998 vart raudlistearten dvergflaggermus påvist fleire stader her (Sunde & Grønningsæter 1999).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og velutvikla boreonemoralt skogområde med mange varmekrevande planteartar, styva almer, fleire raudlista soppartar, bl. a. ein art i kategori E – direkte truga, potensiale for interessante insektartar, tette bestandar av flaggermus og potensielt tilhald av kritttryggspett.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 94 Eikesdalsvatnet: Ljåstranda-Sandoddan (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-94
<b>Kartblad:</b>	1319 I Romsdalen, 1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 573-577 290-302
<b>Høgde over havet:</b>	30-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark, gammal edellauvskog, hagemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** Hånde (1969), 05.08.1974 (Korsmo 1975, Bugge 1993), 05.08.1995, JBJ, 19.11.1993, GGa, 28.06.2001, Oddvar Hanssen & JBJ, 06.09.2001, JBJ, Stenberg (2000a), 10.06.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Almeskog og gråor-heggeskog i VNV-vendt liseide mot Eikesdalsvatnet eit stykke nord for ferjeleiet i Eikesdalen, omkransa av ur og bjørkeskog. Gneis i berggrunnen.

*Vegetasjon:* Svært frodig feltsjikt. Tresjiktet består vesentleg av alm og gråor. Alm dominerer i dei sentrale delene. Det er innslag av rogn, dunbjørk, hassel, gråor, hegg og hengjebjørk. Feltsjiktet er svært frodig over ein stor del av arealet med lokale bestand av strutsveg, stornesle, bringebær og skogsvinerot. Hånde (1969) klassifiserer to vegetasjonsanalyser som *Asperulo Coryletum typicum* og to som *Asperulo Coryletum brometosum*. I moderne terminologi (Fremstad 1997) vil vi karakterisera lokaliteten som blanding av almlindskog (D4) og gråor-almeskog (D5).

*Kulturpåverknad:* I nedre del fylkesveg, i 2001 også tunnelinnslag ved Sandoddan. Lokaliteten har spor etter omfattande styving av alm. Det er gjeve tilskott til styving av eit mindre område dei seinare åra.

*Artsfunn:* Raudlista soppantar: rustkjuke er funne på hassel i 1993. Blådoggnål *Sclerophora farinacea* (skorpelav som er kandidat til raudlista) er funne sparsamt på styva alm. På alm er det elles funne store skjelkjuker *Polyporus squamosus*. På rotten hassel-stubbe ved tunnelinnslaget til Sandoddantunnelen vart det i 2001 funne narrepiggisopp *Kavinia himantia* (DC). Planter: Tyrihjel, trollbær, storklokke, myske, kranskonvall, skogfaks, myskegras, småstorkenebb. Ved Sandoddan vart det i 2001 funne blåmjelt, bergmynte, blårap, engtjæreblom, fjellarve, fjellfrøstjerne, hårstorr, lintorskemunn, mørkkongslis, olavsskjegg, prikkperikum, rundskolm, småborre, sotstorr, skogfaks og svarttopp. Fleire interessante insektartar (Oddvar Hanssen pers. medd.). Dei raudlista fugleartane dvergspett og gråspett er observerte i hekketida, i april 1991 (Stenberg 2000a). Gråspett vart også observert 28.06.2001 og 10.06.2003 av underteikna (MQ 572 295 i 2003). Elles hekkar spetteis og gulsongar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med variert og artsrik edellauvskog, mange styva tre med interessant påvekst av sjeldne artar og to raudlisteartar, og sannsynleg hekking av raudlista spetteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å vidareføra styving av alm. Preget av edellauvskog bør bevarast.

## 95 Eikesdalsvatnet: Katthammaren (berg)

**Lokalitetsnummer:** 1543-95  
**Kartblad:** 1319 I Romsdalen  
**UTM (EUREF 89):** MQ 573-575, 284-288  
**Høgde over havet:** 5-300 m  
**Hovudnaturtype:** Berg, rasmark og kantkratt, skog  
**Naturtype:** Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, kalkskog, rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 06.09.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Bratte, dels skogklede sørvestvende berghamrar og rasmark ovanfor vegen under Katthammaren ved sørenden av Eikesdalsvatnet.

*Vegetasjon:* Bergsprekk og bergvegg (F2), lågurtfuruskog (B2) med ein del hengjebjørk, austleg type av lågurthasselkratt (D2d).

*Kulturpåverknad:* Gammal ferdsselsveg (frå før nyvegen), gamle hogstspor, elles ingen observerte.

*Artsfunn:* Interessante planter: skogfaks, kvitbergknapp, store mengder engtjæreblom. Interessante soppantar: hasselriske *Lactarius pyrogalus*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, gul flugesopp *Amanita mappa* og ein ubestemt knollslørsopp *Cortinarius* u.sl. *Phlegmacium*. 21.07.1998 vart raudlistearten dvergflaggermus påvist her (Sunde & Grønningsæter 1999).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla bratt skog med fleire varmekjære artar og signalartar.

### Skjøtsel og omsyn

Området har ”verna seg sjølv” fram til no, ingen særskilte omsyn utanom å unngå fysiske inngrep.

## 96 Eikesdalsvatnet: nord for Rangåna (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-96
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 561-565, 340-344
<b>Høgd over havet:</b>	0-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Berre avstandsbetrakta, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Parti med almeskog noko sør for Hoemsbu, frå Eikesdalsvatnet og opp til ca. 250 m nordover frå Rangåna og til berghamrar sør for Haudukbekken, på austsida av Haudukan.

*Vegetasjon:* Truleg gråor-almeskog.

*Kulturpåverknad:* Truleg same historie som dei andre edellauvskogane i området.

*Artsfunn:* Ingen data (ikkje undersøkt)

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla edellauvskog med potensiale for varmekjære artar og signalartar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, og prøva å bevare edellauvskogpreget.

## 97 Eikesdalsvatnet: Lavransfløta (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-97
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 560-563, 330-335
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 240 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Berre avstandsbetrakta, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Parti med almeskog på vestsida av Eikesdalsvatnet nord for Lavransfløta.

*Vegetasjon:* Truleg gråor-almeskog.

*Kulturpåverknad:* Truleg same historie som dei andre edellauvskogane i området.

*Artsfunn:* Ingen data (ikkje undersøkt)

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla edellauvskog med potensiale for varmekjære artar og signalartar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, og prøva å bevare edellauvskogpreget.

## 98 Eikesdalsvatnet: Jutneset naturreservat (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-98
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 555-563 301-328
<b>Høgd over havet:</b>	20-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog, gammal edellauvskog, hagemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.1974 (Korsmo 1975), Bugge (1993), Stenberg (2000a), Fjeldstad (2004a).

### Områdeskildring

*Generelt:* Gråor-almeskog langs Eikesdalsvatnet på grusvifter og rasmark i bratt, austvendt terreng, med eit lite bestand av bjørk inne i almeskogen, og gråor langs vatnet. Avgrensa av fjell over, Eikesdalsvatnet nedanfor og lauvskog med innslag av varmekjær vegetasjon elles. Gneis i berggrunnen. Dei fleste almetrea har vore styva. Midt etter grusvifta er det noko tørrare, og her står bjørk. 2035 dekar er tilrådd verna som edellauvskogsreservat. Det som er avgrensa her, er ikkje heile verneforslaget, men berre nedre delar med edellauvskog.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5) med varierende innslag av bjørk og hassel i tresjiktet. Hegg og rogn i busksjiktet. Svært frodig feltsjikt der gråorskogsartar dominerer. Ved Djupneset vart det i 1974 notert massive bestand og utformingar av strutsveg, skogburkne og ormetelg, og bringebær og stornesle-dominans i øvre delar av lokaliteten. Mellom Gunhildsføta og Lavransfløta avgrensa Korsmo (1974) eit bestand der tresjiktet består vesentleg av alm. Hassel dominerer i ei sone nærast vatnet. I dei øvste partia av lokaliteten finst ein del nedklemmt krattskog. Busksjiktet var best utvikla nedst i bestandet og besto her av hassel. Øvst har ein som nemnt mest berre krattskog. Spreidd over arealet veks dessutan rogn og krossved saman med noko hegg. Feltsjiktet er frodig med eit sterkt innslag av bregner, vesentleg ormetelg, som enkelte stader dannar kompakte bestandar. Over heile området finn ein myske jamnt representert.

*Kulturpåverknad:* Almetrea har tidlegare vorte styva. Hasselen har vore utnytta, dessutan har det vore hogge ved.

*Artsfunn:* Varmekjære artar (Korsmo 1975, Fjeldstad 2004a\*): bergmynte\*, brunrot\*, fingerstorr, firblad, geittelg, hengjeaks, kantkonvall\*, kranskonvall, kransmynte\*, kratthumleblom, liljekonvall, lodneperikum, lundrapp, myske, myskegras\*, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, storfrytle (ein av dei sørlegaste veksestadene for arten langs Eikedalsvatnet), storklokke, trollbær, vårerteknapp. I brattkanten ned mot vatnet mellom Gunhildsføta og Lavransfløta vaks det spesielt mykje skogsvingel. Gråorskogsartar i lokaliteten: tyrihjelmslørk, skogburkne, engsnelle, mjødurt, enghumleblom, strutsveg, gaukesyre, kranskonvall, bringebær, skogstjerneblom, stornesle og hundekveke. Fjeldstad (2004a): Av sopp vart det på almælager registrert skrukkeøyre *Auricularia mesentrica* og raudt kransauge *Scutellinia scutellata* og på levande alm vart skjelkjuke *Polyporus squamosus* funnen. Lungeneversamfunnet var rikt med stor førekomst av lungenever *Lobaria pulmonaria* på alm, selje, rogn og hassel. Sølvnever *Lobaria amplissima* vart registrert på alm og selje. I tillegg vart det registrert vanleg blåfittlav *Degelia plumbea* på rogn.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og velutvikla edellauvskogsområde med både varmekjære artar og fuktkevande artar.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er verna som edellauvskogsreservat. Det er no utarbeidd skjøtelsesplan for lokaliteten (Fjeldstad 2004a).

## 99 Eikesdalen: Mardalsbotnen-Kobbessaet (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-99
<b>Kartblad:</b>	1319 I Romsdalen, 1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 546-558, 282-301
<b>Høgde over havet:</b>	22- ca. 360 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog, hagemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.1974 (Korsmo 1975), 18.05.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av skoglia sørover frå Kobbessaet (frå grensa til Jutneset naturreservat) og opp i Mardalsbotnen. To lokalitetar skildra av Korsmo (1975) på 8 + 10 dekar inngår. Variert og noko beitepåverka feltsjikt. Det er påfallande å finne ein varmekjær lokalitet så tett opptil alpine veksttilhøve som her. Fjellgrunnen består av gneis. Siden bestandet ligg i nærheten av den øvre Mardalsfossen, vil ein ha luft med høg relativ fuktigheit. Plante- og lavfloraen i skogen er til ein viss grad avhengige av denne fuktigheita.

*Vegetasjon:* Tresjiktet er dominert av alm, med noko gråor og selje.

*Kulturpåverknad:* Noko beitepåverka (1975). Ingen av almetrea var styva.

*Artsfunn:* Korsmo (1975) nemner m.a. lundrapp, storklokke, fingerstorr, piggstorr, trollurt, myske, taggbregne, bergfrue og skogvikke. Ved eigne undersøkingar vart det m.a. funne vårkål, sanikel, småborre og myskegras. Korsmo (1975) oppgjev skogsivaks i kryssliste frå Mardalsbotnen, men ein kjenner ikkje til noko belegg, og det kan ikkje utelukkast feilskriving. Skogsivaks er ein regional sjeldan art. I 2004 vart det og funne mykje sølvnever og lungenever, og på almer vart det funne almélav og *Hymenochaete ulmi* (Corfixen ined.). Det er observert gråspett i hekketida rett nord for Mardalen (Stenberg 2000a).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla edellauvskogsområde med styva almer, hassel og fuktig lokalklima. Ein del varmekjære artar vantar, truleg på grunn av hovudsakleg austleg eksposisjon.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 100 Eikesdalen: langs Mardøla (gråor-heggeskog, bekkekløft)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-100
<b>Kartblad:</b>	1319 I Romsdalen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 547-554, 280-284
<b>Høgde over havet:</b>	100-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gråor-heggeskog, bekkekløft
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, hogst, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av gråor-heggeskog langs elva i eit belte av varierende breidde frå samanlaupet mellom Mardøla og Ytre Mardøla fram til vegenden på sørsida av elva. Skogen har også innslag av bjørkeskog og furuskog, og det finst einskilde gamle, grove, styva almetre nær elva. Vanlegaste treslag er gråor, men det er godt innslag avbjørk, rogn, selje. Det er bra med gråorlæger, og det finst grove læger av rogn, bjørk og furu. Ei låg av rogn var mest 70 cm i stammediameter. Lausmassane er dels leire, og i hellingane finst småras som gjev området eit ravinepreg. Gråor er opp til 40 cm i stammediameter.

*Vegetasjon:* Tresjiktet er dominert av gråor, men det er godt innslag av bjørk, rogn, selje, med noko alm og furutre i overgangen mot dalsidene. Undervegetasjonen er typisk for gråorskog, med skogstjerneblom, bringebær, skogburkne, elles myske og storfrytle.

*Kulturpåverknad:* Ein skogsbilveg går inn til lokaliteten på sørsida av elva. Herifrå er det laga enkel traktorslepe eit stykke, og hogge litt.

*Artsfunn:* Det mest spesielle funnet var truleg den sjeldne knappenåslaven taiganål *Chaenotheca laevigata*. Det er truleg første sikre funn i fylket, sidan kollekt frå Rauma ikkje kunne verta sikkert bestemt. Dette er ein klar kandidat til raudlista (skorpelav er enda ikkje vurderte for raudlista). Arten står som sårbar på raudlista i Sverige. Raudlistearten røteflak *Calypogeia suecica* vart funnen på ei furulåg (bestemt av Kristian Hassel).

Lungeneversamfunnet var sjeldan godt utvikla. Det fanst store mengder lungenever, skrubbenever og sølvnever på fleire treslag. Store matter av sølvnever på gråor er uvanleg. Lungenever og skrubbenever var rikeleg fertile. Elles fanst glattvrenge, grynvenge, og den kravfulle buktporelaven, *Sticta sylvatica*. Av mosar vart det notert dei suboseaniske kystkransmose *Rhytidiadelphus loreus*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum* og kystbustehette *Orthotrichum lyelli* (sistnemnde på alm, bestemt av Kristian Hassel). På gråorlæger var den kravfulle røtevedmosen fingersaftmose *Riccardia palmata* svært vanleg og stadvis dominerande. På ei stor rognelåg vart det funne kjempebegersopp *Peziza badiocnufa* på over 10 cm i diameter. Ei alm som stod ned mot elva hadde ein del almelav, også ein sjeldan art, som akkurat i Mardalen har dei største bestandane i fylket (mest lengre framme).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av mange kravfulle artar, samt ein raudlistearart og ein raudlistekandidat (skorpelav). Lokaliteten har truleg potensiale for mange fleire kravfulle artar, men er ufullstendig undersøkt.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at ein unngår hogst i det heile. Dei mange fuktkevande artane er knytt til stabilt fuktig miljø, og fleire av dei trivst best i gammal skog med slutta tresjikt.

## 101 Eikesdalen: under Mardalsfossen (fosseeng)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-101
<b>Kartblad:</b>	1319 I Romsdalen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 543-549, 270-280
<b>Høgde over havet:</b>	200-ca.900 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Fossesprøytsone

**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Endringar i vassføring  
**Undersøkt/kjelder:** 17.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Mardalsfossen er eit av dei høgaste fossefalla i Europa, og forårsakar eit svært fuktig og trelaust område nærast fossen. Området er truleg den største og best utvikla fosseenga i fylket.

*Vegetasjon:* Fosseeng (Q4).

*Kulturpåverknad:* Fossen er utbygd, og har lita vassføring om vinteren. Om sommaren er det ei konsesjonsbetinga minstevassføring på 3 m<sup>3</sup> pr. sekund i turistsesongen. Dette opprettheld i ein viss grad fuktige veksttilhøve om sommaren.

*Artsfunn:* Det vart funne ei rekkje planteartar som er felles med kulturbetinga engvegetasjon, m.a. engkvein, lækjeveronika, blåklokke, tepperot, lækjeveronika, sauelsingel, blåknapp, småengkall, finnskjegg, ryllik og geitsvingel. I fuktige parti var det mange høgstauder og bregner som sauetingel, skogstorkenebb, ormetelg, sløkje, tyrihjel, junkerbregne, smørtelg, turt og storfrytle. I berget vart det funne rosenrot, dvergjamne, lusegras, gulsildre, raudsildre, stjernesildre, bergfrue, fjellarve, jåblom, rabbesiv og fjellaugnetrøst. Elles vart det funne rundt 30 fuktikrevande moseartar (sjekka av mosespesialist Kristian Hassel), m. a. raudmuslingmose *Mylia taylori* og kystjamnemose *Plagiothecium undulatum*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei stor og uvanleg godt utvikla fosseeng i regional og nasjonal samanheng.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å koma så nær opprinneleg vassføring som råd i vekstsesongen, dvs. april-oktober. Mose- og lavfloraen burde vore betre undersøkt.

## 102 Eikesdalsfjella: Litlefjellet (rik fjellvegetasjon)

**Lokalitetsnummer:** 1543-102  
**Kartblad:** 1319 I Romsdalen  
**UTM (EUREF 89):** MQ 52-53, 28  
**Høgde over havet:** 970 m  
**Hovudnaturtype:** Fjell  
**Naturtype:** Kalkrike område i fjellet  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** K. I. Flatberg m. fl. 1967 (Gaare 1970, Nordhagen 1976)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Under Litlefjell, på nordsida ned mot Ytre Mardøla om lag 970 m o.h., fann botanikaren Kjell Ivar Flatberg stivsildre. Staden er av Gaare (1970) omtala som i nordskråninga av Litlefjellet, i overgangen mellom fjellet og ura ved foten. Sidan høgda er nøyaktig oppgjeven, men ikkje posisjonen, vert lokaliteten avgrensa som ei om lag 1 kilometer lang "pølse" med svært usikker avgrensing i aust og vest.

*Vegetasjon:* Bergvegg/bergsprekker (F2).

*Kulturpåverknad:* Ingen.

*Artsfunn:* Lokaliteten er avgrensa på grunn av stivsildreførekosten. Truleg førekjem fleire kalkkrevande fjellplanter, men dette er ikkje kjent.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekosten av den sjeldne fjellplanta stivsildre.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utanom at stivsildra ikkje må plukkast.

## 103 Eikesdalen: Mardalen: Almelia (styva almer)

**Lokalitetsnummer:** 1543-103  
**Kartblad:** 1319 I Romsdalen  
**UTM (EUREF 89):** MQ 555-564, 278-285  
**Høgde over havet:** 40 - 260 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, kulturlandskap  
**Naturtype:** Gammal edellauvskog, hagemark  
**Prioritet:** A (svært viktig)



**Mulege truslar:** Treslagskifte, opphøyr av styving  
**Undersøkt/kjelder:** 04.08.1974 (Korsmo 1975), 21.05.1983, GGa, 09.12.1997, GGa & JBJ, Stenberg (2000a), 21.08.2004, soppkurs (soppforeninga "Risken", m.a. Terhi Pousi, Knut Geelmuiden og Magnar Husby)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligger i ei austvendt lise ved plassen Mardalen på sørvestsida av Eikesdalsvatnet. Innslag av hassel og gråor. Grenser mot beitemark i aust, elles mot lauvskog. Fjellgrunnen består av gneisbergartar. I tillegg eit mindre almebestand med gråor-heggeskog i sør med storbregneutforming. I samband med eit arbeid rapportforfattaren saman med Geir Gaarder har utført for Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, om truga artar i fylket av lav og sopp, har vi kome til å registrera sopp- og lavfloraen på almepilane i Eikesdalen, særleg i Mardalen.

*Vegetasjon:* Tresjiktet består overveieende av styva, gammal alm som går opp i flere kubikkmeter, og over 1,5 meter i stammediameter i brysthøgde. Nedst er vegetasjonen prega av strutsveing.

*Kulturpåverknad:* Almepilane i Eikesdalen er vesentleg større enn det aller meste ein finn elles i fylket. Aksdal (1994) meiner at ein har drive meir styving av alm i Eikesdalen enn nokon annan stad i fylket.

*Artsfunn:* Trollbær, skogfaks, skogsvingel, sanikel, taggbregne, vårmarihand, junkerbregne og bergfrue. Vi undersøkte 09.12.1997 sopp- og lavfloraen på 46 ståande almepilar og 5 læger i Mardalen (stammediameter 0,4-1,5 meter). På desse vart det funne følgjande soppartar: *Hymenochaete ulmi* (*Corfixen ined.*) (28 tre), skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* (11 tre), *Dendrothele acer* (5 tre), skjelkjuke *Polyporus squamosus* (2 tre), narrepiggisopp *Kavinia himantia* (DC) (1 tre), rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (DC) (1 tre). Det vart funne følgjande lavartar: almelav *Gyalecta ulmi* (45 tre), blådoggnål *Sclerophora farinacea* (23 tre), bleikdoggnål *Sclerophora nivea* (12 tre), *Biatorrella monasteriense* (1-2 tre). Det vart elles funne rustkjuke *Phellinus ferruginosus* på hassel og lungenever, sølvnever, grynfiltlav og stiftfiltlav. I tillegg vart det funne meir vanlege artar som lungenever og filthinnelav. Andre soppartar som er funne på alm og anna lauvved i 2004 er blågrå østerssopp *Pleurotus ostreatus*, børstepiggisopp *Creolophus cirrhatus* (på rogn) og prydhette *Mycena renati* (R, truleg på hassel). På marka vart det i 2004 funne *Porphyrellus porphyrosporus* falsk brunskrub, *Leccinum pseudoscabrum* hasselskrubb, (DC), *Ramaria gracilis* duftkorallsopp. Almene i Eikesdalen har truleg fylkets største bestandar av almelav, som helst finst på tre over 40 cm stammediameter. Dei tre andre lavartane er enda sjeldnare. Bestanden av blådoggnål er den største som er kjent i Norge og truleg ein av dei største i Europa. Han er knytt til svært grov, oppsprukken bork og vaks i Mardalen på tre over 50 cm stammediameter i brysthøgde (50-150 cm, gjennomsnitt 80 cm). Store dimensjonar og stor bestand gjer at almepilane i Eikesdalen truleg har nasjonal verdi. Det er ei utfordring å halda desse bestandane ved like gjennom tradisjonell drift. Langs vegen i nerkant av det avgrensa området er det funne ei sjeldan og raudlista bladbill på gråor: *Linaeidea aenea* (kategori V=sårbar, 1985, Oddvar Hanssen). Det er konstatert hekking av raudlistearten kvitryggspett i området (Stenberg 2000a). Elles er det observert gulsongar og grønspeitt i hekketida. 21.07.1998 vart raudlistearten dvergflaggermus og dessutan vassflaggermus påvist her (Sunde & Grønningsæter 1999).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av dei mange store almepilane med godt utval av raudlisteartar og sjeldne artar, og ein av Europas viktigste bestandar av den kravfulle lavarten blådoggnål.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte, hogst av almepilane, og helst prøva å laga nye almepilar.

## 104 Eikesdalen: Mardalen (gammal furuskog)

**Lokalitetsnummer:** 1543-104  
**Kartblad:** 1319 I Romsdalen  
**UTM (EUREF 89):** MQ 566 277  
**Høgde over havet:** 40 - 100 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Gammal barskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 04.08.1974 (Korsmo 1975), 06.08.1995, JBJ, 09.12.1997, GGa & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gammal, moserik nordaust-vendt furuskog med hassel og bjørk, ein del gamle tre og læger, i sørlege del av Mardalen i sørenden av Eikesdalsvatnet. På lokaliteten finn ein også ein del store steinblokker og bergveggar som gjev opphav til spesielle kryptogamsamfunn.

*Vegetasjon:* Dels lyng i furuskogen, dels moserikt og med litt bregner og urter.

*Kulturpåverknad:* Liten, litt hogstspor.

*Artsfunn:* Raudlistearten skoddelav *Menegazzia terebrata* (DC) vart funne på ei stor steinblokk (einaste kjende lokaliteten i fylket). Raudrandkjuke på 3 furulæger og ei ståande furu, gulrandkjuke på fururot og blodkjuke *Caloporus taxicola*. Furustokk-kjuka *Phellinus pini* på ein høgstubbe av furu. Kort trollskjegg vart funne på 2 bergveggar. Sølvnever vart funne på to bergveggar og på hassel. Elles vart det notert skrubbenever, kystårenever, lungenever, glattvrenge, dvergullnål, kvitringnål, gulgrønnål og gammelgranlav. Det er også notert knerot blant mose på steinblokker, ein uvanleg plante knytt til furuskog. Syngande bøksongar vart høyrte i Mardalen 04.06.1974, nøyaktig stad er uviss (Mareno Nauste, Johansen 1975).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) fordi det har einskilde kvalitetar knytt til gammal furu/daud furuved og til fuktig lokalklima. Dette er ein av få gamle furuskogar i kommunen.

#### Skjøtsel og omsyn

Sidan det er funne fleire interessante artar knytt til gammal furuskog, er det ønskjeleg av delar av skogen ikkje vert hogd. Fleire av artane er avhengige av det fuktige miljøet som finst i slutta skog.

## 105 Eikesdalsfjella: Børa (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-105
<b>Kartblad:</b>	1319 I Romsdalen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 56-58, 25
<b>Høgde over havet:</b>	800-900 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.1929, R. Nordhagen (Nordhagen 1931, 1976)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Eldre funnstad for stivsilde. Lokaliteten ligg i nordvesthellinga under toppen av Børa. Nordhagen (1931) skriv: ”på fjellets nordvestlige hjørne løper der en tektonisk linje, ledsaget av sterk forvitring – nærmest en slags renne i fjellet med utoverhengende tak, hvorfra der stadig brytes løs friske blokker. I denne rennen, som er meget vanskelig å passere fordi den skråner sterkt fra syd mot nord, og nedenfor den optrer der i 8-900 m. høide en rekke arter som man ellers leter forgjeves efter på hele Børåfjell”. ”Forekomstens lengdeutstrekning overstiger neppe 400 m.”

*Vegetasjon:* Rik fjellvegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Ingen.

*Artsfunn:* Lokaliteten er avgrensa på grunn av førekomst av den sjeldne fjellplanten stivsilde. Andre artar (Nordhagen 1931): grønkurle, setermjelt, hårstorr, bergstorr, bergrublom, snøbakkestjerne, fjellbakkestjerne, kvitkurle (underart ukjent), gullmyrklegg, fjellrapp, taggbregne, flekkmure, rukkevier, gulsilde, knoppsilde, tuvesilde, raudsilde, bekkesilde, grannsilde, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, bjønnbrodd og bergveronika. I tillegg finst herbariebelegg av blåmjelt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at rik fjellvegetasjon med stivsilde er sjeldan.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å unngå plukking/innsamling, ein føresett at fysiske inngrep er lite aktuelle.

## 106 Eikesdalen: Tyvika-Litjvatnet (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-106
<b>Kartblad:</b>	1319 I Romsdalen, 1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 576-603, 255-285
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 40-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog, gråor-heggeskog, høgstaudebjørkeskog, skogsbeite, sørvendte berg og rasmark, kantkratt
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, opphøyr av tradisjonell bruk
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.1929, R. Nordhagen (Nordhagen 1931), Hånde (1969), 05.08.1973, Erik Hagen (Hagen 1973a), Marker (1977), 21.05.1983, GGa, april 1991 (Stenberg 2000a), 21.07.1998 (flaggermusundersøkingar, Sunde & Grønningsæter 1999), 28.08.2003, 16.09.2003, JBJ, 21.08.2004, Terje Spolén Nilsen, Marte Seem & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten strekkjer seg frå Eikesdalsvatnet og oppover Eikesdalen på solsida til Litjvatnet, vel 3 km i lengderetninga. I nord grensar lokaliteten til Tyvikgrova ved Katthammaren, vidare sørover forbi Almelibekken (aust for Reitan) og Rangåa under Rangåfjellet, forbi Skogset og sørover mot Litjvatnet under Kjøtafjellet. Det er muleg å dela opp lokaliteten i bestand, men dette krev mykje meir arbeid enn det som var mogleg denne gongen.

*Vegetasjon:* Stor hasselskog i SV-vendt li. Hånde (1969) har nærare 60 vegetasjonsanalyser i lokaliteten. Nordlegaste delen, mellom Katthammaren og Almelibekken består av varmekjær "Asperulo Coryletum brometosum" (hassel-, myske- og skogfaks-vegetasjon), elles er det noko gråor-heggeskog i nedre delar, og ein god del "Asperulo Coryletum pteridietosum" (hassel-, myske- og einstape-vegetasjon) i lia sørover forbi Rangåa og Skogset under Rangåfjellet. Høgre opp midt under Rangåfjellet har han analysert ein del bjørkeskog, "Betulo-Luzuletum silvaticae" (bjørk- og storfrytle-vegetasjon).

*Kulturpåverknad:* Vedhogst, tidlegare også styving av alma og skjøtsel av hasselen. Det er planta litt gran.

*Artsfunn:* Rolf Nordhagen har etter besøk i 1929 belagt skogfaks, laukurt og lodneperikum, og elles notert frå gråorskog, hassel-almeskog og berg/rasmak m.a. bakkemynte, burot, fingerstorr, hengjeaks, kranskonvall, kransmynte, krattfiol, lintorskemunn, lodnebrege, maurarve, piggstorr, skogfaks, skogvikke, storklokke, svartkongslis, tårnurt (Nordhagen 1931). G.Gaarder 1983 har notert bergmynte, dvergmispel, engtjæreblom og kvitbergknapp. Hånde (1969) nemner m.a. krattfiol, raudflangre (mange lok.), skogfaks, bergmynte og vaniljerot. Erik Hagen (1973a) har krysslister med mykje av det same. Svært interessant sopplokalitet.

Raudlisteartar funne i 2003-2004 ved Rangåa og skytebanen: svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V), safranslørsopp *Cortinarius fulmineus* (R), narrepiggssopp *Kavinia himantia* (DC, på einer), hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R), prydhette *Mycena renati* (R), gulnande begersopp *Peziza succosa* (DC), falsk brunskrub *Porphyrellus porphyrosporus* (DC), gullkremle *Russula aurea* (DC), marsipankremle *Russula grata* (R). Andre interessante soppantar i området på begge sider av skiveområdet ved skytebanen: småsjampinjong *Agaricus semotus*, *Entoloma incarnatofuscens*, skrukkeøyre *Auricularia mesenterica*, ruterørsopp *Boletus pascuus*, *Hymenochaete ulmi* (Corfixen ined., ubeskreven art på grov almebark), filtskjela parasollsopp *Lepiota clypeolaria*, røykriske *Lactarius fuliginosus*, galleslørsopp *Cortinarius infractus*, lillaflekka slørsopp *Cortinarius porphyropus*, *Lepiota cf. pseudohelvola*, hareøyre *Otidea leporina*, skjelkjuke *Polyporus squamosus* (på alm), *Elaphomyces muricatus* vorteløpekule og kremlearten *Russula pelargonica*. På styva alm er det gode bestandar av skorpelaven og raudlistekandidaten blådoggnål *Sclerophora farinacea*. Bøksongar er observert i hekketida (1 par + 1 hann 21.05.1983 ved Almelibekken), vidare i 1983: dvergspett (ei ho) og kvitryggspett 3 stader. I april 1991 vart det observert dvergspett (nær Tyvikgrova ved Katthammaren MQ 580 282, nær Litjvatnet MQ 600 260, ved Rangåa MQ 591 266 og ved Almelibekken MQ 583 274), kvitryggspett (MQ 595 264), gråspett (under Kjøtafjellet MQ 597 260) (Stenberg 2000a). Det har og hekk hegre i lokaliteten (Viltbasen). 21.07.1998 vart raudlistearten dvergflaggermus og dessutan vassflaggermus påvist ved Tyvika (Sunde & Grønningsæter 1999).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei stor, godt utvikla og artsrik edellauvskogs- og haustingsli med mange varmekjære artar, innslag av rike rasmarkar. I tillegg finst raudlista soppantar og viltantar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ongå treslagskifte. Det bør vurderast å skjotta nedre delar av lia (hassel, alm) på tradisjonelt vis somme stader.

## 107 Eikesdalen: Sandgrova (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-107
<b>Kartblad:</b>	1319 I Romsdalen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 574-575 265-268
<b>Høgde over havet:</b>	40-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark, skogsbeite
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruk, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.09.1980, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Beitemark i nedre del av Eikesdalen, like sør for Reitan. Nedre del er dels open beitemark med spreidde busker og tre, lenger opp er det litt raspåverka, men noko meir attgrodd. Somme stader er det beita gråor-heggeskog. Lokaliteten er noko grovt avgrensa etter markslagsgrensar.

*Vegetasjon:* G4 frisk fattigeng med overgangar mot skog i kantane og øvre del.

*Kulturpåverknad:* Nedre delar er kanskje svakt gjødsla, medan øvre delar er ugjødsla skredmark. Lokaliteten vert framleis beita (2004).

*Artsfunn:* Det vart funne skarlagenvokssopp, mønjevokssopp og kritt vokssopp, alle indikatorar på gammal beitemark.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt beitemark med nokre interessante artar. Lokaliteten burde vore betre undersøkt.

#### Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

## 108 Eikesdalen: Litjvatnet: Lang-Hatlane (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-108
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 603-620, 252-269
<b>Høgde over havet:</b>	140-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmark, kantkratt
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.08.2003, JBJ (avstandsbetrakta)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei sørvendt og varm liseide ned mot Litjvatnet i Eikesdalen. Lokaliteten er avgrensa på grunnlag av avstandsbetraktning med kikkert.

*Vegetasjon:* Det er innslag av hasselskog, bjørkeskog og sørvendt berg/rasmark.

*Kulturpåverknad:* Det går ein sti gjennom lokaliteten. Truleg beita tidlegare.

*Artsfunn:* Ingen data, men ein går ut frå at artsinventaret liknar på nabolokalitetane i aust og vest.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei varm edellauvskogsli med innslag av rasmarker, men der ein ikkje kjenner artsinventaret. Området bør undersøkast betre.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast.

## 109 Eikesdalen: Litjvatnet: Digerurda m.m. (gammal edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-109
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 615-621, 243-246
<b>Høgde over havet:</b>	140-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.1974, Korsmo (1975), 18.09.1991, SS m. fl. (Jordal 1993), 19.11.1993, GGa, 28.08.1999, GGa m. fl., Stenberg (2000a).

#### Områdeskildring

*Generelt:* Slakt hellande terreng på sørsida av Litj-Vatnet, med grovsteinet terreng som er vanskeleg å ta seg fram i. Godt innslag av grov styva alm, elles furu, osp, bjørk, m.m., dels gamle tre, høgstubbar og læger.

*Vegetasjon:* Alm-lindeskog, lågurthasselskog, og vekslande med bregneskog og noko høgstaueskog.

*Kulturpåverknad:* Styving, litt hogst.

*Artsfunn:* Trollbær, skogfaks og skogsvingel. Raudlisteartar m.m.: rustkjuke *Phellinus ferruginosus* (DC, på hassel), blådoggnål *Sclerophora farinacea* på styva alm (kandidat til raudlista for skorpelav), kvithovudnål *Cybebe gracilenta* (kandidat til raudlista for skorpelav, nordisk raudliste), rustdoggnål *Sclerophora coniophaea* (kandidat til raudlista for skorpelav), korallpiggsopp *Hericium coralloides* (DC). Andre har gjort funn av *Crepidotus epibryus* (R) og *Mycena arcangeliana* jodoformhette (V), og funna kan vera gjort her. Andre interessante artar: børstepiggsopp *Creolophus cristatus* på høgstubbe av osp, første funn i Møre og Romsdal, *Orbilbia xanthostigma* (Ascomycet) og viftelærsopp *Stereum subtomentosum* på gråor. Interessante lavartar: vortenål *Chaenotheca chlorella*, dverggullnål *Chaenotheca brachypoda*, olivenlav *Pannaria mediterranea*, kort

trollskjegg *Bryoria bicolor* og sølvnever *Lobaria amplissima*. Dvergspett vart observert i april 1991 (Stenberg 2000a). 21.07.1998 vart vassflaggermus påvist her (Sunde & Grønningsæter 1999).

*Verdsetting*: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein godt utvikla og variert lokalitet med gammal edellauvskog, med fleire raudlisteartar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå hogst i dei områda som har læger, mykje daud ved m.m. Ein bør unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast. Det er ønskjeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 110 Eikesdalen: Litjvatnet: Kjötøya (mudderbankar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-110
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 624 249 (618-625, 245-250)
<b>Høgde over havet:</b>	140 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Mudderbankar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.08.1999, GGa, KJG, DH

#### Områdeskildring

*Generelt*: I austenden av Litjvatnet finst fleire stader finkorna lausmassar på rolege stader i strandsona. Dette er sørover frå utløpet av elva Kjötåa, dels langs Aura og dels i bakevjer og bukter i sjølve Litjvatnet. Her er det påvist artar som er knytt til flaumdammar og mudderbankar i ferskvatn.

*Vegetasjon*: Kortskotstrand (O1), rekna som ein truga vegetasjonstype.

*Kulturpåverknad*: Litjvatnet og Aura er sterkt påverka av vassdragsregulering og redusert vassføring. I Kjötøya vert det drive jordbruk inntil lokaliteten.

*Artsfunn*: Lokaliteten har bestandar av dei spesialtilpassa artane nålesivaks og sylblad, som stort sett berre finst på slike mudderbankar som her, med særleg finkorna avsetningar.

*Verdsetting*: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt fattig utforming av ein regionalt sjelden naturtype. Kortskotstrand er elles registrert få stader i fylket, og først og fremst langs elva Rauma i Romsdalen.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Svært kraftig flom kan spyla vekk finmassane (aktuelt i samband med arbeid på Aursjødammen). Fleire av bakevjene i området skulle vore undersøkt, og lokaliteten er kan hende større enn det som er avgrensa.

## 111 Eikesdalen: Stakkengfonna naturreservat (ved Kjötåa, edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-111
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 629 248
<b>Høgde over havet:</b>	140 - 525 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kulturlandskap, ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal edellauvskog, hagemark, fosseeng
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av tradisjonell bruk, elles ingen kjende (verna som naturreservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.1974 (Korsmo 1975), Bugge (1993), 19.11.1993, GGa, 28.08.1999, GGa, KJG, DH, Stenberg (2000a), Fjeldstad (2004b)

#### Områdeskildring

*Generelt*: Lokaliteten er i hovudsak almeskog på sørvestvendt grusvifte innanfor Litlevatnet i Eikesdal. Bestandet er avgrensa av fjell, ur og lauvskog, elva Kjötåa i nordvest og av elva Aura i sør. Fjellgrunnen består av gneisbergarter. Lausmassene består av stor- til småsteinet ur i øvre delar. Lenger ned er det aukande innslag av finkorna materiale, men i søraust går ura mest heilt ned til elva. Det er spor av hjort som har gnaget på alm i reservatet.

*Vegetasjon*: Gråor-almeskogstype og alm-lindeskog med alm som dominerande treslag, og med innslag av hassel og osp og noko bjørk. Alm veks spreidd i heile lia saman med hassel. I lia inngår osp i grupper og som

enkelttre, spesielt er ho utbreidd under hammaren i vest. Her står det fleire grove osper og mykje læger av osp. Stadvis inngår meir homogen hasselskog på finkorna avsetningar spesielt i området mot Kjøttåa i vest. Gråor-heggeskog er representert langs elva nedst i reservatet. I denne inngår og noko bjørk, selje, hassel og alm. Feltsjiktet er gjennomgåande rikt i hele reservatet.

**Kulturpåverknad:** Edellauvskogen ber tydelig merke etter sterk kulturpåverknad ved at mykje av almen har vore styva tidlegare. I øvre delar er almen småvaksen og i liten grad påverka av lauvving, medan ho i nedre delar har vore styva og har utvikla seg til grove styvingstre. I 1974 var det moderat beiting av sau i området.

**Artsfunn:** Raudlisteartar: Det vart i 1999 funne narrepiggssopp *Kavinia himantia* (DC), indigoraudskevessopp *Entoloma euchroum* (R) og korallpiggsopp *Hericium coralloides* (DC) på lokaliteten. Sjeldne lavartar: det er funne blådoggnål *Sclerophora farinacea* (kandidat til raudlista for sopp), almelav *Gyalecta ulmi* og bleikdoggnål *Sclerophora nivea* på styva alm i området. Interessante planteartar (1974, 1999, 2004): bakkemynte, begerhagtorn, bergmynte, blårapp, brudespore, brunrot, dvergmispel, engtjæreblom, firblad, hengjeaks, hundekveke, kantkonvall, krossved, kranskonvall, kransmynte, krattfiol, kratthumleblom, krattslirekne, liljekonvall, lintorskemunn, lodnebregne, lodneperikum, lundrapp, myske, myskegras, nyresoleie, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, småsmelle, storklokke, svarterteknapp, trollbær, trollurt, tyrihjel, vårerteknapp. Fjeldstad (2004b): Omkring fossen i Kjøttåa vart det registrert tendensar til fosseeng med mykje mosar, og karplanter som marikåpe sp. mjødukt, kvitblattistel, blåknapp, tepperot, fjellmarikåpe, smyle, gulaks og engfrytle. Av lav vart det påvist lungenever *Lobaria pulmonaria*, stiftfittlav *Parmeliella triptophylla*, almelav *Gyalecta ulmi* på alm og skrubbenever *Lobaria scrobiculata* på or. Av sopp vart det registrert skrukkøyre *Auricularia mesenterica* på alm. I tillegg vart raudlistearten gullkremle *Russula aurea* registrert i rik lågurtskog. Av fugl vart det registrert m. a. grønspekk i 2004. Det er tidlegare observert kvitryggspett i hekketida ved MQ 628 250 (Stenberg 2000a).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein godt utvikla edellauvskog med eit stort artsmangfald, dels med raudlisteartar. Det er truleg eit stort potensiale for varmekrevande sopp- og insektartar.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er verna som edellauvskogsreservat. Det er no utarbeidd skjøtelsesplan for lokaliteten (Fjeldstad 2004b).

## 112 Eikesdalen: aust for Sæter (rasmarker)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-112
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 633-638, 228-240
<b>Høgde over havet:</b>	160-600 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt, skog
<b>Naturtype:</b>	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.08.1974 (Korsmo 1975), 27.06.2001, Oddvar Hanssen & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Større vest-sørvest-vendt bratt li med open, vegetasjonskledd snørasmark, ur og edellauvskog med alm/hassel og innslag av gråor-heggeskog. Korsmo (1975) har undersøkt ein gråor-heggeskog ved utløpet av Ramnåna i Aura.

**Vegetasjon:** Rasmark (F1), gråor-almeskog (D5), gråor-heggeskog (C3), berg (F2).

**Kulturpåverknad:** Liten.

**Artsfunn:** Stor artsrikdom av planter (ca. 140 artar, JBJ) og av insekt. Mest interessant var funn av den raudlista og freda dagsommarfuglen *Parnassius mnemosyne* med 3 individ (tilhøva var ikkje gunstige, lite sol). Andre sommarfuglar utanom mnemosyne-sommarfugl: stor bloddråpesvermar *Zygaena lonicerae* (raudlisteart), *Erebia ligea*, *Lasionmata maera* og *L. petropolitana*, *Heodes virgaureae* (Oddvar Hanssen pers. medd.). Interessante planteartar: berggull, bergmynte, bergskrinneblom, breiflangre, brudespore, dunhavre, dvergmispel, engtjæreblom, fingerstorr, kantkonvall, kranskonvall, krossved, kvitbergknapp, laukurt, olavsskjegg, piggstorr, prikkperikum, rundskolm, småborre, sølvmyre, taggbregne, trollbær, tårnurt, vill-lauk, vårerteknapp, vårskrinneblom. Korsmo (1975, s. 175a) har også notert krattfiol, svartburkne, skogfaks og burot. Interessante billeartar: *Altica chamaeneri* (på geitrams), *Sitonia* sp. (snutebille på skogvikke), *Hypera vicea*, *Boletophagus reticulatus* (skuggebille i knuskkjuka), *Clytis arietis* (vेषebukk på rogn), *Dasyscythes obscurus/niger* på hundekjeks, *Pseutorhynchus* (snutebille på berggull), *Badister lacertosus* (til Sunndal), *Dascillus cervinus* (sj. rasmarksart, skjoldbladbiller på kvitblattistel, Tafjord, Oppdølsstranda) (Oddvar Hanssen pers. medd.).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er varmekjære rasmarker med stor artsrikdom og mange sjeldne artar, særleg førekomst av den raudlista og freda dagsommarfuglen *Parnassius*

*mnemosyne* og den raudlista stor bloddråpesvermar *Zygaena lonicerae*. I tillegg har lokaliteten potensiale for mange fleire varmekjære artar av særleg insekt.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Området er i øvre delar av dei som dei fleste trur "fredar seg sjølv". *Parnassius mnemosyne* er freda og må ikkje samlast. Arten har små bestandar og er sårbar.

## 113 Eikesdalen: Espe nord for Finnset (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-113
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 639-648, 219-228
<b>Høgde over havet:</b>	180 - 300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, berg, rasmark og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.08.1974 (Korsmo 1975)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei skogli i ei SV-eksponert lisode frå like nord for Finnset, med lokalnamm som Kvernhusbakkan og Espe. Korsmo (1975) har tidlegare avgrensa ein bestand med edellauvskog her. Betydeleg innslag av rasmark kransa av blokkmark og krattskog av hengjebjørk og hassel. Gneis i berggrunnen.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog (D5). Store innslag av hassel. Elles finst hengjebjørk, dunbjørk, rogn og selje. Øvst mot fjellveggen veks en god del hegg. Ein god del rasmark, og bergvegetasjon i øverkant.

*Kulturpåverknad:* Beiting, styving, vedhogst.

*Artsfunn:* Noterte artar var mellom anna bergmynte, burot, dvergmispel, fingerstorr, gjeldkarve, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kransmynte, krattfiol, kratthumleblom, krossved, lintorskemunn, lodnebregne, myske, piggstorr, prikkperikum, skogfaks, skogvikke, småborre, storklokke, svartburkne, trollbær, tysbast, tårnurt og vårerteknapp (Korsmo 1975, s. 175b).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla edellauvskog og sørvendt berg og rasmark. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast.

## 114 Eikesdalen: mellom Sætra og Finnset (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-114
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 633-636, 225-227
<b>Høgde over havet:</b>	150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruk, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.10.1993, GGa (Jordal & Gaarder 1993)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei beitemark ved vegen mellom Sætra og Finnset i indre del av Eikesdalen. Øvre del har noko einer, nedre del er open beitemark med spreidd alm og hassel.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Nedre delar er kanskje gjødsla, medan øvre delar synes å vera ugjødsla skredmark.

*Artsfunn:* Det er ikkje teke planteliste. Det vart ikkje gjort interessante funn av beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei intakt beitemark som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B. Lokaliteten burde vore betre undersøkt.

#### Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

## 115 Eikesdalen: Finnset: Storura (rasmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-115
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 651-656, 215-219
<b>Høgd over havet:</b>	350-600 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg, rasmark og kantkratt, skog
<b>Naturtype:</b>	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	juni 1994, Oddvar Hanssen, 10.06.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Større rasmark i lia rett nord for Finnsetgardane. I nedre delar nokså stabil skog med innslag av styva alm, elles dunbjørk, hengjebjørk, hassel, gråor, rogn, selje og hegg. I øvre delar overgang frå raspåverka skog til open steinur, og øvst engprega, open snørasmark med berg ovanfor.

*Vegetasjon:* Ulike utformingar av snørasbeta engvegetasjon (F1) delvis med dunhavreenger, steinur, edellauvskog (D4) m.m.

*Kulturpåverknad:* Liten, litt beiting og styving av alm i nedre delar.

*Artsfunn:* Mest interessant er førekomst av den raudlista sommarfuglarten *Parnassius mnemosyne* (V-sårbar). I 2003 vart det observert minst 10 individ samstundes i øvre del av rasmarka. I 2003 vart det notert godt over 100 planteartar. Mellom desse var: aurskrinneblom, bergfrue, berggull, bergmjølke, bergmynte, bergskrinneblom, bergveronika, brunrot, burot, dunhavre, dvergmispel, engtjæreblom, filtkongsllys, fingerstorr, fjellarve, furuvintergrøn, gjeldkarve, hengjeaks, *Hieracium cf. auriculinum*, *Hieracium cf. pubescens*, kranskonvall, kransmynte, kratthumbleblom, krossved, lerkespore, liljekonvall, lintorskemunn, lodnebregne, lundrapp, myske, mørkkongsllys, piggstorr, prikkperikum, sandarve, sauesvingel, skogfaks, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, småborre, småsmelle, svartburkne, svartstorr, svarttopp, tyrihjelms og vårmarihand. Fuglar observert i hekketida: ramn, bergirisk, ringtrast og munk.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og velutvikla rasmarkslokalitet, raspåverka edellauvskog, stor artsrikdom av dels varmekrevande artar og førekomst av ein raudlista sommarfuglart i høgare kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle. *Parnassius mnemosyne* er freda og skal ikkje samlast. Bestandane er små og sårbare.

## 116 Eikesdalen: Skarbekken-Slettet søraust for Finnset (rasmark, edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-116
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 656-672, 200-213
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 200-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg, rasmark og kantkratt, skog, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog, gammal edellauvskog, hagemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.06.2003, JBJ 22.08.2004, Perry Larsen, JBJ m. fl.

### Områdeskildring

*Generelt:* Område med rasmark og edellauvskog i lia mellom Finnsetgardane og Aurstupet. I nedre delar nokså stabil skog med innslag av styva alm, elles dunbjørk, hengjebjørk, hassel, rogn, selje, gråor, osp og hegg. I øvre delar overgang frå raspåverka skog til open steinur, og øvst dels open snørasmark med berg ovanfor.

*Vegetasjon:* Ulike utformingar av snørasbeta engvegetasjon (F1) delvis med steinur, edellauvskog (D4) m.m.

*Kulturpåverknad:* Liten, litt beiting og styving av alm i nedre delar. Vedhogst i nedre delar. Litt planta gran.

*Artsfunn:* I 2003 vart det notert godt over 80 planteartar. Mellom desse var: bakkemynte, bakkestjerne, bergfrue, bergmjølke, bergmynte, bergveronika, blårapp, breiflangre, burot, dvergmispel, engtjæreblom, filtkongsllys, fingerstorr, fjellrapp, fjellsmelle, flekkmure, gjeldkarve, hengjeaks, kantkonvall, kransmynte, kratthumbleblom, krossved, kvitbergknapp, kvitmaure, liljekonvall, lintorskemunn, lodnebregne, lundrapp, maurarve, myske, olavsskjegg, piggstorr, prikkperikum, sandarve, sauesvingel, skogvikke, småbergknapp, småsmelle, svartburkne, sølvsmure, taggbregne, tyrihjelms. Ein raudlista sopp vart funnen i 2004, gullkremle *Russula aurea* (DC). John



Arne Vaagsæter (pers. medd.) har tidlegare funne fleire interessante soppantar ved Hessura, m.a. raudlisteartane seig østerssopp *Pleurotus dryinus* (R), knollstilkjuka *Polyporus tuberaster* (R) og korallpiggsopp *Hericium coralloides* (DC). Interessante soppantar var ein broddsopp (Hymenochaete ulmi Corfixen ined.) på grov bork av alm, og skrukkeøyre og skjelkjuka på daud ved av alm. Fuglar i hekketida: ringtrast, gulsongar, munk. *Verdsetting*: Området vert under tvil verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med velutvikla rasmarker, edellauskog og styva almer, generelt stor artsrikdom og fleire raudlisteartar. Lokaliteten har stort potensiale for fleire interessante artar ved betre undersøkingar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig at ein del hassel, alm, osp og hengjebjørk kan verta gamle. Styvingsalm bør stå til dei ramlar ned av seg sjølv. Preget av edellauskog bør bevarast. Det er ønskeleg at delar av skogen vert skjøtta på tradisjonelt vis.

## 117 Eikesdalen: Finnset: Gjerdalia (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-117
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 655 211
<b>Høgde over havet:</b>	200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beitebruk, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.10.1993, GGa (Jordal & Gaarder 1993), 29.08.1999, GGa, DH & KJG

#### Områdeskildring

*Generelt*: Lokaliteten er ei beitemark i Gjerdalia sør for elva ved Finnsetgardene i Eikesdalen. I delar av dette beitemarksområdet er det eit ope parti som truleg ikkje har vore gjødsla, jordarbeidd eller skogdekt på lang tid. Lokaliteten er delvis omgjeven av bjørkeskog, og det står spreidde bjørker og granplanter i beitemarka. Artsutvalet av planter indikerer relativt kalkfattig, friskt jordsmonn.

*Vegetasjon*: Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad*: Området vert beita, noko som er nødvendig for å halda kvalitetane ved like.

*Artsfunn*: Av naturengplanter vart det notert 16 artar, av desse m. a. kjertelaugnetrøst, småengkall, gjeldkarve, blåklokke, harerug, tiriltunge, prestekrage, kvitmaure og smalkjempe. Innslaget av beitemarkssopp var etter tilhøva (det hadde vore relativt tørt) overraskande godt, og det vart funne 14 artar, mellom desse følgjande 4 raudlisteartar: raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (V), gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (DC), bronseraudskivesopp *Entoloma formosum* (R) og *Entoloma exile* (DC).

*Verdsetting*: Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten har fleire raudlisteartar, mellom desse ein i kategori sårbar, og generelt godt artsutval.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at beitinga held fram. Elles bør ein unngå pløying, gjødsling og andre fysiske inngrep i beitemarka.

## 118 Eikesdalsfjella: Gravdalen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-118
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 620-627 154-162
<b>Høgde over havet:</b>	945-970 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av utmarksbeite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.09.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

#### Områdeskildring

*Generelt*: Gravdalen ligg i snaufjellet sør-sørvest for Finnset i Eikesdalen, i eit område som er verna etter naturvernlova (landskapsvern). Dalen er befart i 1996 etter ønskje frå Miljøvernavinga. Elva frå dalen (Breidmegåa) renn ned til Finnset. Det området som vart undersøkt, var området frå enden av vegen til nordenden av Gravdalsvatnet, ei strekning på fem kilometer langs dalbotnen, i høgdeområdet 910-970 meter over havet. Begge sidene av elva vart undersøkt. I dalbotnen renn elva, som vider seg ut til mindre småvatn og

rolege parti somme stader. Langs elva finst vierkratt, grusører med spreidd vegetasjon og litt sumpsamfunn. Det avgrensa området er opne og halvopne parti mellom Litlevatnet og Gravidalsvatnet.

*Vegetasjon:* I dalbotnen elles er det mykje dvergbjørkhei og blåbær-blålynghei, rabbar med rabbesiv og greplyng, spreidd vierkratt, og einskilde fattige snøleie med musøyre (musøyresnøleie). Nokre av snøleia hadde engpreg med mange gras og urter (fattig engsnøleie). I dalsidene er det litt bjørkekratt somme stader, men ikkje eigentleg skog. Dalsidene har mange skreddalar. Mellom Litlevatnet og Gravidalsvatnet har dalen eit visst kontinentalt preg med lavrike sauesvingelheiar, mjølbærhei og små engflekke med gulaks, engkvein, sølvbunke og finnskjegg. Ved Gravidalsvatnet er det mykje vierkratt på austsida. Det vart utlagt ei 10x10 meters rute i den beitepåverka vegetasjonen. I ruta vart det funne 32 planteartar, av desse 9 naturengplanter og 6 seterplanter. Dominerande artar var sauesvingel, gulaks, engkvein, smyle og kattedot. Artar elles var m. a. dvergjamne, blåklukke, flekkmure, harerug, stivstorr, slirestorr, trefingerurt, følblom og sølvbunke. I botnen var det ei lavdekning på heile 30%, med dominans av saltlav og lys reinlav.

*Kulturpåverknad:* Tydeleg kulturpåverka vegetasjon finst berre mellom Litlevatnet og Gravidalsvatnet, og består av dei nemnde sauesvingelheiane og engflekke som vert beita av sau, og som eigentleg utgjør beskjedne areal. Vegetasjonen minner om sauesvingelheiane i Grøvvassdraget, men er meir artsfattige. Ein annan type kulturpåverknad vart konstatert ved nordenden av Gravidalsvatnet. Her er det grave kanal, eit stykke veg og ei lita demning.

*Artsfunn:* Det vart funne 102 planteartar i dalbotnen, av desse 14 naturengplanter og 21 seterplanter, dette over den befarte strekninga på ca. 5 kilometer som beskrive ovafor. Ein vantar separat artsliste for det avgrensa området. Talet på artar kan dermed ikkje direkte samanliknast med einskilde setervollar med små areal andre stader. Innslaget av fjellplanter var ganske stort, og det vart til og med funne issøleie i dalbotnen. Elles kan nemnast fjellfiol, fjellfrøstjerne, fjelltjæreblom, setermjelt, særbustorr, tranestorr og trillingsiv. Det vart berre funne ein beitemarkssopp, den vaks i eit av dei få engsnøleia (engvokssopp, *Hygrocybe pratensis*). Ved Gravidalsvatnet vart det observert blåstrupe.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten var intakt naturbeitemark med nokre interessante artar (1996). Status i 2005 er uviss.

#### Skjøtsel og omsyn

Sauesvingelheiane og andre grasrike samfunn mellom Litlevatnet og Gravidalsvatnet er tydeleg beitebetinga. Det er ønskeleg at desse vert beita også i framtida. I artsrikdom er det likevel stor skilnad på Gravidalen og t.d. beitemarkene i Grøvvassdraget.

## 119 Aursjøen: ved Ivartjønnå (myr m. dvergtettegras)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-119
<b>Kartblad:</b>	1419 IV Aursjøen
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 795 187
<b>Høgde over havet:</b>	870-880 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige førekomstar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.1995, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Mindre område med fattige myrer ved Ivartjønnå, som ligg på austsida av Aursjøen sør for Aursjøhytta.

*Vegetasjon:* Fattig fastmattemyr (K3), svakt hellande.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Lokaliteten er avgrensa på grunn av den austlege og regionalt sjeldne myrplanten dvergtettegras, som her har gode bestandar. Arten står konsekvent i tuver av rustorvmose.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med ein regionalt interessant plantart, og tilfredsstillar ikkje kriteria til nokon av myrtypane i DN (1999a).

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep som hyttebygging, vegbygging m.m.

## 120 Eikesdalsfjella: Slotthø mot Blåbotnen (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-120
<b>Kartblad:</b>	1429 III Sunndalsøra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 667-671 328-332

**Høgde over havet:** 1200-1350 m  
**Hovudnaturtype:** Fjell  
**Naturtype:** Kalkrike område i fjellet  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 12.08.1996, Hanne Grundt Hegre (belegg/krysslister i O)

#### Områdeskildring

*Generelt:* På austsida av Slotthømassivet mot Blåbotnen, nær grensa mot Sunndal, er det funne noko rik fjellvegetasjon.

*Vegetasjon:* Udefinert rik fjellvegetasjon (middelsrik mellomalpin skråning).

*Kulturpåverknad:* Ingen.

*Artsfunn:* Lokaliteten er avgrensa på grunn av opplysningar i herbariet i Oslo: belegg av bakkesøte og marinøkkel og krysslister med opplysningar om m.a. bjønnbrodd, dvergjamne, fjellfiol, fjellfrøstjerne, fjellrapp, fjellsmelle, fjelltistel, fjelltjørebloom, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, hårstorr, raudsildre, rukkevier, snøbakkestjerne, svartaks, svarttopp, taggbregne, tuvearve og ullvier.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er fjellvegetasjon med førekomstar av nokre kalkkrevande arter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 121 Ljøsåbotnen: vestsida av Sauvfjellet (rik fjellvegetasjon)

**Lokalitetsnummer:** 1543-121  
**Kartblad:** 1429 III Sunndalsøra  
**UTM (EUREF 89):** MQ 610-613, 435-442  
**Høgde over havet:** 1000-1150 m  
**Hovudnaturtype:** Fjell  
**Naturtype:** Kalkrike område i fjellet  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 17.09.1983, T. Engelskjøn (mottatt kopi av reinskrevne dagboksnotatar)

#### Områdeskildring

*Generelt:* På vestsida av Sauvfjellet mot Ljøsåbotnen, nær grensa mot Sunndal (Øksendal), er det funne noko basekrevande fjellvegetasjon. Avgrensinga er usikker og grov.

*Vegetasjon:* Udefinert rik fjellvegetasjon (middelsrik mellomalpin skråning med berg og rasmark), innslag av reinrosehei.

*Kulturpåverknad:* Ingen.

*Artsfunn:* Det vart funne aurskrinneblom (1140 m o.h.), bergfrue, bergrublom, bergveronika, bjønnbrodd, blankstorr, blårapp, brearve, fjellbakkestjerne, fjellfiol, fjellfrøstjerne, fjellkattfot, fjellkvein, fjellrapp, fjellskrinneblom, fjellsmelle, fjelltimotei, fjelltistel, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, hårstorr, isssoleie, jemtlandsrapp (1100 m o.h.), mjukrapp, polarvier, raudsildre, reinrose, rukkevier, snøarve, snøbakkestjerne, svartstorr, svarttopp, taggbregne, tuvesildre og ullvier.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit kalkrikt område med førekomstar av mange kalkkrevande arter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 122 Eresfjorden: Husbysetra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1543-122  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 529 491  
**Høgde over havet:** ca. 350 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 28.08.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Husbysetra ligg på nordsida av riksvegen frå Eresfjorden til Vistdalen.

*Vegetasjon:* Litt G4 frisk fattigeng og G3 sølvbunkeeng, innslag av finnskjegegeng og einerkratt. I omgjevnadene er det fattige myrar og blåbærskog med bjørk og furu.

*Kulturpåverknad:* Vegetasjonen ber preg av lengre tids beiting. I 2001 berre streifbeiting av sau.

*Attgroingstendensar:* Gamle seterhus og nye hytter.

*Artsfunn:* Det vart funne m. a. blåkoll, bråtestorr, fjellaugnetrøst, flekkmure, kornstorr og kystmyrklegg. Det vart funne 5 artar beitemarkssopp, mellom desse tre vanlege vokssoppartar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt typisk setervoll for distriktet.

### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

## **123 Vistdalen: Kvithammaren (edellauvskog m.m.)**

**Lokalitetsnummer:** 1543-123  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 504-505, 484-487  
**Høgde over havet:** ca. 300-380 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, høgstaudebjørkeskog  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 03.08.2002, JBJ (avstandsbetrakta)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Vistdalen i ei vestvendt, frodig lauvskogli ved Kvithammaren aust for Hausteng. Dette er ein høgtiliggjande lokalitet til edellauvskog å vera, og han er nokså dårleg utvikla med berre spreidde almetre. Lokaliteten er berre undersøkt med kikkert.

*Vegetasjon:* Storbregnebjørkeskog, litt høgstaudebjørkeskog, edellauvskog med litt hassel og spreidde almetre.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har truleg vore beita tidlegare, og det har sannsynlegvis vore teke ut ein del ved og lauv.

*Artsfunn:* Ingen data (ikkje undersøkt).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå treslagskifte.

## **124 Vistdalen: aust for Oppdal (edellauvskog m.m.)**

**Lokalitetsnummer:** 1543-124  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 504-505, 484-487  
**Høgde over havet:** ca. 225-340 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, høgstaudebjørkeskog  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 03.08.2002, JBJ (avstandsbetrakta)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Vistdalen i ei vestvendt, frodig lauvskogli aust for Oppdal under Oppdalshøgla. Til edellauvskog å vera er han nokså dårleg utvikla med berre spreidde almetre. Lokaliteten er berre undersøkt med kikkert.

*Vegetasjon:* Storbregnebjørkeskog, litt høgstaudebjørkeskog, edellauvskog med litt hassel og spreidde almetre.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har truleg vore beita tidlegare, og det har sannsynlegvis vore teke ut ein del ved og lauv.

*Artsfunn:* Ingen data (ikkje undersøkt).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte.

## 125 Vistdalen: nordaust for Berset (gammal lauvskog m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-125
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 464-470, 532-538
<b>Høgde over havet:</b>	100-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog, rik edellauvskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er den bratte, sørvestvende fjellsida nord for Berset og aust/søraust for Visthus leirstad. Lia vert gradvis brattare oppover. Treslag er bjørk, gråor, hassel, alm, rogn, selje og osp. Bjørk opp til 50 cm stammediameter, alm opp til 100 cm, osp 50 cm. Alm er kraftig beita av hjort (borkgnag), og trea er daude eller døyande i heile lia. Rogn er også utsett for borkgnag. Ovanfor skytebanen var det blokkmark med grov bjørk som dominerte i eit parti. Skogen verkar stadvis gammal med innslag av høgstubbar og læger av lauvtre, mykje av bjørk, men og av alm og osp. Det vart og observert spettehol. Mest alm er det i den vestvendte gryta aust for Berset, her er det nokre som lever framleis.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen inneheld gråor-almeskog (D5), ulike utformingar av bjørkeskog og gråor-heggeskog. *Kulturpåverknad:* Ein eldre skogsveg aust for Visthus. Noko hogstspor i nedre delar, mindre oppover. Elles finst det litt planta gran i nedre delar og aust for Visthus.

*Artsfunn:* Av noterte planter kan nemnast: trollhegg, myske, kratthumleblom, lundrapp, hengjeaks, hundekveke, brunrot, myskegras, junkerbregne, firblad, skogsvinerot, sanikel, stankstorkenebb, tyrihjelm. Frå lungeneversamfunnet vart notert: lungenever, stiftfiltlav, skrubbenever, glattvrenge, grynvreng og kystfiltlav. På bjørkelæger med roten ved vart det funne røteflak *Calypogeia suecica*, ein raudlista moseart (bestemt av dr. scient. Kristian Hassel, NTNU). Av sopp kan nemnast skjelmuslingsopp. Av fugl vart det observert spetteho.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels utvikla gammal lauvskog med nokre interessante artar, og i tillegg visse kvalitetar som edellauvskog.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturkvalitetane er at skogen får stå i fred.

## 126 Vistdalen: Husfjellet-Stornebba (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-126
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 462-464, 543-557
<b>Høgde over havet:</b>	100-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei rasprega skogli som ligg i den bratte, vestvende fjellsida rett aust for sentrum i Vistdal (Myklebostad).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen inneheld mest gråor-almeskog (D5, mest i øvre delar) og gråor-heggeskog (C2, mest i nedre delar). Vesentlege område med dominans av platanlønn. Viktige treslag er gråor, alm, hegg, hassel, rogn, dunbjørk, selje.

*Kulturpåverknad:* Innslag av gran i nedre delar av lia. Beiting i nedre delar, truleg liten kulturpåverknad i øvre delar. Platanlønna er ein uønskt innført art som ser ut til å fortrenge stadeigne treslag.

*Artsfunn:* Spreidd innslag av alm. Døme på planter: hundekveke, myske, brunrot, kratthumbleblom, lundrapp, trollbær, hengjeaks, skogsvinerot, småborre, skogvikke, svarterteknapp, gjeldkarve, kransmynte, lodnebregne, firblad. Interessante soppantar: svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V=sårbar på raudlista), gullkremle *Russula aurea* (DC=omsynskrevande på raudlista), *Cortinarius bivelus*, galleslørsopp *Cortinarius infractus*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels velutvikla edellaavskog med innslag av eit par raudlisteartar og andre kravfulle artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Platanlønn skulle ha vore fjerna.

## 127 Vistdalen: Visaøra (brakkvassdelta)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-127
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 45 55
<b>Høgde over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta, strandeng/strandsump
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Utbygging, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), Loen (1991), Naturbasen, 25.05.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Stor, grovkorna grusør på begge sider av utløpet av elva Visa i Langfjorden. Noko eksponert mot nordaust. Grensar mot dyrkamark, beitemark og riksveg med bru over Visa i sør. Hekke- og overvintringsområde for våtmarksfugl. Vassdraget er med i verneplan IV for vassdrag. Elveoslandskapet er prioritert i fylkesdelplanen for elvoslandskap i Møre og Romsdal.

*Vegetasjon:* B5 Skjørbusurt-forstrand nær elveutløpet, D3a Saltsev-eng, D4a Raudsvingel-eng, D5 Strandkryp-forstrand, med en del skjørbusurt, Ela Fjøresevak-eng, G3 Bakre myrliknende våtmark med mye blåtopp, Hx Paddesev-taresaltgras-eng, beitesamfunn helt i øst, J3b Kveke-voll, J4 Lågurt-flerårsvoll med mye gåsemure, J6 Høgurt-flerårsvoll med dominans av mjørdurt, hundekjeks og høymole. Raudsvingel (*Festuca rubra*) er helt dominerende art; relativt store førekomster av skjørbusurt (*Cochlearia officinalis*) ved elveutløpet. Samfunnet paddesev-taresaltgras-eng er knapt påvist andre steder i fylket. Det er truleg beitebetinga. Det er usikkert om alle desse vegetasjonstypane (registrert 1984) er intakte i dag.

*Kulturpåverknad:* Stort lager av grus i nærleiken. Trakkskader (beitedyr) i 1984 på strandengene hadde resultat i sekundær strandeng-vegetasjon, til dels med mye paddesev (*Juncus bufonius*), til dels i form av open jord, mest heilt i aust. Utfylling av kaianlegg i aust.

*Artsfunn:* Nokså artsfattig vegetasjon (49 planteartar). Relativt trivielt artsutvalg. Interessant er store førekomstar av skjørbusurt ved elveutløpet. Hekkande artar (C=sannsynleg, D=påvist, data frå Loen 1991): ærfugl (D), raudstilk (C), fiskemåse (D), makrellterne (D). I mai 2002 sett hekkeindikasjon på stokkand, ærfugl, kanadagås, fiskemåse, raudstilk og tjeld. Overvintring av m.a. songsvane og kanadagås.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre elveør med ein del inngrep, men framleis intakte strandengområde og i tillegg funksjon for våtmarksfugl.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep i elveutløpet.

## 128 Vistdalen: Gauprørfjellet, nedanfor Øvregardsetra (rikkjelder)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-128
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 4660-4673, 5668-5671
<b>Høgde over havet:</b>	440-480 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, kjelde og kjeldebekk
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ovanfor stigen til Øvregardssetra, det siste stykket frå vegenden til setra.

Rikmyr/rikkjelder dannar ein mosaikk med bjørkeskog og lyngmark. Det er eit relativt tynt jordsmonn over berget, som har gjort det vanskeleg å koma lenger med setervegen.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr (M2), rik kjelde av gulsildreutforming (N2a).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten startar omtrent like ved der ein nyleg anlagt seterveg sluttar. Eit steingjerde ved setra ligg innanfor det avgrensa området.

*Artsfunn:* Det vart funne m. a. bjønnbrodd, gulsildre, sotstorr, gullmyrklegg, gulstorr, loppestorr, fjellfrøstjerne, særbustorr, dvergjamne, fjelltistel, hårstorr, småengkall, grønstorr, trillingsiv, harerug, kvitmaure, enghumleblom, jåblom, skogmarihand, myraugnetrøst, kornstorr, svarttopp, kattedot.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre område med rikmyrvegetasjon og middels rikt artsutval. Rikkjelder er likevel sjeldne i distriktet.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Ei forlenging av setervegen langs seterstigen vil koma i konflikt med lokaliteten. Det er muleg å unngå dette viss ein legg vegen i ein sving vestover frå noko nedanfor enden av eksisterande veg, og kjem fram i øverkant av Øvregardssetra.

## 129 Vistdalen: Gauprørfjellet: Øvregardsetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-129
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 467 566-567
<b>Høgde over havet:</b>	460-490 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Øvregardssetra ligg oppe på fjellkammen sør for Gauprør. Setrene ligg i skoggrensenivå.

*Vegetasjon:* G4 frisk fattigeng, G3 sølvbunkeeng, innslag av finnskjegegeng og overgang mot alpin lesidevegetasjon (lyngheier) i utkantane.

*Kulturpåverknad:* Av hus er det 4 seterbuar og fleire fjøsmurar, lenger sør ligg ei steinbu og fleire steinmurar. Vegetasjonen ber preg av lengre tids beiting. I 2002 beita storfe (inngjerda av straumgjerde), og elles er det streifbeiting av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne m. a. småengkall, blåklokke, fjellmarikåpe, trollurt, gulaks, tepperot, setermjølke, musøyre, fjellfrøstjerne, fjelltimotei, harerug, blåkoll, smørtelg, lækjeveronika. Av sopp vart det funne gjødselringsopp og sitronkragesopp, begge lever på møkk og er vanlege.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt typisk setervoll for distriktet, men med einskilde kravfulle artar som fjellfrøstjerne. Lokaliteten tilfredsstillar kanskje ikkje krava til B.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

## 130 Vistdalen: Gauprørfjellet: Gauprørsetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-130
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 473 566
<b>Høgde over havet:</b>	500 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gauprørsetra ligg oppe på fjellkammen søraust for Gauprør, noko aust for Øvregardssetra. Av hus er det 2 seterbuar og eit fjøs.

*Vegetasjon:* Litt G4 frisk fattigeng og G3 sølvbunkeeng, innslag av finnskjeggeng og attgroing mot alpin lesidevegetasjon (lyngheier) og einerkratt.

*Kulturpåverknad:* Vegetasjonen ber preg av lengre tids beiting. I 2002 berre streifbeiting av sau.

Attgroingstendensar.

*Artsfunn:* Det vart funne m. a. gulaks, harerug, tepperot, fjellmarikåpe, fjellaugnetrøst, lækjeveronika. Av sopp vart det funne gjødselringsopp og sitronkragesopp, begge lever på møkk og er vanlege.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt typisk setervoll for distriktet. Lokaliteten tilfredsstillar truleg ikkje krava til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

### 131 Vistdalen: Langedalen: Hellesetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-131
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 449 512
<b>Høgde over havet:</b>	560 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.08.2001, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit større ope seterlandskap oppe på bronra på austsida av Langedalen.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), sølvbunkeeng (G3), finnskjeggeng (G1), ein del oppslag av einer. Mykje engkransmose i botnen

*Kulturpåverknad:* Stadvis bra beita av sau, men gror sakte att med einer, lyng og bregner. To nedramla fjøs, to intakte fjøs, fleire seterhus og ei ny hytte. Det går bilveg fram.

*Artsfunn:* Av planter vart det funne m.a. blåklukke, blåkoll, fjellaugnetrøst, skoggråurt og tyrihjem. To raudlista beitemarkssopp: limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* og lillagrå raudskivesopp *Entoloma porphyrophaeum*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større, rimeleg intakt seterlandskap som framleis vert beita, og med relativt intakt vegetasjon og artsinventar, inklusive to raudlista beitemarkssopp.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting, truleg er det også nødvendig å rydda einer og bregner for å hjelpe beitedyra å halda landskapet ope. Ein bør vera restriktiv med hyttebygging på sjølve vollen.

### 132 Vistdalen: Langedalen: Fallmyrslettet (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-132
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 4243 4939
<b>Høgde over havet:</b>	430 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.08.2001, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Ei mindre myr på øversida av vegen øvst i Langdalen, ca. 100 m lang. Dalføret har fleire flekker med intermediær og tildels middels rik myr. Det har ikkje vore tid til å undersøkje dette grundigare. Holten (1995) nemner også rikmyrer ved Fremre Grøvla, men desse er for usikkert stadfesta til ei sikker avgrensing.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr (M2).

*Kulturpåverknad:* Veg i nerkant, granplantefelt ligg inntil lokaliteten.



*Artsfunn:* Mest interessant var funn av orkidéen stortviblad. Elles vart det notert breiull, jåblom, myraugnetrøst, dvergjamne, bjønnbrodd, kornstorr, fjellfrøstjerne, kystmyrklegg, svartopp, fjelltistel, gulstorr, særbustorr og ubestemte marihender. Av mose vart det notert myrstjernemose, brunklomose, feittmose og rosetorvmose.  
*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre rikmyr (<50 dekar).

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

### 133 Vistdalen: Langedalen: Grøvelvjellet (rik fjellvegetasjon)

**Lokalitetsnummer:** 1543-133  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 417 502  
**Høgde over havet:** truleg 750-850 m, oppgjeve 850 m  
**Hovudnaturtype:** Fjell  
**Naturtype:** Kalkrike område i fjellet  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 31.08.1995, J. I. Holten (Holten 1995)

#### Områdeskildring

*Generelt:* I sørausthellinga av Grøvelvjellet har Holten (1995) funne overrisla engsnøleie med kalkkrevande planter. Oppgjeve posisjon og høgde over havet stemmer ikkje heilt med kvarandre, det er heller ikkje oppgjeve om posisjonen er i ED50 eller WGS84. Ein har derfor avgrensa skjønsmessig eit litt større område enn det punktet som er oppgjeve.

*Vegetasjon:* Rike engsnøleie (T3).

*Kulturpåverknad:* Ingen kjende.

*Artsfunn:* Holten nemner blankstorr, hårstorr, gullmyrklegg, fjellsmelle, fjellveronika, taggbregne, brearve, grannsilde, fjellskrinneblom, fjellfrøstjerne, fjellrapp og engkarse.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit område med kalkkrevande planter som kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

### 134 Vistdalen: Sandnes (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1543-134  
**Kartblad:** 1320 II Eresfjord  
**UTM (EUREF 89):** MQ 425 564  
**Høgde over havet:** 30 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av hevd, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 08.10.1993, GGa (Jordal & Gaarder 1993)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Parti med einerbakker ovanfor vegen ved Sandnes vest for Vistdalen. Tilstanden og avgrensinga er kontrollert ved passering i 2003.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), fuktig fattigeng (G1).

*Kulturpåverknad:* Området var i 1993 beita av sau, delar av det verka ugjødsla. Nokre delar var prega av sakte attveksing.

*Artsfunn:* Mest interessant var den sjeldne trolljordtunga *Geoglossum simile* (DC), som er knytt til fuktige beitemarker. Det vart vidare funne tre vanlege vokssopparter. Elles ingen sjeldne planter.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ei typisk beitemark for regionen med ein typisk flora, men ein raudlistart i låg kategori (jf. metodekapitlet).

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## 135 Vistdalen: Kjøvdalen: Bergsetsetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1543-135
<b>Kartblad:</b>	1320 II Eresfjord
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 475 482
<b>Høgd over havet:</b>	380-410 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Bergsetsetra ligg inne i den meir flate delen av Kjøvdalen. Dei nærliggjande Opdalssetra og Lensmannssetra vart undersøkte og registrerte, men vert ikkje behandla som lokalitetar i denne rapporten. Det verkar lenger sidan desse var i bruk, og vegetasjonen har endra seg meir i retning ordinær myr og bjørkeskog.

*Vegetasjon:* Litt G4 frisk fattigeng og G3 sølvbunkeeng, dels med blåbærinnslag, innslag av finnskjøggeng og attgroing mot alpin lesidevegetasjon (lyngheier) i kantane. Overgangar mot bjørkeskog og fattigmyr.

*Kulturpåverknad:* Vegetasjonen ber preg av lengre tids slått og beiting. I 2002 vart det berre observert streifbeiting av sau. Attgroingstendensar, oppslag av bjørk. Av hus er det særleg grunn til å framheva ei intakt høyløe lafta av fjellbjørk som ligg framafor setra (posisjon MQ 4752 4843). Som kulturminne er dette sjeldan i fylket (andre stader har eg sjølv berre sett det ved Myrasetra i Grøvudalen, Sunndal). 2 seterbuer og to fjøsmurar, setrene var skilde av ein steinmur. Høyløa var omgjeven av restane etter eit steingjerde.

*Artsfunn:* Det vart funne m. a. gulaks, harerug, tepperot, geitsvingel, blåklokke, fjellaugnetrøst, musøyre, ryllik. Av sopp vart det funne gjødselringsopp og sitronkragesopp, begge lever på møkk og er vanlege.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt typisk setervoll for distriktet, som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

## Område med dårlege data eller usikker status

Andres og egne undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøka vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningslinjer for grenseoppingar mellom C (lokalt viktig) og "ikkje lokalitet".

*Tabell 7. Område i Nesset kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten.*

Lokalitet	UTM	Kommentar
Bogge: Hagbøsetra	MQ 550-564, 555-564 ?	Holten (1979) skriv at mellom Hagbøsetra (550 m) og Skarven er det store areal med intermediær myr og flekkvis rike bakkemyrer. Registreringar i 2002 (Gaarder & Stenberg 2002) i øvre del av området gjev ikkje grunnlag for å kalle noko av myrane der for rike, det var mest fattige og intermediære myr. Eventuelle rikmyrer må ut frå det liggja nær Hagbøsetra. Det er funne gullmyrklegg, bjønnbrodd, tranestarr og litt gulstorr og fjellfrøstjerne. Usikker stadfesting og status.
Vistdalen: Oppdal	MQ 491 500	Avstandsobserverte slåttenger med ein del prestekrage nær riksvegen gjennom Vistdalen ved Oppdal, truleg lite jordarbeidd og gjødsla i seinare tid. Ikkje undersøkt.
Eikesdalsfjella: ved Løypåa	MQ 66 18?	Konservator Ove Dahl tok i 1892 ein avstikkar frå Lesja via Aursjøen til Finnset øvst i Eikesdalen. på turen bemerkta han ved Løypåa eit område med rik fjellvegetasjon, med reinrose, bergstorr, fjellfrøstjerne, rukkevier og det austlege fjellgraset rypebunke, som har få funn i Møre og Romsdal. Det er ikkje klårt nøyaktig kvar lokaliteten ligg, og avgrensing er uråd. JBJ fann 20.08.2004 berre ullvier og fjellsmelle.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Rød: Høvikelva	MQ 485-487, 615-623	Avstandsbetrakta 25.08.2002, JBJ. Langs Høvikelva på austsida av elva opp mot der terrenget flatar ut ved Høviksetra, finst eit område med eldre lauvskog. Skogen består av bjørk, osp, gråor, rogn, hassel og selje, og grensar til furuskog og granplantefelt. Det finst læger av dei fleste treslaga, ospegaddar, og elles nokså grov osp ovst i lia. Mosaikk mellom høgstaudebjørkeskog, storbregnebjørkeskog, lågurthasselskog og høgstaudeoreskog. Ikkje undersøkt.
Rødfjellet: Reitasetra	MQ 484 629	Undersøkt 25.08.2002, JBJ. Fellesfjøs og større område med fulldyrka og gjødsla eng og beite. Dei udyrka og ugjødsla områda hadde mosaikk mellom G3 sølvbunkeeng, G4 frisk fattigeng og G5 finnskjeggen. Spreidd med pen einer. Det vart funne m.a. gulaks, heisiv, amerikamjølke, geitsvingel, knegrass, kornstorr, bråtestorr, lækjeveronika, blåklukke og musøyre. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Kunne evt. vore tatt med verdi C.
Bogge: Hatlebakken under Prestaksla	MQ 520-547, 573-590	Undersøkt 03.07.1979 (Holten 1979). Blandingsskog med lauvskog og furu. Lauvskogen består dels av hassel. Litt gammal skog i øvre delar. Holten nemner ramslauk (kystplante, innergrense, 130-350 m), junkerbregne, lundgrønaks, myske, fingerstorr og sanikel. Av andre interessante artar vart det funne hasselmoldmose, puteglye og lungenever. Avstandsbetraktning 2004 tyder på at lokaliteten er dominert av furu og bjørk. Burde vore betre undersøkt.
Hoem: Hoemsetra	MQ 555-560, 360-369	Avstandsbetrakta 2001, JBJ. Større rasmarker i høgdelaget 100-300 meter under Hoemstind og Breidfontind frå Hoemssetra og nordover. Ikkje undersøkt.
Hoem: nord for Hoemsbu	MQ 559 378	Undersøkt av Hånde (1969) og raskt 02.09.2004, JBJ. Område med hasseldominert skog ved utløpet av Hoemsdalen nord for Hoemsbu, men sør for Hoemselva. Hånde (1969) karakteriserer vegetasjonen som <i>Asperulo Coryletum myrtilletosum</i> , altså ei relativt fattig utforming av hasselskog med ein del blåbær. Kunne vore avgrensa som edellauvskog med verdi C.
Eikesdalsvatnet: Ørnegeilet-Ljøsåna	MQ 447-455, 442-445	Undersøkt 20.09.1980 av JIH og 16.08.1996 av H. Solstad & H. H. Grundt (Fremstad & Elven 1997). Sørvendt lise ned mot Eikesdalsvatnet i nordenden. Skogen er ei blanding av lågurtfuruskog og edellauvskog med hassel og spreidd alm. Innslag av skogsvingel, skogfaks, lundgrønaks, lodneperikum, kransmynte, myske. Burde vore betre undersøkt, litt ufullstendige data og dårleg avgrensing.
Eikesdalen: Botnasetra	MQ 659 202	Undersøkt 06.09.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997). Rundt setra er det litt gras/urterik grasmarek beita av sau, dels finnskjeggdominert, men blåbærlyngen er på frammarsj. I området rundt er det blåbærbjørkeskog. Kunne ha vore avgrensa med verdi C.
Eikesdalen: NØ for Sætra	MQ 630 241	Undersøkt 03.08.1974 (Korsmo 1975). Lokaliteten består av gråor-heggeskog ved utløpet av Ramnåa. Busksjiktet består hovudsakleg av gråor, rogn, hegg og bringebær. Feltsjiktet er nokså sterkt dominert av turt. Forøvrig finst innslag av mjødukt, kvitsoleie og sølvbunke. Elles finst ein del stornesle og skogsvinerot. Lokaliteten kunne ha vore avgrensa med verdi C.
Eikesdalen: nord for Finnset	MQ 651 214	Undersøkt 08.10.1993, GGa (Jordal & Gaarder 1993). Naturbeitemark, tørrbakkepreg med bl. a. markjordbær og gjeldkarve, og har nokre hasselkjerr og spreidde almetre. Øvre delar verka ikkje gjødsla. Det vart funne to jordtungearter, noko som tydar på langvarig hevd. Det vart vidare funne tre vanlege vokssopparter. Ikkje tatt med pga. usikker stadfesting.

# RAUDLISTEARTAR OG ANSVARSARTAR

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

I tillegg er det nytta K=raudlistekandidat om artar som ikkje er med på raudlista, men kan vera aktuelle ved neste revisjon (gjeld i dette tilfellet skorpelav). For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Nesset. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Med større innsats i felt ville nok mange fleire funn av raudlisteartar bli gjort.

## Sopp

Det er kjent godt over 7000 soppartar i Norge, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1997). I Nesset er det kjent 67 raudlista soppartar, av desse 3 i kategori E (sterkt truga), 10 sårbare artar (kategori V), 27 sjeldan (kategori R) og 28 i kategori omsynskrevande (kategori DC). Dei fleste av desse er knytt til kulturlandskapet eller til edellauvskog med hassel eller alm. Mange artar er her nær eller på nordgrensa si i Noreg. Mange av artane er økologisk interessante artar, men det vil føra for langt å kommentera dei her.

## Lav

Det er kjent 2 raudlista lavartar frå Nesset, begge i kategori DC (omsynskrevande). Skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* er relativt hyppig på osp m.a. i Langfjorden. Skoddelav *Menegazzia terebrata* har sin einaste kjende vekseplass i fylket i Mardalen. I tillegg er det kjent fleire interessante skorpelavartar som kan vera aktuelle ved ein revisjon av raudlista.

## Planter

I Nesset er det kjent 3 raudlista planteartar (2 DC og 1 DM). Ein av desse (kvitkurle) er knytt til kulturlandskapet. Bruntelg og kvit skogfrue er knytt til skog.

## Mosar

I Nesset er det kjent 4 raudlista moseartar (2 E og 3 DM). Tagghinnemose *Plagiochila norvegica* som veks i Fressviklia har her den eine av to kjende lokalitetar i landet (Blom & Holten 1988), men det er ikkje heilt sikkert at dette er ein god art, det kan og vera ein mutant av eit eller anna slag (Lars Söderström, NTNU, pers. medd.). Dei tre andre er røtevedmosar. Av desse er grønsko *Buxbaumia viridis* og røteflik *Lophozia ascendens* ganske sjeldne artar, medan røteflak *Calypogeia suecica* synest å vera litt vanlegare i gammalskog i distriktet. Grønsko *Buxbaumia viridis* står og på Bernkonvensjonen sine lister. Han vart funnen i gammal skog på Boggestranda. I 2005 vart fakkeltvibladmose *Scapania apiculata* (E) funnen i Ugldalen i Eresfjorden.

## Insekt

